VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: **Formannskapet**
Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**
Dato: **16.08.2016**
Tid: **14:00 – Merk tida**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 130/16	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 131/16	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
PS 132/16	**Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017**
PS 133/16	**Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak**
PS 134/16	**Månadsrapport juni 2016**
PS 135/16	**Nye oppgåver til større kommunar – høyring**
PS 136/16	**Voldsfjordkryssing AS**
PS 137/16	**Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.**
PS 138/16	**Grendautvala 2016**
PS 139/16	**Politisk organisering – Driftsstsyre**
PS 140/16	**TV-aksjonen 2016 - oppretting av kommunekomitè**
PS 141/16	**Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel**
PS 142/16	**Kvinnepolitisk tiltak - løyving av midlar**
PS 143/16	**Orienteringssaker**
OS 106/16	**Hornindal kommune - Melding om vedtak - endra kommunestruktur**
OS 107/16	**Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020- Høyring**
OS 108/16	**Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur – høyring**
OS 109/16	**Referat frå møte med Møre og Romsdal politidistrikt 13.06.16**

VOLDA KOMMUNE

OS 110/16	**Tilsyn - Volda kommune Brannvesenet**
OS 111/16	**Lokale for NAV Ørsta/Volda**
OS 112/16	**Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige**
OS 113/16	**Invitasjon til Nasjonal veterankonferanse 2016**

PS 130/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 131/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Nina Kvalen	Arkivsak nr.:	2015/2566
		Arkivkode:	F30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
132/16	Formannskapet	16.08.2016
	Kommunestyret	28.06.2016

BUSETJING AV FLYKTNINGAR OG EINSLEGE MINDREÅRIGE I 2016 OG 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. ***Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.***
    a. ***6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.***
    b. ***2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringssenter.***

2. ***Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

3. ***Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.***

4. ***Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***

5. ***Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.***

Vedleggsliste:

1. Brev frå IMDi av 24.11.15: Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016.
2. Pressemelding frå IMDi av 07.07.16: Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017.
3. Rapporten: Busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Juli 2016.
4. PowerPoint-presentasjon om: Arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda. Noverande organisering. Mogleg framtidig organisering. Juli 2016.
5. Uttale frå minoritetshelseteamet av 17.06.16 om einslege mindreårige flyktningar.
6. Mandat av 06.01.16 for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta
7. Informasjonsbrev frå IMDi av 18.06.16: Om bosettingsarbeidet. 2. kvartal 2016.

Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 4/16 handsama i møte 28.01.16, om oppmoding av auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017.
- Orienteringssak 96/16 i formannsskapet 21.06.16 om utgreiinga av ev. auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

Samandrag av saka:

Volda kommune, og fleire andre kommunar, har lagt seg på same line og handsama busetjing av flyktningar og einslege mindreårige (EM) i to saker. Volda kommunestyre tok i januar 2016 stilling til busetjing av vaksne flyktningar og familiar. Når tenestebehov er grundig utgreidd og staten endeleg har avklart finansieringsordninga for kommunane for busetjing av EM, var intensjonen å leggje fram eiga sak om busetjing av denne målgruppa. Ei arbeidsgruppe har no ferdigstilt utgreiingsarbeidet og i vedlegg 3 til saka ligg *Rapport om arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar*, med tilhøyrande PowerPoint-presentasjon i vedlegg 4, som vart presentert for formannskapet i Volda i juni 2016.

Som følgje av auka tilstrøyming av flyktningar oppmoda Integrerings- og mangfolds-direktoratet (IMDi) i november 2015, kommunane om å ta imot fleire flyktningar i perioden 2016-2019. I kommunestyremøte 28.01.16, sak 4/16, vart det fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*

2. *Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*

Grunna færre asylsøkjarar til Noreg nedjusterte *Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger* i juni 2016, busetjingsbehovet for 2016 og 2017. Første halvår 2016 kom det 1678 asylsøkjarar til Noreg, ei nedgang på 64% samanlikna med same periode i fjor.

På bakgrunn av dette legg rådmannen fram ny sak med nedjustert oppmoding om busetjing av flyktningar og EM for 2016 og 2017, og meir fleksibilitet i vedtaket.

Saksopplysningar:
Nytt nasjonalt busetjingsbehov for 2016 og 2017
Busetjingsbehovet for 2016 var i november 2015 stipulert til minst 18 000, ei auke på 30% samanlikna med tidlegare oppmoding. For 2017 var busetjingsbehovet minst 21 000, ei auke på nær 60% samanlikna med tidlegare plantal. Det vart særleg vist til auka busetjingsbehov av EM: 4 400 i 2016 og 7 000 i 2017. På bakgrunn av dette vart Volda oppmoda om å busetje 40, inkl. 12 EM i 2016, og 45, inkl. 17 EM i 2017. Sjå vedlegg 1.

No er situasjonen endra. Det kjem færre asylsøkjarar til Noreg og i juni 2016 vart busetjingsbehovet nedjustert for 2016 og 2017. Det er varsla at endelege måltal for 2017 kjem i nytt oppmodingsbrev til kommunane i september 2016. Nytt busetjingsbehov kjem fram av pressemelding frå IMDi. Sjå vedlegg 2.

2016: Busetjingsbehovet er nedjustert med 2 000, frå 18 000 til 16 000 flyktningar.
For EM er behovet nedjustert med 2 590, frå 4 400 til 1 810.
2017: Busetjingsbehovet er nedjustert med 6 000-8 000, frå 21 000 til 13 000-15 000.
For EM er behovet nedjustert med 4 440, frå 7 000 til 2 560.

Sjølv om det skal busetjast færre enn tidlegare prognose, skal kommunane likevel busetje fleire flyktningar enn nokon gong. Særleg er det auka behov for busetjing av EM, og spesielt EM u/15. For 2016 har kommunane vedteke å busetje 1 000 fleire EM enn behovet på 1 810. For 2017 har kommunane vedteke å busetje 800 av 2 560 EM. IMDi ventar svar frå mange kommunar, som ikkje har teke stilling til kor mange EM dei vil busetje. Med bakgrunn i fleire vedtekne plassar enn busetjingsklare EM i 2016, samstundes som ein manglar plassar i 2017, vil IMDi be kommunane overføre plassane til neste år. Ved å overføre 1 000 plassar som er for mange i 2016, manglar IMDi kring 750 plassar før samla behov er dekt i 2017.

IMDi oppmodar kommunane om fleksibilitet i vedtaket både ift. busetjingsbehov og disponering av plassane mellom flyktningar og EM, og overføring av plassar frå eit år til eit anna. For kommunen er det også viktig å ha fleksibilitet m.a. i høve kapasiteten i tenesteapparatet, tilgang på bustader og uavklart finansieringsordning for busetjing av EM.

Nye nedjusterte oppmodingstal for Volda
I samband med nedjusterte busetjingsbehov og saksførebuinga, vart det avhalde telefonmøte 12.07.16 mellom regiondirektøren i IMDi Midt-Norge og Volda kommune. Regiondirektøren gav klarsignal om at IMDi nedjusterar oppmodinga til Volda for 2016 og 2017. IMDi ber Volda om å oppretthalde busetjing av 40 i 2016, derav inntil 10-12 EM. For 2017 er oppmodinga nedjustert med fem, frå 45 til 40, derav inntil 10-12 EM. Dvs. 5-7 færre EM enn tidlegare oppmoding frå november 2015. I tabellen under er ei samanstilling av oppmodinga frå IMDi i november 2015, og ny avtale med IMDi Midt-Norge i juli 2016 om nedjustert oppmoding til Volda for 2016 og 2017.

	Oppmoding November 2015			**Ny oppmoding Juli 2016**		
År	Vaksne / familiar	Einslege mindreårige (EM)	Totalt	Vaksne / familiar	Einslege mindreårige (EM)	**Totalt**
2016	28	12	40	**28-30**	**10-12**	**40**

2017	28	17	45	**28-30**	**10-12**	**40**

Grunna usikre prognosar for busetjingsbehov er det semje med IMDi om at det er fornuftig om Volda har eit meir fleksibilitet i busetjingsvedtaket. Ved å justere vedtaket til *å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 10-12 EM kvart av åra 2016 og 2017*, og tilføye *Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna*, vil ein sikre meir fleksibilitet.

Fleksibiliteten vil vere nyttig for kommunen for å kunne busetje ved ledig kapasitet i tenestene, gi rett teneste på rett nivå m.a. knytt til val av bu- og omsorgsløysing for EM, tilgang på bustader og tilgjengelege rammevilkår for busetjing av flyktningar og EM. I nemnde telefonmøte vart det frå kommunen si side peika på uro knytt til den usikre framtidige finansieringsordninga for EM, som følgje av at Regjeringa i statsbudsjettet for 2017 skal vurdere å innføre *stykkprisfinansiering*. Kommunane har ikkje informasjon om kva dette vil innebere, og bør ha fleksibilitet i vedtaket for busetjing av EM som følgje av dette.

Organisering av flyktningarbeidet i Volda
Ansvaret for busetjing og oppfølging av EM i Volda vart lagt under det regionale barnevernssamarbeidet til Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta frå 01.01.14, med Volda som vertskommune. Tidlegare låg EM-tenesta under seksjon innvandring, i samordnings- og utviklingsstaben. Staben vart lagt ned i omorganiseringsprosessen, og ansvaret for busetjing av vaksne flyktningar og familiar, og kvalifiseringsopplegg for desse, vart lagt til Volda læringssenter i sektor for opplæring og oppvekst. Tidlegare leiar for seksjon innvandring arbeidar i dag som spesialrådgjevar på innvandrings- og integreringsfeltet i rådmannens fagstab.

Busetjing av flyktningar og EM i Volda
I perioden 2010-2015 har Volda busett i snitt 6,7 EM kvart år, og totalt 40 EM. Hittil i år er det busett 23 flyktningar i Volda, derav tre EM. Majoriteten er busett frå Volda mottak og har skaffa seg bustad sjølve. Nokre få har fått formidla bustaden av tilsette på Volda læringssenter. Det er ikkje nytta kommunale gjennomgangsbustader til busetjing av flyktningar i år. Som følgje av at flyktningane skaffar seg privat bustad sjølve medan dei bur på asylmottak, går mykje av busetjingsarbeidet av seg sjølve. To EM o/18 år er busett gjennom Volda læringssenter, og skaffa seg bustad sjølve. Ein vart sambuar og flytta inn i eit privat leigd bufellesskap med ein tidlegare busett EM i Volda. Den andre flytta inn i eit privat leigd bufellesskap saman med to andre vaksne flyktningar, som vart busett tidlegare i år. Begge har bak seg ei tid i Volda: Først på Volda EMA-mottak (asylmottak for 40 einslege mindreårige flyktningar) då dei var under 18 år. Etter fylte 18 år flytta dei til Volda mottak. Den tredje er busett gjennom barnevernet og bur i Smiebakken bufellesskap. Det er soleis aktuelt både å busetje EM både gjennom EM-tenesta i barnevernet og gjennom Volda læringssenter.

Utgreiing av tenestebehov for auka busetjing av EM
Som følgje av oppmoding om auka busetjing av EM i kommunane vart det i møte mellom rådmennene og barnevernet den 11.12.15, sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane i barnevernssamarbeidet og barnevernet. Gruppa har vore leia av fagteamleiar for EM-tenesta i barnevernet og spesialrådgjevar innvandring og integrering i rådmannens fagstab. Gruppa fekk i mandat å sjå på *bu- og omsorgsløysingar*, *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal også ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar

optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid. Utgreiingsarbeidet er ferdigstilt, sjå vedlegg 3 og 4.

Auka busetjing av EM gjennom EM-tenesta i barnevernet
Konklusjonar frå utgreiingsarbeidet er at EM-tenesta i barnevernet har kapasitet til auka busetjing av EM i 2016 og 2017. For 2016 kan dei busetje ytterlegare 7-9 i Smiebakken bufellesskap, utover den eine som allereie er busett i år. Ein rår til å byggje vidare på og styrke eksisterande tiltak; *Smiebakken bufellesskap* og oppfølgingsteneste (OPP), og iverksetje nye tiltak ved behov som *vertsfamilie/husvert* og *gruppefosterheim.* Desse nye tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet, som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

Smiebakken bufellesskap: Har plass til 10 EM og må vere grunnbasen i det vidare arbeidet med busetjing av EM i Volda. Ved å styrke bufellesskapet med to årsverk, vil ein vere rusta til å ta i mot og jobbe intensivt med ungdomane, og etablere ein døgnbemanna kartleggings-bustad (B) og langtidsbustad (C/D) med åtskilt personalgruppe. Kartleggingsbustaden vil ha plass til fire EM, som vil bu der i om lag 3-4 mnd. Nokre vil bli vurdert som klare for å flytte direkte på hybel/i mindre bufellesskap, med oppfølging frå OPP. Andre vil flytte inn i langtidsbustaden med døgnbemanna oppfølging. I langtidsbustaden er det plass til inntil seks EM. Ein ser at med den bemanninga ein har i dag, der heile personalgruppa har kontakt med alle 10 ungdomane på huset, gir for lite stabilitet og tryggleik for ungdomane. Det må difor med jamne mellomrom bli sett inn forsterka bemanning. Å skilje butiltaket slik at ungdomane får halvert talet på vaksne dei må forhale seg, vil gjere ein stor skilnad. Ved auke i busetjingstalet vil det vere dei ungdomane som treng mest tryggleik og tettast oppfølging, som skal bu i bufellesskap utover kartleggingsperioden. Ein ser difor denne ressursauken som naudsynt for å lukkast. Skal ein lukkast med kartlegging i løpet av 3-4 mnd., er ein avhengig av å jobbe intensivt med få ungdomar. Det er også på grunn av dette naudsynt med auke i bemanningsnorm. Ein kan kartlegge inntil 10 ungdomar i året. Ungdomar som ikkje har behov for bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel/mindre bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket. Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel.

Oppfølgingstenesta (OPP): Er interkommunal og felles med Ørsta. OPP har i dag fem årsverk (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje OPP må styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje, samt butid i bufellesskapet. Ein tilrår å auke tenesta med 0,36 årsverk for Volda i 2016, dersom 10 skal busetjast i 2016. Vidare auke med opp til 3,28 nye årsverk for Volda i 2017 ved busetjing av inntil 17 EM. Dersom busetjingstalet for 2017 vert justert ned frå 17 til 10-12, vil behovet for auke i 2017 bli redusert tilsvarande.

Vertsfamilie/Husvert: Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, dersom det vert behov for dette. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim vektlegg at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for å lukkast med tiltaket.

Gruppefosterheim: Dersom det ut frå busetjingstalet i 2017 syner seg å vere behov, tek ein sikte på å prøve ut tiltaket gjennom å opprette ein gruppefosterheim med plass til to ungdomar. Skal ein busetje 17 i 2017, må minimum sju av desse flytte til vertsfamilie eller i gruppefosterheim. Ein er svært usikker på om ein får rekruttert nok vertsfamiliar og gruppefosterheimar på så kort tid. Vert talet justert ned til 10-12, vil det vere behov for berre 1-2 husvertar og gruppefosterheimar. Det vil vere behov for 0,5 årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av vertsfamiliar/husvertar og gruppefosterheimar.

Auka busetjing av EM gjennom Volda læringssenter
VLS har god erfaring frå busetjing av unge, einslege vaksne flyktningar på 18-19 år, og har som nemnd over allereie busett to EM o/18 år i 2016, som utløyser EM-tilskot og ekstra EM-tilskot. Konklusjonar frå utgreiingsarbeidet er at Volda læringssenter (VLS) har kapasitet til busetjing av 2-4 EM kvart av åra 2016 og 2017.

Ein vil nytte modellen Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år og eksisterande modell for busetjing av EM o/18 år, som ved busetjing av andre vaksne flyktningar, men ha ei tettare oppfølging av miljøarbeidar og programrådgjevar. Ved fylte 18 år startar vedkommande i introduksjonsprogrammet, seinast innan 3 mnd. etter busetjing. EM som blir busett gjennom VLS har ikkje barnevernsvedtak, og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

EM som skal busetjast gjennom VLS bør vere minst 17 ½ år på busetjingstidspunktet, og vere klare til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne i lag med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe. VLS lang og god erfaring med å busetje flyktningar som allereie har bak seg ei tid i kommunen. I tillegg er desse allereie: Elevar ved VLS (grunnskule / norskopplæring), er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda. VLS meiner det særleg er aktuelt å busetje EM frå eit av mottaka i Volda: EMA-mottaket el. Volda mottak, og vil gjerne etablere eit like tett og godt samarbeid med Volda EMA-mottak, slik dei har med Volda mottak.

VLS vil bruke EM-tilskotet og ekstra EM-tilskot som følgjer med aktuelle EM dei buset til å dekkje utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt introduksjonsstønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar ifm. busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

Busetjing frå Volda mottak
Opp mot ¾-del av flyktningane som er busett i Volda dei siste åra er busett frå Volda mottak. No er Volda vertskommune for to asylmottak; eitt for vaksne og familiar og eitt for einslege mindreårige. Fleire tenester har svært gode erfaringar med å busetje frå Volda mottak. Mange av bebuarane skaffar seg bustad sjølve medan dei bur i mottak, og busetjingsarbeidet går difor i stor gra av seg sjølve. Hittil i år er det busett 24 flyktningar, og berre ein kommunal gjennomgangsbustad er nytta til ein familie på fem personar. Ein er busett i bufellesskap for EM, medan dei andre har flytta inn i private bustader. Barn i mottak går i barnehage og grunnskule i Volda. Dei vaksne går på norskopplæring på Volda læringssenter, og alle bebuarane har vore til helsekontroll og får oppfølging av helsesøster og lege i Volda. Det er difor frå fleire sektorar i tenesteapparatet ønskje om at det også for framtida vert lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Dette vil avlaste fleire tenester i kommunen. For den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og andre linetenesta, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Sjå også under helseretta tiltak i vedlagde rapport om arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

Vurdering og konklusjon:
Kommunane har fått oppmoding om vesentleg auke i busetjing av flyktningar og einslege mindreårige. Dette er ei svært viktig oppgåve som kommunen ønskjer å ta på alvor. Det er behov for grundig utgreiing av hjelpebehov for einslege mindreårige og tiltak sett i eit heilskapsperspektiv. Det er behov for kapasitet og kompetanse til å kartleggje hjelpebehov, og kommunane må ha fleksibilitet og kapasitet til å tilby gode tenester for å sikre stabilitet

hos den einskilde når det gjeld gode og trygge bu- og omsorgstilbod, fysisk og psykisk helse, og kvalifiseringsopplegg.

Rådmannen er positivt innstilt til at Volda kommune skal ta i mot flyktningar til busetjing, men må vurdere dette opp mot den statlege finansieringsordninga. Staten utgreier i dag endringar i finansieringsordninga til kommunane for busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Dette skaper stor usikkerheit hos kommunane. Rådmannen vil vere trygg på at vi kjenner dei økonomiske vilkåra når vi skal gi innstilling til kommunestyret om kor mange flyktningar og einslege mindreårige kommunen kan ta i mot. Rådmannen tilrår at ramma for vedtaket vert justert til busetjing av *inntil 40 flyktningar kvart av åra 2016 og 2017, derav inntil 8-11 einslege mindreårige.* Kvart av åra skal 6-7 einslege mindreårige busetjast av EM-tenesta i barnevernet, og 2-4 av Volda læringssenter. Tilrådinga er noko lågare knytt til tal einslege mindreårige, enn oppmodinga frå IMDi Midt-Norge frå juli 2016. Samstundes aukar Volda kommune busetjingskapasiteten i høve tidlegare års vedtak, både i høve tal flyktningar og einslege mindreårige som skal busetjast i 2016 og 2017.

Fleksibiliteten i vedtaket er knytt til busetjingsbehov med eit «inntil-vedtak», overføring av plassar frå eit år til eit anna og disponering av plassane mellom vaksne flyktningar, familiar og einslege mindreårige og busetjing i ulike tenester (EM-tenesta/læringssenteret). Rådmannen vil disponere plassane ut i frå kapasitet i kommunale tenester, tilgang på bustader, og innafor rammevilkåra frå staten for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige, derav finansieringsordninga for busetjing av einslege mindreårige.

Gjeldande busetjingsvedtak for 2016 er sett til 28 vaksne flyktningar og familiar. Familiesameiningar og ev. busetjing av einslege mindreårige kjem i tillegg. Hittil i år er det busett 24 flyktningar, derav tre EM i Volda. For å kunne busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 EM, må ein busetje ytterlegare inntil 16 flyktningar, derav inntil 5-8 EM. Det er kapasitet til å busetje desse gjennom EM-tenesta i barnevernet og Volda læringssenter. Smiebakken bufellesskap vil allereie frå august gå med underbelegg. Begge tenestene melder også om kapasitet til å busetje tilsvarande busetjingstal i 2017. Rådmannen meiner det særleg er aktuelt å busetje flyktningar frå mottaka i Volda. Dette vil avlaste fleire tenester i kommunen, og for den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og andre linetenesta i Volda, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet.

Rådmannen meiner det er viktig med ein stabil base til arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar i kommunale tenester, og unngå minst mogleg opp- og nedbygging av tenesteapparatet i takt med auka og nedjusterte busetjingsbehov. Det er busett mange einslege vaksne flyktningar siste åra, og nokre har ektefelle og barn i heimlandet. Ein må forvente noko familieinnvandring til desse, sjølv med nye innstrammingskrav for familiesameining. I april vart kommunale tenester sist styrka til arbeidet med flyktningar og asylsøkjarar. Minoritetshelsearbeidet, Volda læringssenter og biblioteket, fekk styrka sine tenester, og det vart oppretta fleire lærlingstillingar i kommunen.

I den vedlagde rapporten om arbeidet med einslege mindreårige ber EM-tenesta i barnevernet om auka driftsbudsjett, auka ressursar til å etablere kartleggingsbustad for å handtere auka busetjing og sikre meir stabilitet og tryggleik for ungdomane, og auka ressursar til oppfølging av auka tal EM på hybel/i mindre bufellesskap. Volda læringssenter ber om å få nytte tilskota som følgjer med EM dei buset til å dekkje utgifter til livsopphald, etablering, aktivitetar og oppfølging av EM på ettermiddag/kveld. Rådmannen meiner det er staten ved UDI sitt ansvar å sørgje for god kartlegging av flyktningar og einslege mindreårige før dei vert busett i kommunane. Rådmannen kan ikkje tilrå å bruke mykje ressursar på å byggje opp ein kartleggingsbustad i ein liten kommune som Volda, for å auke busetjingskapasiteten og ta i

mot fleire einslege mindreårige. Det er auka behov for å busetje flyktningar i år og neste år. Om 2-3 år kan situasjonen vere ein annan, og ein må ev. bygge ned att tiltaka ein byggjer opp no. Rådmannen meiner ressursane må brukast mest mogleg kostnadseffektivt, både i stat og kommune. Om flyktningane vert godt kartlagt i mottaka kan ressursane lokalt brukast til å byggje opp eit solid busetjings- og integreringsapparat, som gir tett og god oppfølging i dei ulike bu- og omsorgstiltaka. Det er dei større kommunane som i større grad må dimensjonere opp for betydeleg auka busetjing av einslege mindreårige. Små kommunar som Volda vil vere for sårbare i slike opp- og nedbyggingar, og bør sikte mot meir stabilitet i busetjings- og integreringsarbeidet. Rådmannen vil følgje opp denne saka nærare med UDI og KS.

Som følgje av dette og tilråding om busetjing av færre einslege mindreårige i EM-tenesta enn det er teke høgde for i rapporten om arbeidet med einslege mindreårige, vil rådmannen at EM-tenesta i barnevernet ser nærare på behovet for dimensjonering og sjå på behovet for styrking av tenesta på nytt. Rådmannen vil kome attende med sak til formannskapet om å nytte auka tilskot frå staten som følgje av auka busetjing, til styrking av driftsbudsjettet og tiltak for flyktninggruppa. Grunna usikre prognosar for busetjingsbehov og sidan staten ikkje endeleg har avklart korleis finansieringsordninga for busetjing av EM vil vere frå 2017, meiner rådmannen at det er for mange usikre faktorar til å kunne byggje opp drifta på noverande tidspunkt, for så å måtte byggje ned att når busetjingsbehovet går ned.

Flyktningintegreringa skal skje innafor tilskotsramma kommunane får frå staten. Det er eit nasjonalt ansvar å leggje til rette for at kommunane blir sett i stand til å byggje opp eit apparat som kan handtere dei utfordringane ein står overfor i arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige, og gode bu-, omsorgs- og kvalifiseringstiltak for desse, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innafor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

TEMAOMRÅDE:	*MÅL:*	*STRATEGI:*
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.	Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge. Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.	Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen. Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs. Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø. Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.
Folkehelse	Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar.	Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule. Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine

	Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.	eigne evner, interesser og sjølvbilete. Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene. Volda kommune skal ha eit godt omdøme. Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.	Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats. Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen. Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar. Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar. Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

Helse og miljøkonsekvensar:
Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:
Integreringstilskotet vert utløyst for flyktningar og familiesameinte dei fem første åra dei er busett i kommunen. For einslege vaksne utgjer tilskotet kr 234 000 i busetjingsåret, og kr 767 000 over fem år. For EM utgjer tilskotet kr 184 000 i busetjingsåret, og totalt kr 717 400 over fem år. Integreringstilskotet vart auka i korrigert budsjettsak i kommunestyremøte i juni 2016 med kr 140 000, frå 25 825 000 til 25 965 000. Ved busetjing av 40 flyktningar i 2016 vil tilskotet auke med ytterlegare om lag kr 3 mill., til kr 28 968 500, for 172 flyktningar og familiesameinte. I tillegg vil kommunen få eit *ekstra integreringstilskot* på kr 50 000 pr. busett person utover opphavleg oppmoding på 30 i 2015. Ved busetjing av 40, vil kommunen få kr 500 000 i ekstratilskot integreringstilskot i 2016. Samla utgjer integreringstilskota ei inntekt for kommunen på kr 29,5 mill. i 2016.

EM-tilskotet vart auka i korrigert budsjettsak med kr 897 500, frå kr 3 312 000 til kr 4 191 500 i 2016. Dette inkl. 16 busette tidlegare år og busetjing av fem i 2016, samt ekstra EM-tilskot for desse. Ytterlegare busetjing av 3-6 (til totalt 8-11) EM i 2016 vil utgjere ei auke i tilskotet på mellom kr 155 250 - 310 500 i 2016. *Ekstra EM-tilskot* på kr 100 000 er eit eingongstilskot som vert utløyst pr. person som vert busett i 2016. Det er varsla at tilskotet også vil utløysast for EM som vert busett i 2017. Skal Volda busetje 8-11 EM vil ekstratilskotet utgjere mellom kr 800 000 - 1 100 000 i 2016. Samla vil EM-tilskota utgjere mellom kr 5 146 750 – 5 602 000 i 2016. Det er vanskeleg å lage eit eksakt budsjett på tilskotet, då dette vert utløyst frå og med busetjingsmånaden. Sjå også vedlegg 4 for oversikt over tilskota for busetjing av EM.

For bu- og omsorgstiltak til EM som har barnevernsvedtak, vert det søkt refusjon til Bufetat dersom utgifter til tiltak for den einskilde overstiger kommunal eigendel. Refusjonen dekker 80% av driftsutgiftene, etter fråtrekk av kommunal månadleg eigendel på kr 17 100 pr.

person. Rekneskapen for 2015 viser at Volda hadde kr 4,3 mill. i utgifter til EM-tenesta. EM-tilskotet utgjorde i underkant av kr 3.3 mill. Kommunen måtte bruke kr 1,1 mill. av integreringstilskotet til å dekke opp utgiftene. Inkludert i rekneskapen er også om lag kr 1,4 mill. inntekt frå særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov. Rekneskapen for 2015 viser at EM-tenesta i Volda kjem betre ut enn EM-tenesta i Ørsta rekneskapsmessig. Dette forklarast med at Volda hadde inntekter frå det særskilde ekstratilskotet, noko Ørsta ikkje hadde. Ørsta måtte difor bruke 2,5 mill. av integrerings-tilskotet til å dekke utgiftene til sin EM-teneste, medan Volda måtte bruke kr 1,1 mill. Sjå også vedlegg 4.

Volda kommune sin kapasitet i tenesteytinga er tilpassa busetjing av 140 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårs periode. Auka busetjing krev at ein styrker kommunale tenester i flyktningarbeidet.

Det er ein risiko for auka busetjing av einslege mindreårige, knytt til usikkerheit kring finansieringsordninga frå staten til arbeidet med målgruppa. Det er også ein risiko om kommunen får ekstratilskot i åra framover som kan vere med på å finansiere drifta av EM-tenesta. Før fråtrekk av særskild ekstratilskot for busetjing av ressurskrevjande brukarar i 2015, og etter fråtrekk av refusjonen frå Bufetat og EM-tilskotet, hadde kommunen ein utgift på EM-tenesta på kr 2,5 mill. Grunna ekstratilskot på kr 1,4 mill., måtte kommunen bruke kr 1,1 mill. av integreringstilskotet til å finansiere underskotet. Sjå rekneskap for EM-tenesta i Volda i rapporten om arbeidet med einslege mindreårige flyktningar.

Vidare er det ein risiko om ein ikkje lukkast med å få flyktningane over i ordinær utdanning og arbeid, og bli økonomisk sjølvhjulpen, innafor tilskotsperioden på fem år. Rådmannen vil difor vurdere at det vert avsett noko av tilskotsmidlane på fond for å møte ev. utfordringar seinare år.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen utover det som går fram av saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
IMDi Midt-Norge, imdimidtnorge@imdi.no
IMDi, post@imdi.no
KS v/Nina Gran, nina.gran@ks.no
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Sektor Opplæring og oppvekst, her.
Volda læringssenter, her.
Barnevernstenesta, her.
Helsestasjonen, her.
Sektor Helse og omsorg, her.
Rus- og psykisk helseteneste, her.
NAV Ørsta/Volda, her.
Eigedomsavdelinga, her.

Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Kjøpmannsgata
ved nr 32,
Trondheim

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

VOLDA KOMMUNE
RÅDHUSET
6100 VOLDA

Komm.nr.: 1519

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

DYKKAR REF	VÅR REF	DATO
	06-01920	24.11.2015

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, førar til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare samla har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil være behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein særs stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. I 2014 vart det busett 536 einslege mindreårige (EM) i Noreg. Berre nokre av kommunane vart oppmoda om å busette EM. Behovet i 2016 er meir enn åttedobla frå fjoråret. IMDi må difor oppmode dei fleste kommunane om å busette einslege mindreårige. Og dei som har busett EM tidligare, må verte oppmoda om å busette mange fleire.

IMDi ber kommunar som ikkje blir bede om å busette dei yngste EM – og likeins kommunar som ikkje i det heile teke er oppmoda om å busette EM – om å vise god vilje til samarbeid når Bufetat skaffar fosterheim i kommunen. Alle kommunar kan også gjere ein aktiv innsats ved å vere formidlar av kontakt mellom moglege fosterfamiliar for EM og Bufetat.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å ta imot 40 flyktningar i 2016, kor av 12 er einslege barn og unge.

IMDi ber ikkje kommunen om særskilt å ta imot EM under 15 år. Men behovet er stort og denne gruppa burde raskt få eit tilbod i ein kommune. Om kommunen ser det som mogleg også å busette nokre einslege mindreårige under 15 år, ta kontakt med IMDi om dette.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:

- **Minst 45 flyktningar i 2017, kor av minst 17 er einslege barn og unge.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. IMDi vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

IMDi understreker betydinga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje fattast vedtak som inkluderer familiesameinte eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle busettingsplassane, skal plassar som ikkje er vorte brukt overføras til kommande års busetting.

Økonomi og rammevilkår
I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming føreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med 100 000 kroner per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen ble oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider (www.imdi.no).

Kommunar som busett einslege mindreårige, vil få vanleg integreringstilskot for kvar EM som vert busett. Og i tillegg det særskilde tilskotet ved busetting av EM som i 2015 var kr 191.300 per born. Det særskilde tilskotet får kommunen frem til og med 20 års alder for kvar EM. For komande år føreslår regjeringa altså også å auke dette tilskotet med kr 100.000 for kvar EM i busettingsåret 2016. Busette einslege mindreårige vil også telle med i det samla talet som kan gje ekstratilskot på kr 50.000; sjå over.

Kontakt med IMDi om oppmodinga
Kommunen kan ta kontakt med IMDi i tida fram mot vedtak. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge ved Fiffi Namugunga; e-post fina@imdi.no eller telefon 902 88 531.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til IMDi post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Venleg helsing
for Intergrerings- og mangfaldsdirektoratet

Rune S Foss
regiondirektør IMDi Midt-Norge

Fiffi Namugunga
sakshandsamar

Kopi:
Fylkesmannen

IMDi
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017

Både i år og neste år vil det være behov for å bosette færre flyktninger enn først antatt. Likevel skal kommunene de to årene ta imot flere enn noen gang. Utfordringen framover gjelder særlig bosetting av enslige mindreårige flyktninger under 15 år.

Sist oppdatert: 7. juli 2016

Det er Nasjonalt utvalg for mottak og bosetting som fastslo det nye behovet på møtet sitt 24. juni.

Når målet i år

Utvalget har justert ned antallet flyktninger som skal bosettes i år fra 18 000 til 16 000. Til tross for at få flyktninger var klare til å bli bosatte ved starten av året, regner IMDi med å bosette alle 16 000 i år. Det blir ny rekord i antall bosatte på ett år.

– Kommunene fortjener stor takk for viljen og evnen til å bosette alle det er behov for, sier IMDis direktør Geir Barvik som også leder Nasjonalt utvalg.

Endelig tall for 2017 kommer i september

Utvalget reduserer også behovet for hvor mange som må bosettes i neste år, fra 21 000 til 13 000–15 000. Endelig måltall for 2017 vil bli presisert i anmodningsbrevet til kommunene som sendes ut i september.

– Slik det ser ut nå, vil også behovet for å bosette flyktninger i 2018 og framover, ligge lavere enn i år og neste år, men det er knyttet stor usikkerhet til en slik vurdering, sier Barvik.

Det lavere behovet har sammenheng med det lave antallet asylsøkere som nå kommer til Norge og antallet asylsøknader UDI rekker å behandle.

Samtidig er behovet for integrering for de mange som blir bosatt stort og økende.

– Å bli bosatt er bare første ledd i kjeden for å bli integrert. Kvalifisering, utdanning, arbeid og deltagelse i lokalsamfunnet blant annet gjennom frivillige organisasjoner, er helt nødvendige videre skritt. Når rekordmange blir bosatt, ligger det i kortene at flere krefter må settes inn på integreringsarbeidet, sier Barvik.

Færre enslige mindreårige nå, flere neste år

Også behovet for å bosette enslige mindreårige flyktninger i år er mindre enn først antatt. Det nye tallet er 1 810. Kommunene har vedtatt plasser for 1 000 flere.

Neste år trenges adskillig flere hjem til unge under 18 år: Det vil være behov for å bosette 2 560 enslige mindreårige flyktninger. Så langt er kommunene klare til å ta imot drøyt 800 neste år, men mange kommuner har ennå ikke tatt stilling til hvor mange enslige mindreårige de vil bosette.

Ber kommunene overføre plasser til neste år

– Mange kommuner har vist imponerende vilje til å bosette enslige mindreårige flyktninger. I år vil de ta imot flere enn det nå er behov for. Samtidig mangler plasser for de som skal bosettes i 2017. Vi ber derfor kommunene om å overføre plasser som er for mange, til neste år, sier IMDis direktør Geir Barvik.

Ved å «overføre» tusen plasser til neste år, mangler bare rundt 750 plasser før det samlede behovet er dekket.

– IMDi har stor tro både på kommunenes evne til å være fleksible og til å ville dekke behovet for bosetting av enslige mindreårige flyktninger i år og neste år, sier Barvik.

De minste den største utfordringen

Det er særlig krevende å finne nok plasser til enslige mindreårige flyktninger under 15 år. 430 barn skal bosettes i år, og det mangler ennå rundt 60 plasser til disse. Neste år skal 770 under 15 år bosettes.

– IMDi vil i dialog med kommunene spesielt ta opp hvor viktig det er å skape nye hjem for de yngste av flyktningene, sier IMDis direktør Geir Barvik.

Nyhetsbrev

Få de viktigste oppdateringene fra IMDi direkte i innboksen din. Vi informerer om endringer i lovverk, kurs og arrangementer, nyheter og nye rapporter.

Din e-post

Få nyhetsbrev

BUSETJING AV EINSLEGE

MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR

JULI 2016



VOLDA KOMMUNE

BARNEVERNSTENESTA
HAREID-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

Innhald

Bakgrunn 4
Nasjonale busetjingsbehov 5
Nytt nasjonalt busetjingsbehov for 2016 og 2017 pr. juni 2016 5
Fleksibilitet i busetjingsvedtaket 5
Busetjing av EM i kommunane/oppmoding om auka busetjing 5
Busetjing av EM gjennom EM-tenesta i barnevernet 6
Noverande organisering av EM-tenesta i Volda og Ørsta 6
Noverande bu- og omsorgstilbod for EM i Volda og Ørsta 6
Heildøgns bemanning i bufellesskap 6
Oppfølging på hybel av oppfølgingstenesta (OPP) 8
Alternative ordningar ved auka busetjing i 2016 og 2017 8
Busetjing direkte på hybel/bufellesskap u/døgnbemanna oppfølging 8
Vertsfamilie/husvert 9
Fosterheim 10
Gruppefosterheim 11
Heildøgns bemanna kartleggingsbustad 11
Bufellesskap u/heildøgns bemanning 12
Val av bu- og omsorgsløysing for busetjing av EM u/15 år 13
Busetjing av EM på folkehøgskule 13
Busetjing av EM gjennom Volda læringssenter 14
Busetjing av EM o/18 år 14
Introduksjonsprogram for EM o/18 år busett gjennom VLS 14
Busetjing av EM u/18 år 14
Busetjing av EM frå Volda EMA-mottak/Volda mottak 15
Finansiering 15
Individstønad til EM m/barnevernsvedtak 15
Bidragsforskot/barnetrygd 15
Stipend/lån 15
Bustønad 15
Faglege utgreiingar 16
Kartlegging og miljøterapeutisk arbeid 16
Planarbeid 17
Administrative/økonomiske utgreiingar 17

Kostnadsoverslag 2016 i Volda: Noverande og mogleg ny organisering 18
Kostnader døgnbemanna bufellesskap for fire EM (Ørsta) 18
Kostnader døgnbemanna bufellesskap for 4+4+2 EM (Volda) 18
Detaljert kostnadsoverslag ulike tiltak i Volda og Ørsta 19
Turnusmodellar i EM-tenesta 20
Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar 20
Samanstilling av 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i bufellesskap for 4 EM 21
Finansiering og tilskot 22
Oversikt over tilskot for busetjing av EM i 2016 22
Integreringstilskot: 22
EM-tilskot: 22
Ekstra EM-tilskot i 2016 og 2017: 22
Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov 23
Refusjon for bu- og omsorgstiltak for EM gjennom Bufetat 23
Rekneskap EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015 24
Kvalifiseringstiltak for EM i Volda og Ørsta 26
Skulegang 26
Arbeid/praksisplass 27
Fritidsretta tiltak og aktivitetar 27
Helseretta tiltak 28
Oppsummering - Barnevernstenesta sitt framlegg til organisering 29
Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing i Volda 30
Bufellesskap: 30
Oppfølgingstenesta: 30
Vertsfamilie/Husvert: 30
Gruppefosterheim: 30
Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing av EM i Ørsta 31
Bufellesskap: 31
Oppfølgingstenesta: 31
Vertsfamilie/Husvert: 31
Fosterheim: 31
Felles for Volda og Ørsta 32
Framlegg til busetjing av auka tal EM gjennom Volda læringssenter 32
Vedlegg og referansar 33

Bakgrunn

Dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet; Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, har fått førespurnad frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) om auka busetjing av einslege mindreårige flyktningar (EM) i 2016 og 2017. Ørsta og Volda kommunar har busett EM sidan 2009/2010. Frå 01.01.14 vart ansvaret for bu- og omsorgstenester for EM lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, med Volda som vertskommune. Dei tilsette i EM-tenesta i Ørsta vart overført til vertskommunen Volda.

Som følgje av oppmodinga om auka busetjing av EM vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå alle fire kommunane og barnevernet, i møte 11.12.15. Gruppa har vore leia av fagteamleiar for EM-tenesta i barnevernet og spesialrådgjevar innvandring og integrering i rådmannens fagstab i Volda. Gruppa fekk i mandat å sjå på *bu- og omsorgsløysingar*, *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal også ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid.

I barnevernet er arbeidet organisert i eige EM-hjelpetiltaksteam. Bu- og omsorgsløysingar som i dag er tilgjengeleg for EM med barnevernsvedtak er: *1) Bufellesskap med heildøgns bemanning* og *2) oppfølging på hybel/i mindre bufellesskap* når EM flyttar ut av bufellesskapa. Det har også vore tilfelle av *3) slektsplassering* med oppfølging av personale i EM-tenesta og plassering i *4) fosterheim*. Ørsta har i dag to bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til fire EM i kvar. Volda har eit bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til inntil 10 EM. Begge kommunane har hatt eiga oppfølgingsteneste, som frå oktober 2015 vart slått saman og driftast i dag på tvers av kommunane.

Ulstein og Hareid kommunar har signalisert at dei ikkje planlegg å busetje EM gjennom barnevernet, slik Volda og Ørsta gjer. Hareid ser på løysingar innafor anna kommunal tenesteyting, og Ulstein har meldt frå om at dei vurdere busetjing av EM på Sunnmøre folkehøgskule i Ulstein kommune. Det har difor vore naturleg at arbeidet i Volda og Ørsta vert hovudfokus i denne rapporten.

Fafo ga i 2015 ut ein rapport om "Arbeidstid i barnevernsinstitusjonene". Kort oppsummert viser analysen at både leiinga og tilsette ser at kva turnus ein vel har stor betyding for stabilitet og kontinuitet i tenestetilbodet til ungdomen: "Langturnus underbygger institusjonen som et hjem for ungdommen, og det gir ansatte muligheter til å bygge relasjoner til ungdommen på andre måter enn det ordinær turnus gjør. Medleverne i studien legger stor vekt på at turnusen legger rammer for å gjøre et godt miljøterapeutisk arbeid" (s.83). Vidare seier rapporten at ungdomane rapporterer slik: "Vurderingene var oftest at medleverordninger førte til forutsigbarhet og stabilitet. De vurderte det som positivt at de ikke hadde så mange voksne å forholde seg til… de vurderte også ordinær turnus som mindre gunstig når de sammenliknet denne med medleverordningen" (s. 96).

Tredelt turnus "stel" tid frå direktekontakt med ungdomane også fordi ein må ha overlapping tre gongar per døgn, framfor tre gongar pr. veke som i medlevarturnus. Dersom ein skal endre grunnturnusen i bustadane, vil dette vere eit omfattande arbeid, som ein ikkje kan kome inn på i ein slik rapport. Ved ei eventuell utviding av tiltaket, må ein sjå på ulike måtar å organisere turnusen på. Ein må også gjere vurderingar knytt til kompetansekrav hjå dei som skal tilsetjast. Tabellen under viser oversikt over bemanning i 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i eit bufellesskap med plass til fire ungdomar, slik dei har i Ørsta kommune.

Samanstilling av 3-delt turnus og medlevarturnus m/støtteturnus i bufellesskap for 4 EM

	3-delt turnus	**Medlevarturnus m/støtteturnus**
Tal årsverk	7,9	6,8
Tal stillingar	16	9
Tal vaktbytte pr. veke	21	3 medlevarar +7 kveldsvakter
Tal personar pr. døgn	5	3
Ubekvemstillegg pr. år: Kveld/natt	6 289 timar	7 177 timar
Helg	3 943 timar	3 638 timar
Totalkostnader:	**Kr 5 530 000**	**Kr 4 760 000**

Kommentarar til tabellen:

Medlevarturnus: Ei medlevarline er samansett av fire årsverk fordelt på fire tilsette. Årsaka til at medlevarturnus utløyser fleire timar på kveld/natt pr. år enn tredelt turnus, er at dei har 1:1-betaling på natt. Ved uro på natt utløyser ein ikkje utrykking på kvilande vakt. Dei som arbeidar i medlevarturnus er soleis tilgjengelege for arbeidsgjevar tilsvarande ei 122% stilling.

Støtteturnus til medlevarturnus: Består av 1,8 årsverk, fordelt på 3 tilsette. Ein har kveldsvakt mån-tor kl 15.30-23.00 og fredag 15.30-23.30. I helgane har ein vakt på laurdag kl 14.00-00.00 og søndag kl 13.00-23.00. Dette gir arbeid kvar fjerde helg.

3-delt turnus: Her er timane fordelt slik: Kl 22.30 – 08.00: Aktiv teneste i tidsrommet kl 22.30-00.00 og kl 07.00-08.00. Kvilande tid (betaling 1:3) i tidsrommet kl 00.00-07.00. Ved uro på natt som fører til at nattevakt må rykke ut, medfører dette utrykking på kvilande vakt, jf. lov- og avtaleverk.

I medlevarturnusen er det lagt opp til at ein skal ha personale på dagtid. Medlevarane har krav på to timar kviletid i løpet av eit døgn. Desse vert tekne medan EM er på skulen. I tillegg vert tida nytta til overlapping, journalføring/lesing, planarbeid, kartleggingsrapportar, samarbeidsmøte med andre instansar, personalmøte, rettleiing, innkjøp, førebuing av busetjing, førebuing til utflytting av bufellesskap, kontakt med/besøk på EMA-mottak, framskaffing av hyblar, planlegging av ettermiddag/kveld etc. Ein har også i samband med busetjing av nye EM ein periode der dei ikkje har skuletilbod, og er heime på dagtid. Ved høgare gjennomstrøyming i bufellesskapa vil det verte fleire slike periodar med ungdom heime i løpet av året. Høg grad av inn-/utflytting gjer at ein har kontinuerleg arbeid med kartlegging og førebuing av inn-/utflyttingar. Om ein samanliknar med bufellesskap der det er lite gjennomstrøyming av bebuarar, som til dømes i omsorgsavdelingane, ser ein at EM-bufellesskapa har fleire arbeidsoppgåver som må handterast på dagtid. Dersom ein ikkje har bemanning på dagtid, vil dei oppgåvene som no løysast på dagtid måtte gjerast på kveldstid medan ungdomane er heime. Dette vil føre til mindre tid til oppfølging, kvalifisering, leksehjelp, miljøterapeutisk arbeid etc.

Tabellen viser at det ikkje er noko å spare på ein tredelt turnus framfor dagens turnus med medlevar m/støtteturnus. Der er fleire ulike turnusar ein kan nytte. Til dømes nyttar Larvik og Molde ei løysing som ligg mellom 3-delt turnus og medlevarturnus. Dei har lange vakter, der ein går eit døgn eller kveld/natt. Dette gir ikkje lågare døgnpris.

Finansiering og tilskot

Oversikt over tilskot for busetjing av EM i 2016

	Integrerings-tilskot EM	EM-tilskot	Ekstra EM-tilskot 2016/2017
Sats	År1: 184.000 År2: 220.000 År3: 160.000 År4: 83.400 År5: 70.000 **Sum: 717.400**	**207.000** pr år Busetjingsåret frå månaden EM vert busett	**100.000** pr EM første busetjingsår 2016/2017
16 busette EM + **5** i 2016 = **21**	2.700.000 + 920.000 **3.620.000**	3.312.000 + 379.500 **3.691.500**	**500.000**
16 busette EM + **12** i 2016 = **28**	2.700.000 + 2.208.000 **4.908.000**	3.312.000 + 672.750 **3.984.750**	**1.200.000**

Forklaring til tabellen:

I tabellen er det teke utgangspunkt i tilskot for 16 allereie busette EM. Vidare er teke høgde for to alternative døme ved busetjing av 5 EM og 12 EM i løpet av dei siste månadene i 2016. Satsane på tilskota blir regulert kvart år.

Integreringstilskot: Kommunen mottek integreringstilskot for busetjing av flyktningar dei fem første åra dei er busett i kommunen. I 2016 utgjer tilskotet for EM kr 184 000 i busetjingsåret. Over femårsperioden utgjer tilskotet kr 717 400. Ved ev. fråflytting må tilskotet delast med tilflyttingskommunen. Tilskotet skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til busetjing og integrering av flyktningar dei fem første åra dei er busett.

EM-tilskot: I tillegg til integreringstilskotet mottek kommunen eit særskilt tilskot for busetjing av EM, til og med det året dei fyller 20 år. For 2016 utgjer tilskotet kr 207 000 pr. person pr. år, dvs. kr 17 250 per månad. Tilskotet blir utbetalt frå og med busetjingsmånaden. Dvs. buset ein i september vil tilskotet utløysast i fire månader busetjingsåret.

Ekstra EM-tilskot i 2016 og 2017: For kvar EM som vert busett i 2016 mottek kommunane i tillegg eit ekstratilskot eingongstilskot på kr 100 000. I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det varsla at ekstratilskotet også vil løysast ut for EM som vert busett i 2017.

Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov

Som nemnd over vil nokre ha behov for særskilde tiltak som følgje av særskilde behov. Til dette kan kommunane søke IMDi om eit særskild ekstratilskot for busetjing av personar med funksjonshemming/åtferdsvanskar. Tilskotet skal dekke kommunane sine ekstraordinære utgifter til busetjing og oppfølging av den einskilde person. Tilskotsordninga er todelt: Tilskot 1 er eit eingongstilskot på kr 181 000 for dei som vert busett i 2016, og tildelast 1. el. 2. busetjingsår. Tilskot 2 kan tildelast i kvart år i integreringstilskotsperioden, dvs. kvart år i inntil fem år. Tilskot 2 er på inntil kr 1 111 000 pr. år for dei som vert busett i 2016. Satsane blir regulert kvart år.

Det er omfattande krav til søknaden om tilskot knytt til dokumentasjon, kostnadsberekning av tiltak, rekneskapsrapportering til IMDi, og intern forvaltning/refusjon til kommunale sektorar. Volda kommune har opparbeid lang erfaring og har gode rutinar og system for å søke slike tilskot og forvalte desse, og er mellom dei få kommunane i Midt-Norge som i stor grad søkjer og får innvilga det særskilde ekstratilskotet. Pr. juli 2016 har Volda kommune søkt/fått innvilga tilskot for 16 personar, inkludert seks EM, derav to EM i Ørsta. Når det gjeld EM kan det særskilde ekstratilskotet dekkje kommunen sin eigendel til Bufetat når EM har barnevernsvedtak, som for nokre er på kring kr 500 000 pr. år. Tilskotet vert også ofte nytta til å iverksetje særskilde helse-, skule- og arbeidsretta tiltak. Det er ei utfording at det tek tid før IMDi gir tilbakemelding på søknaden og utbetalar tilskota. Tiltaka ein set i verk må kommunen difor ofte forskottere, før ein veit om ein får dei innvilga. Vår erfaring er at når vi grunngjev og dokumenterer godt, får vi i all hovudsak innvilga det som blir omsøkt. Inntektene vert difor ikkje alltid ført same år som utgiftene i rekneskapen. Grunna ekstratilskota brukar ein lite av integreringstilskotet til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta i Volda.

Refusjon for bu- og omsorgstiltak for EM gjennom Bufetat

T.o.m. 2013 fekk kommunane refundert 100% av driftsutgiftene for bu- og omsorgstiltak for EM med barnevernsvedtak gjennom refusjonsordninga til Bufetat, etter fråtrekk av kommunale månadleg eigendel pr. person. For 2016 er månadleg kommunal eigendel på kr 17 100. I 2014 innførte staten ei ytterlegare kommunal medfinansiering på 20% av driftsutgiftene. Dvs. at staten i dag dekker 80% av dei kommunale driftsutgiftene, etter fråtrekk av den kommunale månadlege eigendelen pr. person. For å kompensere kommunane for meirkostnadene auka regjeringa EM-tilskotet med kr 54 500 frå 2013 til 2014, frå kr 130 900 til kr 185 400 pr. person pr. år. Både KS og kommunane har peika på at auken ikkje har dekt opp kommunane sine meirutgifter, og fleire kommunar har vegra seg for å busetje EM som følgje av dette. For 2016 auka Regjeringa EM-tilskotet til kr 207 000. I tillegg mottek kommunane som nemnd over, eit ekstra eingongstilskot for EM i busetjingsåret på kr 100 000, for å sikre rask og god busetjing av målgruppa i 2016. I revidert nasjonalbudsjett frå mai 2016 får kommunane signal om at ekstratilskotet også vil utløysast pr. busett EM i 2017.

Refusjonsordninga er regulert i rundskriv, og refusjonskrav vert sendt Bufetat kvart halvår. Det er først i samband med innsending av krava ein har reell oversikt over kostnadene knytt til EM-tiltaket, og kva ein får inn i refusjon det aktuelle halvåret. Etter gjeldande rundskriv får ein ikkje refundert alle utgifter ein har i EM-tiltaket. M.a. får ein ikkje dekt kostnader til tolk, helsetenester, møblar, kvitevarer, administrasjon etc.

I den nye integreringsmeldinga (St.meld. 30 (2015-2016)) kjem det fram at Regjeringa i statsbudsjettet for 2017, vil ta stilling til om refusjonsordninga for kommunale barnevernstiltak for

EM skal leggjast om til *stykkprisordning*. Korleis dette vil slå ut for kommunane er uavklart, og det er uråd å stipulere kva statleg finansiering kommunane kan forvente å få til EM-arbeidet frå 2017.

Rekneskap EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015

Tabellen under viser driftsutgifter i EM-tiltaka for Volda og Ørsta i 2014 og 2015, før refusjon til Bufetat.

	Volda	Ørsta
1. halvår 2015	4 245 576,71	6 884 599,62
2. halvår 2015	7 087 621,57	8 002 516,65
SUM 2015	**11 333 198,28**	**14 887 116,27**
1. halvår 2014	4 959 027,64	5 996 929,19
2. halvår 2014	6 494 754,58	7 746 901,97
SUM 2014	**11 453 782,22**	**13 743 831,16**

Tabellen under viser oversikt over tal EM i og utanfor refusjonsordninga, døgnpris, kommunale eigendeler, kostnader som ikkje gir rett til refusjon, sum kommunale kostnader og tilskot til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta i Volda og Ørsta i 2014 og 2015.

Rekneskap 2014/2015	Volda	Ørsta	Volda	Ørsta
ÅR	2015	2015	2014	2014
Tal EM	11 (22)	9	10 (23)	11
Døgnpris ref. Bufetat	3.928	5.020	3.807	4.491
Eigendel månadssats	1.610.200	1.494.000	1.701.300	1.749.450
Eigendel 20%	1.944.599	2.449.966	195.495	2.627.533
Sum kommunal eigendel	3.554.799	3.943.966	3.651.795	4.376.983
Kostnader u/refusjon	777.483	1.572.554	806.825	440.791
Som kommunale kostnader	4.332.282	5.516.520	4.458.620	4.817.774
EM-tilskot	3.251.649	3.124.566	4.078.800	2.858.250
Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot / ekstratilskot	(ET EM: 778.549) (ET Buf: 596.100) 1.080.633	2.499.487	(ET EM: 844.000) 379.820	1.984.057

Forklaring til tabellen:

Tal EM: *Første talet utan parantes er tal EM i barnevernstiltak som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat. Dvs. tal EM det er knytt høgare kostnader til enn summen av kommunal eigendel (månadssats + 20%). Talet i parantes for Volda er tal EM som utløyser EM-tilskot.*

Døgnpris*: Kostnader pr. døgn pr. EM som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat, dvs. det tal EM som står utan parantes på lina over.*

Eigendel månadssats*: Kommunal månadleg eigendel for EM som er med i refusjonsgrunnlaget til Bufetat. For 2014 var kommunal månadleg eigendel pr. EM kr 16 050. For 2015 kr 16 600.*

Eigendel 20%*: Bufetat refunderer 80% av dei kommunale driftskostnadene. Kommunen har dermed 20% eigendel i tillegg til eigendel månadssats pr. person.*

Sum kommunal eigendel: *Sum av kommunal eigendel månadssats + kommunal eigendel 20%.*

Kostnader u/refusjon: *Er driftskostnader både for EM som er innafor og utanfor refusjonsordninga til Bufetat. Ikkje alle driftskostnader for EM innafor refusjonsordninga til Bufetat vert dekt. Dette er regulert i eige rundskriv og gjeld m.a. medisinar, møblar, PC etc. EM-tenesta har også utgifter for EM som er utanfor refusjonsordninga, men desse er lågare enn kommunen sin samla eigendel, og vert difor ikkje med i refusjonsordninga.*

Sum kommunale kostnader*: Viser samla kommunale kostnader til drift av EM-tenesta etter fråtrekk av refusjonen frå Bufetat.*

EM-tilskot: *Tilskot frå staten/IMDi som skal finansiere kommunen sine kostnader til bu- og omsorgstiltak for EM utover refusjonen for barnevernstiltak frå Bufetat.*

Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot/ekstratilskot: *Viser differansen mellom inntekter og utgifter til drift av EM-tenesta etter fråtrekk av refusjonen til Bufetat, dvs. EM-tilskot minus sum kommunale kostnader. Kostnaden må finansierast av andre kommunale inntekter frå staten til busetjing av EM: Integreringstilskot og særskild ekstratilskot for busetjing av personar med særskilde behov. ET EM er ekstratilskot som m.a. har finansiert kommunal eigendel, einetiltak etc. ET Buf er ekstratilskot som går til refusjon for kostnader til tiltak som ikkje er trekt ut av refusjonsgrunnlaget til Bufetat el. som tidlegare er forskottert gjennom refusjonen til Bufetat.*

Kommentarar til tabellen: Det kan variere frå år til år kva ein har av inntekter og utgifter i EM-tiltaka. Der det har vore grunnlag har ein nytta seg av IMDi si ordning om å søke ekstratilskot for EM med særskilde behov. Grunna ekstratilskot på kr 1,4 mill. i 2015, brukar Volda lite av integreringstilskotet til finansiering av kostnader til drift av EM-tenesta dette året. Dersom det er behov for å setje inn ekstratiltak for ungdom (t.d. auka bemanning, helse-, skule-, arbeidsretta tiltak etc.) har ein søkt ekstratilskot. Ei utfordring med ordninga er at kommunane må forskottere utgiftene til ein får innvilga søknaden. Dette gjer at inntektene frå ekstratilskotet ikkje kjem til syne i rekneskapen før i beste fall påfølgande år. For Volda sin del førte dette til at kostnader ein hadde til ekstratiltak i 2014, først vart ført som inntekt i rekneskapen for 2015. Også Ørsta ventar ekstratilskot for EM for 2014 og

2015. Desse vart først innvilga og utbetalt i 2016. Slik vil tilskotet først kome til syne i rekneskapen til Ørsta for 1. halvår 2016.

Ørsta: I 2014 hadde Ørsta berre ein ungdom som ikkje var med i refusjonsordninga til Bufetat. Dette skuldast at Ørsta har busett mange unge, som bur lang tid i bufellesskapet. I 2015 og dei komande åra vil Ørsta få fleire ungdomar utanfor refusjonsordninga, i takt med at fleire flyttar ut av bufellesskapa og inn på hybel. Dei kommunale kostnadane vil då verte lågare enn tidlegare år.

Kvalifiseringstiltak for EM i Volda og Ørsta

Skulegang

Volda: Volda læringssenter (VLS) gir tilbod om grunnleggjande norskopplæring og samfunnskunnskap, samt grunnskule for vaksne (over 16 år). Når det gjeld aldersgruppa 15-16 år, er det eit tett samarbeid mellom Volda ungdomskule og Volda læringssenter for å vurdere kva tilbod som er best for den einskilde. Det er tre ulike val når ein einsleg mindreårig skal starte på VLS:

1. Starte i ei klasse med grunnleggjande norskopplæring der det går vaksne flyktningar og innvandrarar. Då kan ein også få matematikk og engelsk, for førebuing til grunnskule eller vidaregåande skule (vgs.). Denne løysinga vert vurdert dersom ungdomen er nærare 18 år. Så kan vedkomande ha overgang til ordinær grunnskuleklasse ved inntak i august, eller søkje seg direkte til vgs. dersom dette er mest tenleg.
2. Starte i ei klasse med kombinert norskopplæring og grunnskulefag, der alle dei einsleg mindreårige frå EMA-mottaket går. Overgang til ordinær grunnskuleklasse eller vgs. ved inntak i august. Vert vurdert dersom vedkomande er 15-16 år gamal.
3. Starte direkte i ei ordinær grunnskuleklasse. Vert vurdert når vedkomande har gode norskkunnskapar og vert busett like før ordinær skulestart i august.

Status for EM i Volda: Pr. i dag er 31 ungdomar under utdanning (7 på norskopplæring, 5 i grunnskule, 19 på vidaregåande skule).

I Volda har ein berre busett ungdom o/15 år. Det er stor skilnad på skuleløpet om ungdomen er i grunnskulealder eller ikkje på busetjingstidspunktet. Dersom ein kjem i grunnskulealder, t.d. i slutten av 10.klasse, må ungdomen starte rett i vidaregåande opplæring berre nokre månader etter busetjing. Ein ser at desse ungdomane som går på vidaregåande skule har stort behov for oppfølging i høve skulegang og skulearbeid. Ein ungdom som er over grunnskulealder på busetjingstidspunktet, vil først gå eit løp på Volda læringssenter i om lag tre år (norskopplæring og grunnskuleopplæring), før han byrjar på vidaregåande skule.

Ørsta: Opplæringssenteret i Ørsta har tilsvarande ansvar som Volda læringssenter knytt til norskopplæring og samfunnskunnskap, samt grunnskuleopplæring for vaksne. Fleire EM i Ørsta går i ordinær grunnskule i lag med norske ungdom på Ørsta ungdomsskule.

Status for EM i Ørsta: 26 er under utdanning (norskopplæring, grunnskule, vidaregåande skule inkl. lærlingtid) og ein i jobb.

Ein ser at ungdommane følgjer skuleløpet slik det er tenkt. Det er avhengig av alder om dei startar på ungdomsskulen eller på opplæringssenteret i Ørsta. Barnevernstenesta, har i samarbeid med verje og skule, fått innvilga at sju av ungdomane har fått utvida tilbod på ungdomsskulen, eller blir sett ned eit klassetrinn ved oppstart. Årsakene til dette er faglege, som mangel på skulegong, generelle kunnskapar eller norskferdigheiter ved busetting. Denne ordninga er no avvikla. Alle må starte på det trinnet dei aldersmessig høyrer til.

Arbeid/praksisplass

Praksisplass er eit tiltak med målsetting å få kjennskap til arbeidslivet. Ungdomen får ei symbolsk løn, i samband med at dei har arbeid i ulike bedrifter ut frå eige ønskje. Praksisplassordninga er ein del av kvalifiseringsarbeidet kring ungdomen, der dei lærer seg å stå i eit arbeidsgivarforhold, må forhale seg til oppgåver og instruksar frå arbeidsgivar på arbeidsplassen, dei opplever kor viktig det er å være ryddig kring fråvær, avtalar m.v. Ungdomane får tilbod om 100 timar praksis i bedrift. I hovudsak er praksisen 1-2 ettermiddagar i veka over eit visst tidsrom.

Praksisplassen kan vere inngangsporten til å kome seg inn på arbeidsmarknaden, og der ein utvidar nettverket, lærer språk og utviklar gode ferdigheiter. Fleire av ungdomane har fått ekstrajobb i etterkant av avslutta oppdrag, med ordinær arbeidsavtale hjå arbeidsgivar**.** Det er miljøpersonalet i tiltaket som rekrutterer praksisplassar til ungdomane, gjennom å kontakte ulike bedrifter i kommunane. Før ungdomane får tilbod om praksisplass må norskferdigheitene vere på eit visst nivå.

Volda: Ni ungdomar er i ordinært arbeid, ein er arbeidssøkande. Om lag 30 av 41 har nytta seg av praksisplasstilbodet. Grunnen til at ikkje alle har nytta seg av tilbodet er at mange er nybusett og treng lengre butid og språkleg kvalifisering før dei er klare for praksistilbodet. Nokre få har ikkje tilbodet egna seg for.

Ørsta: Ein ungdom som har vore i tiltaket er i ordinært arbeid. Til no har 19 av 27 nytta seg av praksisplasstilbodet.

Fritidsretta tiltak og aktivitetar

Som ein del av integreringsarbeidet nyttar ein tiltak og aktivitetar i lokalmiljøet til å få ungdomane aktive i ulike fritidsaktivitetar. Ofte er alder og erfaringar knytt til den einskilde aktiviteten ein utfordring. Det er ikkje lett for ein 17-åring å kome inn i organisert aktivitet, då det ofte er manglar på ferdigheiter. Mange av ungdomane trener også på lokale treningssenter. Ein ser at dei nyttar tilboda dei får, og har positiv utvikling både kring fysisk helse og bygging av nettverk. I tillegg er trening viktig for å meistre stress, tankar og kjensler knytt til tidligare opplevingar i heimlandet og på flukt.

Bufellesskapa oppmodar ungdomen til å nytte seg av aktivitetar i nærmiljøet, delta på ulike arrangement, og bygge nettverk gjennom å bruke tid på klassekameratar eller fotballvener. Ein kan sjå at det er fleire utfordringar knytt til dette, som går på vegring av å danne relasjonar grunna usikkerheit på dei sosiale kodene, eller utfordringar i høve språk.

Bufellesskapa i Volda og Ørsta leigar fast symjehallen i Volda saman, med mål om å tryggje ungdomane i vatn og drive symjeopplæring.

Helseretta tiltak

Fysisk og psykisk helse

Fysisk helse: Fleire ungdomar har fysiske helseplager, og dei er i kontakt med helsetenestene både i 1. og 2. linje i høve dette. Ein opplever å få god hjelp til fysiske helseplager.

Psykisk helse: Mange ungdomar ein buset har diagnose PTSD eller andre psykiske helseplagar. Tiltaka i Ørsta og Volda opplever samarbeidet med både 1. og 2. line i psykiatrien som god. Ein har tilvist fleire ungdomar til behandling, og opplever å ha ein god dialog. Ein kjem raskt til.

Erfaringane er at det er vanskeleg for ungdomane å nytte seg av tilbodet. Ein ser at den viktigaste jobben er den som vert gjort i kvardagen i bufellesskapa. Ein har lagt vekt på å styrke kompetansen i personalgruppa til å handtere psykiske vanskar. Ungdomane er i utgangspunktet friske, dei har normale reaksjonar på unormale livserfaringar. BUP og DPS vert i hovudsak eit supplement til det daglege miljøterapeutiske arbeidet som vert gjort i bustadene. Den kommunale psykiatritenesta er i liten grad nytta.

Volda: I Volda har ein faste samarbeidsmøte med helsesøster og kommunepsykolog, i tillegg til kontakt på individnivå.

Minoritetshelseteam: Volda oppretta våren 2016 eit minoritetshelseteam, i samsvar med tilrådingar frå Helsedirektoratet. EM-tenesta i Volda er representert i teamet saman med helsestasjonen, tenesta for rus- og psykisk helseteneste, barnevernet og lege. Kommunepsykologen, kommuneoverlegen, flyktningtenesta, 2. lineteneste, skular, mottak m.v. møter ved behov.

Busetjing i Volda kommune frå asylmottaka i Volda: Helsestasjonen i Volda meier det er mange fordelar ved å busetje flyktningar frå asylmottaka i Volda, då dei særleg opplever at det er tidssparande i oppfølgingsarbeidet. Dei ser fleire fordelar ved at bebuarane får halde fram med å bu i den kommunen der dei er kjent og har relasjonar. Dei som kjem frå mottaka i Volda har alt hatt mottakssamtale med helsesøster og fastlege i Volda. Dei er kjent ved både ved helsestasjonen og legesenteret, og dei slepp å skifte fastlege. Dei som er henvist til oppfølging på sjukehuset får vidareført denne oppfølginga der, t.d. i forhold til tuberkuloseundersøking ved medisinsk poliklinikk eller psykisk helse med samtalar hos BUP/ DPS.

Alle nye får informasjon om helseoppfølginga i Volda. Nokre har allereie vore med på helseinformasjon i grupper/prevensjonsundervisning medan dei var bebuarar på mottak i Volda. Dette lettar dermed informasjonsarbeidet etter busetjing.

Når helsestasjonen får melding om flyktningar som er busett i kommunen frå mottaka i Volda, er helseoppfølginga ved helsestasjonen alt i gang. Alle notat om personen ligg i fagprogrammet til helsestasjonen og ein slepp å legge inn desse på nytt etter busetjing i Volda. Det blir dermed mindre merkantilt arbeid, eit arbeid som i stor grad utført av helsesøster. Blir flyktningane busett i ei anna kommune, må helsesøster skrive ut journal og sende den i posten. Tilsvarande må dei registrere ny person og scanne inn helsepapir når flyktningar blir busett frå mottak i andre kommunar. Ein må og sende over helsepapira til legesenteret som må registrere personen og scanne inn helsepapira. Dette slepp helsestasjonen med flyktningar som kjem frå mottaka i Volda. Dermed er mykje kontorarbeid spart både på helsestasjonen og legesenteret i Volda.

For flyktningen er det ein fordel å sleppe ei ny flytting til ny kommune så tett etter ankomst Noreg. Dei er kjent her og finn lettare fram, samtidig får dei oppfølging på helsestasjonen der dei er kjent, hos fastlegen dei kjenner osv.

Ørsta: I Ørsta er kontakten med helsestasjonen og kommunepsykologen berre på individnivå ved behov. Helsestasjonen i Ørsta opplever at dei ikkje har kapasitet til å følgje opp dei einslege mindreårige ungdomane slik dei bør. Ved ei auke frå å busetje fire i året til 12-17 i 2016 og 2017, melder helsestasjonen i Ørsta frå om at dei vil ha behov for auka stillingsressurs med minimum 0,4 årsverk til oppfølging av ungdomane.

Oppsummering - Barnevernstenesta sitt framlegg til organisering

Viser til det som står i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet si handbok "Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flykninger – en håndbok for kommunene" frå 2011: "*Barnas behov er de samme som for norske barn uten foresatte. De trenger gode, forutsigbare og trygge omsorgsløsninger, voksenpersoner de kan stole på, sosialt nettverk m.m. Samtidig har de spesielle behov knyttet til kulturelle, religiøse og sosiale forhold i hjemlandet og til opplevelser fra væpnete konflikter og flukt. Det er derfor barnets situasjon og behov som må ligge til grunn for hvilke tiltak kommunen iverksetter".*

Barnevernstenesta si grunnhaldning er at alle barn u/18 år som ikkje har nære omsorgspersonar, bør ha omfattande tiltak frå barnevernstenesta. Dette er barn, som har reist frå familie, nærmiljø og det som fram til avreisa har vore kjent for dei. Majoriteten har vore eksponert for svært store belastningar og traumatiske hendingar i sine fødeland. Under flukta har dei, i større og mindre grad hatt voldsame opplevingar, påkjenningar og utfordringar. Nokre av dei har blitt grovt utnytta under flukta – på ulike måtar. Når dei etter kvart har fått opphald og vert busett i ei kommune i Noreg, skal dei lære eit heilt nytt språk, tileigne seg og forstå nye sosiale kodar, tilpasse seg ein heilt ny kultur og handtere tidlegare vanskelege livshendingar. Alt dette skal skje medan dei i tenåra – ein fase som for alle barn kan vere krevjande og sårbar. Dette må dei meistre utan å ha foreldre i nærleiken. Vi snakkar altså om *ein kritisk overgangsfase* i desse barna sine liv.

Vi kjenner til og har erfaring med at flyktningar kjem i reaksjons- og bearbeidingsfasa først etter at livet deira har blitt nokolunde føreseieleg, altså etter busetjing. Det er difor viktig at dei har ein omsorgssituasjon som kan ivareta dei i denne fasen. Vi veit også at dei einslege mindreårige ungdomane er ei målgruppe for rekruttering til ulike typar kriminell verksemd (forsvinningar, rusmisbruk, pedofili, terrorverksemd etc.).

EM treng etter barnevernstenesta si vurdering døgnkontinuerleg omsorg og oppfølging av trygge vaksne, som kan førebyggje og handtere ulike vanskar både på individ- og gruppenivå. Å sikre ei døgnkontinuerleg ivaretaking av desse ungdomane vil difor vere avgjerande for at dei skal oppleve tryggleik og ha eit stabilt grunnlag for å få ei positiv utvikling og integrering i det norske samfunnet og førebyggje utanforskap.

Barnevernet kan ikkje sjå at ungdomar ein har busett til no, ikkje har hatt behov for dei tiltaka og det vernet som tenester etter Lov om barnevernstenester gir.

Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing i Volda

Bufellesskap: Ein har i dag Smiebakken bufellesskap med plass til 10 ungdomar. Dette bufellesskapet må vere grunnbasen i arbeidet også vidare. Ved å styrke bufellesskapet med to årsverk, vil ein vere rusta til å ta i mot og jobbe intensivt med ungdomane som kjem dit. Ein får då mulegheit til å ha ein kartleggingsbustad og ein langtidsbustad, med åtskilt personalgruppe. Ein ser at med den bemanninga ein har i dag, der heile personalgruppa har kontakt med alle 10 ungdomane på huset, gir for lite stabilitet og tryggleik for ungdomane. Det vert difor med jamne mellomrom sett inn forsterka bemanning på grunn av dette. Å skilje delane slik at ungdomane får halvert talet på vaksne dei må forhale seg, vil gjere ein stor skilnad. Ved auke i busetjingstal vil det vere dei ungdomane som treng mest tryggleik og tettast oppfølging, som skal bu i bufellesskap utover kartleggingsperioden. Ein ser difor denne ressursauken som naudsynt for å lukkast. Ungdomane skal kartleggast i løpet av 3-4 mnd. Skal ein lukkast med dette, er ein avhengig av å jobbe intensivt med få ungdomar. Det er også på grunn av dette naudsynt med auke i bemanningsnorm. Ein kan kartlegge inntil 10 ungdomar i året, dei vil då ha butid på 3-4 mnd. i kartleggingsbustaden. Dei to andre bustadane kan nyttast til bufellesskap med heildøgns oppfølging for dei som treng lenger butid (6 plassar). Volda har busett ein ungdom så langt i år, og vil i Smiebakken bufellesskap ha kapasitet til å busetje ytterlegare 7-9 ungdomar i løpet av hausten 2016.

Dei ungdomane som ikkje har behov for bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel eller bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket.

Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel. Det ein tilrår vidare, er å bygge ut den eksisterande oppfølgingstenesta (OPP) og setje i verk nye tiltak som husvertordning og gruppefosterheim. Desse nye tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

Oppfølgingstenesta: Denne har i dag fem årsverk totalt (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje oppfølgingstenesta skal styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje framover, samt butid inne i bufellesskapet. Ein tilrår å auke tenesta med 0,36 årsverk for Volda i 2016, dersom 10 skal busetjast i 2016. Vidare auke med 3,28 nye årsverk for Volda i 2017. Dersom busetjingstalet for 2017 vert justert ned frå 17 til 10-12, vil behovet for auke i 2017 bli redusert tilsvarande.

Vertsfamilie/Husvert: Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og er ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, dersom det vert behov for dette. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim kommune legg vekt på at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for å lukkast med tiltaket.

Gruppefosterheim: Ein må sjå nærare på om den tidlegare omtala ordninga med gruppefosterheim er noko ein kan få til også i Volda. Dersom det ut frå busetjingstalet i 2017 syner seg å vere behov, tek ein sikte på å prøve ut ordninga gjennom å opprette ein gruppefosterheim med plass til to ungdomar i løpet av 2017.

Skal ein busetje 17 i 2017, må minimum sju av desse flytte til vertsfamilie eller i gruppefosterheim. Ein er svært usikker på om ein får rekruttert nok vertsfamiliar og gruppefosterheimar på så kort tid. Vert talet justert ned til 10-12, vil det vere behov for berre 1-2 husvertar og gruppefosterheimar.

Det vil vere behov for 0,5 årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av husvertar og gruppefosterheimar.

Framlegg til bu- og omsorgsløysingar ved auka busetjing av EM i Ørsta

Bufellesskap: Ein har i dag to bufellesskap med plass til totalt åtte ungdomar. Desse bufellesskapa må vere grunnbasen i arbeidet også vidare. Begge bufellesskapa er i dag rusta til å ta imot og kartlegge ungdomane som kjem, utan styrking av bemanning. Med bakgrunn i dei negative erfaringane knytt til flytting av ungdomane frå eit bufellesskap til eit anna, bør kartlegging skje i begge bufellesskapa. Det vil kunne vere to kartleggingsplassar og to langtidsplassar i kvart bufellesskap. Ørsta har busett to så langt i 2016, og har kapasitet til å busetje ytterlegare 4-6 einslege mindreårige i bufellesskapa i 2016.

Dei ungdomane som ikkje har behov for heildøgns bemanna bufellesskap etter kartleggingsperioden, vil flytte vidare til hybel eller bufellesskap utan døgnbemanning. Dette vil korte ned tida ein del av ungdomane har behov for det mest kostbare tiltaket.

Alle ungdomane som flyttar ut av bufellesskapet har behov for oppfølging på hybel. Det ein tilrår vidare, er å bygge ut den eksisterande oppfølgingstenesta (OPP), samt setje i verk nye tiltak som husvertordning og fosterheimar. Desse nye tiltaka vil vere enklare å justere ut frå dei svingingane i busetjingstalet som ein alltid må ta høgde for når det gjeld flyktningar.

Ørsta har også fått førespurnad om å ta imot EM u/15 år. Det er framleis stort behov i landet for å busetje EM i denne aldersgruppa. Dersom ein skal kunne ta imot fire u/15 år i 2016 slik ein har fått førespunad om, må det opprettast eit nytt bufellesskap med plass til tre barn. I 2017 har ein fått førespurnad om å ta imot seks u/15 år. Ein vil då ha behov for å opprette ytterlegare eit nytt bufellesskap med plass til tre barn. Ein ser det ikkje som realistisk å rekruttere fire fosterheimar i 2016 og ytterlegare seks i 2017.

Oppfølgingstenesta: Denne har i dag totalt fem årsverk (Volda 2,86 og Ørsta 2,14). Kor mykje oppfølgingstenesta skal styrkast, kjem ann på tal EM ein skal busetje framover, samt butid inne i bufellesskapet. I snitt reknar ein 10 timar oppfølging pr. veke for ungdomar som har flytta ut på hybel.

Vertsfamilie/Husvert: Opprettast etter modell frå Trondheim kommune. Denne er utprøvd over mange år, og er ei ordning ein har gode erfaringar med. Ein ser det som realistisk å kunne rekruttere 1-2 husvertar i 2016, med plass til ein ungdom i kvar, og ytterlegare 2-3 i 2017. Vertsfamilien og ungdomen får oppfølging frå oppfølgingstenesta. Trondheim kommune legg vekt på at god og tilstrekkeleg oppfølging frå oppfølgingstenesta er viktig for at ein skal lukkast med tiltaket.

Fosterheim: Dersom ein skal busetje 10 EM u/15 år i løpet av 2016 og 2017, må ein rekruttere fosterheimar i tillegg til å opprette nye bufellesskap. Det vil i tillegg til to nye bufellesskapa vere behov for fire fosterheimar, eitt i 2016 og ytterlegare tre i 2017.

Det vil vere behov for eitt årsverk knytt til rekruttering og oppfølging av husvertar og fosterheimar.

Felles for Volda og Ørsta

- Oppfølgingstenesta (OPP) bør skiljast frå drifta i bufellesskapet, ha gradvis opptrapping av bemanning ut i frå busetjingstal/tal ungdom som treng oppfølging.
- Ein har behov for ny kontor- og ungdomsbase for OPP. Basen i Smiebakken der personalet i dag deler kontor, og der ungdom kan kome innom, er pr. i dag ikkje stor nok.
- Fleire disponible kommunale bustadar, ev. framleigebustadar både i Ørsta og i Volda
- Auka budsjettramme i høve drift
- Ungdomane har vedtak om oppfølging etter Lov om barnevernstenester. Ein føresetnad for at ein skal kunne busetje det talet ein ønskjer, er at det er fagleg forsvarleg å flytte aktuelt tal ungdomar ut på hybel/bufellesskap utan personale i direkte tilknyting til bustaden. Kartleggingane ein får frå asylmottaka er svært lite grundige. Ein har ved gjentekne høve gjennom alle år i busetjingsarbeidet sett at ungdom som vert skildra som "utan særskilde behov" syner seg å ha omfattande oppfølgingsbehov. Unntaket her er dei barna som er u/15 år og som har vore på omsorgssenter. Kartleggingane frå desse er i hovudsak grundige og gode.

Framlegg til busetjing av auka tal EM gjennom Volda læringssenter

Volda læringssenter (VLS) vurderer det er kapasitet til å busetje 2-4 EM kvart av åra 2016 og 2017. Tidlegare erfaring frå busetjing av unge, einslege vaksne flyktningar på 18-19 år, er gode. Hittil i 2016 har VLS allereie busett to EM o/18 år, som utløyser EM-tilskot og ekstra EM-tilskot. Begge skaffa seg privat bustad sjølve i Volda før flytting til kommunen, og har bak seg ei tid i Voldasamfunnet før busetjing. Først på Volda EMA-mottak, seinare på Volda mottak.

Læringssenteret vil nytte modellen Sunndal kommune nyttar for busetjing av EM u/18 år og eksisterande modell for busetjing av EM o/18 år, som ved busetjing av andre vaksne flyktningar, men ha ei tettare oppfølging av miljøarbeidar og programrådgjevar. Ved fylte 18 år startar vedkommande i introduksjonsprogrammet, innan 3 mnd. etter busetjing. EM som blir busett gjennom VLS har ikkje barnevernsvedtak, og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat.

EM som skal busetjast gjennom VLS bør vere minst 17 ½ år på busetjingstidspunktet, og vere klare til å bli busett på hybel/i bufellesskap, gjerne i lag med andre unge vaksne/vaksne frå same etniske gruppe. VLS lang og god erfaring med å busetje flyktningar som allereie har bak seg ei tid i kommunen. I tillegg er desse allereie elevar ved VLS (grunnskule/norskopplæring), er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda. VLS meiner det særleg er aktuelt å busetje EM frå eit av mottaka i Volda: EMA-mottaket el. Volda mottak, og ser fram til å etablere eit like tett og godt samarbeid med Volda EMA-mottaket, slik dei har med Volda mottak.

VLS vil bruke EM-tilskotet og ekstra EM-tilskot som følgjer med aktuelle EM dei buset, til å dekkje utgifter til livsopphald og etablering fram til EM får utbetalt introduksjonsstønad, samt til aktivitetar og oppfølging av miljøarbeidar ifm. busetjing og oppfølging på ettermiddag/kveld.

Vedlegg og referansar

Vedlegg

1. Mandat av 06.01.16 for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta
2. PowerPoint-presentasjon om Arbeidet med einslege mindreårige flyktningar. Noverande organisering. Mogleg framtidig organisering. Volda kommune. Juli 2016.

Referansar

- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2011): *Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flykninger – en håndbok for kommunene.*
- Eide og Broch (2010): *Enslige mindreårige flyktninger, kunnskapsstatus og forskningsmessige utfordringer.*
- Fafo (2015): Rapporten *Arbeidstid i barnevernsinstitusjonene.*
- Thorshaug, Paulsen, Røe og Berg (2013): Rapporten *Mot en ny bosettingsmodell*.
- Pressemelding frå IMDi på www.imdi.no 7. juli 07.07.16: *Nytt bosettingsbehov for 2016 og 2017.* http://www.imdi.no/om-imdi/aktuelt-na/nytt-bosettingsbehov-for-2016-og-2017/

Busetjing av einslege mindreårige flyktningar


Volda kommune

Noverande organisering


Mogleg framtidig organisering

Juli 2016

Organisering av barnevernstenesta



Dagens organisering av EM-tenesta



Busetjingsutvikling i Volda

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Tal	10	6	6	5	5	8	3	40+3=43
Land	Afgh. Somalia Eritrea Etiopia	Afgh. Eritrea Somalia Zimbabwe	Afgh. Somalia Kongo	Afgh. Somalia	Afgh. Somalia	Afgh. Eritrea	Eritrea	

- Frå 2010-2015 vart det busett 40 einslege mindreårige (EM) i Volda
  - Dvs. eit snitt på busetjing av 6,7 EM kvart år
  - 10 av 40 har flytta frå Volda, dvs. eit snitt på 1,7 kvart år
  - 17 av 31 som framleis bur i Volda er under 20 år, og utløyser EM-tilskot i 2016

- I nov. 2015 oppmoda IMDi Volda om busetjing av 12 EM i 2016 og 17 i 2017
- I juli 2016 vart oppmodinga nedjustert til **inntil 10-12** kvart av åra 2016 og 2017

- I 2016 er det busett **3 EM**:
  - 1 EM u/18 år gjennom EM-tenesta i barnevernet
  - 2 EM o/18 år gjennom Volda læringssenter

Kven er ungdomane?

- Ungdom 15-17 år, hovudsakleg frå Afghanistan, Eritrea og Somalia
  - Nokre få har fylt 18 år på busetjingstidspunktet og blir busett av Volda læringssenter
- Ulik oppvekst og familiebakgrunn
- Ungdomane har vore gjennom ei flukt. Effekten av flukt viser seg t.d. i åtferd, evne til sosialisering, oppmøte på skule og evne til å lære.
- Alle som vert busett u/18 år har vedtak etter Lov om barnevernstenester
- Personalet nyttar traumebevisst omsorg (TBO) som forståingsmodell for det miljøterapeutiske arbeidet med ungdomane. Ein arbeidar terapeutisk ut frå eit tilknytings- og traumeteoretisk perspektiv. Behandling gjennom emosjonsregulering og relasjonar.
- Tett samarbeid om traumebehandling av einskildungdomar med BUP/DPS.

Forts. kven er ungdomane?

- Folkehelseinstituttet:
  - 76% opplevd krig på nært hald, 61% har PTSD
  - 52% gutar og 60% jenter har depresjonssymptom
  - 39% opplever at dei er einsame til ei kvar tid
  - Ungdomane sine ønskjer: Tett vaksenkontakt, muligheiter for skule og arbeid. Bli behandla som andre ungdomar.

- Forsking viser at dei som ikkje får kontinuerleg oppfølging i tidleg fase av busetjinga, får større utfordringar på sikt (Eide/Broch 2010)

- Erfaringar og forsking er bakgrunn for busetjing i heildøgns bufellesskap, der ein nyttar relasjonar for å hele relasjonsskadar. Ein har også eit oppdragarperspektiv i arbeidet:
  - Omsorgspersonane set grenser og regulerar ungdomane ift normer og forventningar i samfunnet

Noverande status i Smiebakken bufellesskap

- 4 bueiningar i ein firemannsbustad i Volda
- 10 ungdomar (4+4+2+personalbase)
- 9,65 årsverk fordelt på 13 tilsette:
  - 1 årsverk bustadleiar
  - 6,6 årsverk miljøterapeut
  - 2,05 årsverk miljøarbeidar
- Medlevarturnus m/støtteturnus.
- Status i dag: 8+2 ungdomar knytt til bufellesskapet
- I aug/sept. vil ein ha ledig kapasitet til busetjing av inntil 2 ungdomar.
  - **Skal ledige plassar fyllast opp?**

Noverande oppfølgingsteneste

- Interkommunal for Ørsta og Volda (frå 1.10.2015)
- Personalbase lokalisert i Smiebakken bufellesskap i Volda

- Status i dag: 12 EM i Volda får oppfølging på hybel mån-fre kl 09:00-23:00
- Kan følgje opp inntil 20 ungdomar

- 5 årsverk (Volda: 2,86, Ørsta: 2,14) fordelt på 7 tilsette:
  - 1 årsverk fagkoordinator (Volda: 0,6, Ørsta: 0,4)
  - 2,44 årsverk miljøterapeutar
  - 0,8 årsverk miljøarbeidar
  - 0,76 årsverk vakant (Volda: 0,64, Ørsta: 0,12)

- Kan følgje opp ungdom som tilhøyrer øvrig barnevern ved ledig kapasitet, som må dekke lønskostnadar til dette. I dag får to frå barnevernet slik oppfølging.


Korleis går det med ungdomane?

- Dei fleste er i eit utdanningsløp eller i arbeid
- Dei fleste leiger hybel på den privat bustadmarknaden
- Dei fleste har etter avslutning av barnevernstiltaket i liten grad behov for oppfølging frå andre førstelinetenester som NAV, rus- og psykisk helseteneste etc.


- Ein jobbar med å integrere ungdomane i lokalsamfunnet gjennom deltaking i fritidsaktivitetar, arbeidspraksis og i ulike lokale prosjekt

- Dei fleste av dei 10 som har flytta til andre kommunar, har i all hovudsak flytta grunna skulegang eller arbeid


Dagens kvalifiseringsmodell



Mogleg organisering av EM-tenesta i Volda og Ørsta 2016-2017



Mogleg organisering av EM-tenesta i Volda 2016-2017



Framlegg til ny organisering av EM-tenesta i Volda i 2016

- Oppfølgingstenesta må skiljast ut frå Smiebakken bufellesskap uavhengig av tal EM som skal busetjast i 2016/2017, som følgje av:
  - Auka tal EM siste åra som treng oppfølging
  - EM i bufellesskapet må ha færre personale å forhalde seg til
    - Dette også som følgje av behov for å dele B-eininga frå C/D-einingane når det gjeld bemanning
  - Felles oppfølgingsteneste for Volda og Ørsta frå okt. 2015

Ny organisering Smiebakken bufellesskap

- Firemannsbustad:
  - A: Personaldel
  - B: Kartleggingsbustad (4 EM)
  - C/D: Bufellesskap (4+2=6 EM)

- Det skal vere eige personale i B og i C/D
- Felles bustadleiar for B og C/D
- Oppfølgingstenesta vert skilt ut frå Smiebakken bufellesskap.

Ny organisering Smiebakken B

- Kartleggingsbustad
- Plass til inntil fire EM
- Kartleggingsperiode 3-4 mnd.
- 0,5 årsverk bustadleiar
- 5,82 årsverk miljøpersonale
  - 4 årsverk miljøterapeut i medlevarturnus
  - 1,82 årsverk miljøterapeut/-arbeidar på kveld og helg (støtteturnus)

Ny organisering Smiebakken C/D

- Bufellesskap
- Plass til inntil 6 EM (4+2) med behov for å bu i bufellesskapet over tid
- 0,5 årsverk bustadleiar
- 5,82 årsverk miljøpersonale
  - 4 årsverk miljøterapeut i medlevarturnus
  - 1,82 årsverk miljøterapeut/-arbeidar på kveld og helg

Ny organisering oppfølgingstenesta

- Framleis interkommunal for Volda/Ørsta
- Ny base i lokale utanfor bufellesskapa
- Oppfølging av inntil 40 ungdomar/20 i kvar kommune; på hybel, i vertsfamilie, fosterheim, gruppefosterheim
- Snitt på 10 t/oppfølging pr. ungdom pr. veke
  - Oppfølging mån-fre kl 09:00-23:00, helg kl 11:00-21:00

- 1 årsverk fagkoordinator: 0,5 årsverk pr. kommune
- Ved auka busetjing må oppfølgingstenesta ha auka bemanning/gradvis opptrapping i 2016-2017:
  - Auke frå 5 til 13 årsverk miljøterapeut/-arbeidar i Volda og Ørsta, til totalt 6,5 årsverk i kvar kommune, dersom busettingstala i kommunane er om lag likt

<u>Særskild for Volda:</u>

2016: Behov for ei styrking på 0,36 årsverk, frå 2,86 til 3,22 årsverk

2017: Behov for gradvis opptrapping med ytterlegare 3,28 årsverk, frå 3,22 til 6,5 årsverk, i takt med behov for oppfølging på hybel

Vertsfamilie/husvert

- Tiltaket er for dei som treng ekstra støtte i eiga bustad ved nybusetjing og ved utflytting frå bufellesskap

- Mål 2016: 2 vertsfamiliar i Volda (+ 1-2 i Ørsta)
- Mål 2017: Ytterlegare to vertsfamiliar i kvar kommune

- I tillegg til oppfølging frå vertsfamilien får EM også oppfølging av miljøpersonale i oppfølgingstenesta
- Oppfølgingstenesta skal kartlegge ungdomen dei 3-4 første månadane, dersom ungdomen er nybusett

- Alder: 16-18 år ved innflytting, kan bu der til dei er 20 år
- Ikkje eigna tiltak for ungdom med sosiale vanskar, rusproblematikk eller uttalte psykiske utfordringar

Forts. vertsfamilie/husvert

- Husvertane må gjennom ein godkjenningsprosess før oppstart:
  - Heimebesøk, godkjent utleigehybel, politiattest, teieplikt, ev. referansar

- Fellessamlingar for husvertane 3-4 gongar pr. år
- Husvertane får rettleiing av oppfølgingstenesta
- Månadlege møter mellom ungdom husvert og kontaktperson
- Husverten skal følgje opp ungdomen i snitt fire t/veke

- 0,5 løn og 0,2 utgiftsdekning etter KS sine satsar: P.t. kr 3.900,- i løn og kr 1.481,- i utgiftsdekning pr./mnd.

- Det er behov for 0,5 årsverk til rekruttering, oppfølging og godkjenning av vertsfamiliar/husvertar og ev. fosterheimar

Fosterheim

- I Volda kan ein busetje i fosterheim dersom familiar melder seg
  - Ørsta har fått førespurnad om å busetje EM u/15 år, og nokre av desse ønskjer ein å busetje i fosterheim
- Fosterheimen vil ha behov for opplæring og rettleiing. Det er også knytt formelle krav til oppfølging av ungdom i fosterheim.
- Rekruttering og oppfølging av fosterheimar går inn i den felles oppfølgingstenesta for Volda/Ørsta
- Ein treng 0,5 årsverk til rekruttering/oppfølging av fosterheimar/versfamiliar. Kostnader vert delt mellom kommunane etter tal busette/fosterheimar som skal følgjast opp

Gruppefosterheim

- Gruppefosterheim er eit bu- og omsorgsfellesskap, ein familieliknande heim
- Omsorgspersonen vil vere ein rollemodell og vegvisar for ungdomen. Nokon gonger kjenne deira heimland, språk og historie
- 2-3 ungdom bur saman med fosterfar/-mor. Alle betaler husleige, inkl. fosterfar/-mor
- Ungdomen vil få ein KS-sats utgiftsdekning, som disponerast av fosterfar/-mor til mat, klede, lommepengar m.v.
- Fosterfar/-mor blir engasjert som fosterforeldre og får løn tilsvarande 3 KS-satsar for godtjerdsle, dvs. om lag 280.800 pr. år. Dei kan studere/arbeide 50% utanom. Avlastning ei helg i månaden og fem veker ferie
- Godkjenningsprosesses og oppfølging er same som for vanleg fosterheim
- Ein treng 0,5 årsverk til rekruttering/oppfølging av fosterheimar/versfamiliar. Kostnader vert delt mellom kommunane etter tal busette/fosterheimar som skal følgjast opp

Kostnadsoverslag 2016 i Volda

	Noverande **Bufellesskap** (9,65 miljø-personale, 1,15 fagstillingar	Noverande **Oppfølgings-teneste**	Mogleg organisering ved auka busetjing **Bufellesskap**	Mogleg organisering ved auka busetjing **Oppfølgings-tenesta**	Mogleg organisering ved auka busetjing **Gruppefoster-heim (2) Vertsfamilie (1)**
Årsverk	10,80	2,86	12,80 (2 nye årsverk)	3,22 (0,36 nytt årsverk)	0,5 (nytt årsverk knytt til rekruttering/ oppfølging)
Fastløn	7.560.000	2.000.000	8.960.000	2.250.000	350.000
Variabel løn inkl. ref. sj.løn	1.096.000	274.000	1.200.000	274.000	
Drift	2.300.000	150.000	2.800.000	300.000	1.500.000
Totalt	10.956.000	2.424.000	12.960.000	2.824.000	1.850.000
Kostnads-auke årsverknad			2.004.000 (400.800*)	400.000	1.850.000 (370.000*)
Kostnadsauke 3 mnd. (okt-des.16)			501.000 (100.200*)	100.000	462.500 (92.500*)

(*) Kostnadsauke etter fråtrekk av statleg refusjon frå Bufetat.

Detaljert kostnadsoverslag ulike tiltak i Volda og Ørsta

(Kostnader til fag-stillingar er ikkje medrekna)	**Bufellesskap** Kostnader m/inntil 4 ungdomar	**Bufellesskap** Kostnader m/inntil 6 ungdomar	**Vertsfamilie** Kostnader ein familie med eitt barn	**Fosterheim** Kostnader ein familie med eitt barn	**Oppfølging på hybel ein ungdom** (snittpris)	**Gruppefoster-heim med to ungdom**
Årsverk	Ørsta: 7,3 Volda: 6,4	Volda: 6,4	0,3		0,3	
Løn	Ørsta: 5.100.000 Volda: 4.480.00 (kr 700.000 pr. årsverk)	4.480.000	45.600 (vertsfam.) 210.000 (personale) 65.000 (rekr./oppf./veil: 1,5 årsverk fordelt på 16 EM)	91.200 (fosterheim*) 65.000 (rekr./oppf./veil)	210.000 (personale)	130.000 (rekr./oppf.) 273.000 (fosterheim) 310.000 (Avl. kvar 4. helg + 5 v. ferie) 100.000 (personale 4,5 t/v)
Variabel løn	600.000	600.000				
Drift	1.100.000	1.650.000	17.200 (utg.dekn.) 90.000 (livsopph./etabl.) 72.000 (husl., straum)	86.100*	130.000 (suppl. til EM, bil, husleige, tiltak)	172.200 (utgiftsdekn.) 30.000 (etabl.) 12.000 (husl., straum)
Totalt	Ørsta: 6.800.000 Volda: 6.180.000	Volda: 6.730.000	499.800	242.300 *avlastning og ev. andre forsterkingar ikkje medrekna	340.000	1.027.200
Døgnpris	Ørsta: 4.650 Volda: 4.230	Volda: 3.070	1.369	664	932 / 600 u/suppl.	1.407 pr ungd. (Oslo: 2.000)

Inntekter: Tilskot og refusjon

- Integreringstilskot: **717.400** over 5 år
  (184.000, 220.000, 160.000, 83.400, 70.000)
- EM-tilskot: **207.000** pr år
  - Dvs. kr 17.250 pr. pers./mnd. Vert utbetalt f.o.m. busetjingsmånaden
  - Dekkjer kommunen si eigendel knytt til refusjon frå Bufetat
- Ekstra EM-tilskot 2016 og 2017: **100.000**
- Refusjon Bufetat: **80% av driftskostnader**
  - eigendel 17.100 pr. pers./mnd
- Ekstratilskot funksjonshemma/åtferdsvanskar:
  - Inntil 1.111.000 pr. pers./år, i inntil fem år
  - Tilskot 2014: 844.000 inntekt til EM Volda
  - Tilskot 2015: 778.549 inntekt til EM Volda
  - Tilskot: 2015: 596.100 inntekt knytt til refusjon Bufetat
- Sal av tenester til øvrig barnevern

Oversikt tilskot 2016

	Integrerings-tilskot EM	EM-tilskot	Ekstra EM-tilskot 2016/2017
Sats	År1: 184.000 År2: 220.000 År3: 160.000 År4: 83.400 År5: 70.000 **Sum: 717.400**	**207.000** pr år Busetjingsåret frå månaden EM vert busett	**100.000** pr EM første busetjingsår 2016/2017
16 busette EM + **5** i 2016 = **21**	2.700.000 + 920.000 **3.620.000**	3.312.000 + 379.500 **3.691.500**	**500.000**
16 busette EM + **12** i 2016 = **28**	2.700.000 + 2.208.000 **4.908.000**	3.312.000 + 672.750 **3.984.750**	**1.200.000**

Rekneskap 2014/2015	Volda	Ørsta	Volda	Ørsta
ÅR	2015	2015	2014	2014
Tal EM	11 (22)	9	10 (23)	11
Døgnpris ref. Bufetat	3.928	5.020	3.807	4.491
Eigendel månadssats	1.610.200	1.494.000	1.701.300	1.749.450
Eigendel 20%	1.944.599	2.449.966	195.495	2.627.533
Sum kommunal eigendel	3.554.799	3.943.966	3.651.795	4.376.983
Kostnader u/refusjon	777.483	1.572.554	806.825	440.791
Som kommunale kostnader	4.332.282	5.516.520	4.458.620	4.817.774
EM-tilskot	3.251.649	3.124.566	4.078.800	2.858.250
Kostnader som må dekkjast av integreringstilskot / ekstratilskot	(ET EM: 778.549) (ET Buf: 596.100) 1.080.633	2.499.487 Side 80	(ET EM: 844.000) 379.820	1.984.057

Busetjing av EM gjennom Volda læringssenter

- Etter gjeldande vedtak frå jan. 2016 skal Volda læringssenter (VLS) busetje 28 vaksne og familiar i 2016 og 2017.

- VLS kan i tillegg busetje 2-4 EM pr. år, som kan ha rask overgang til introduksjonsprogram (INTRO) etter busetjing:
  - Dvs. EM som fyller 18 år kort tid etter busetjing, ev. nyleg har fylt 18 år
  - Som kan bu åleine/i bufellesskap med andre flyktningar, studentar o.l.
  - Det er særleg aktuelt å busetje EM frå Volda EMA-mottak/Volda mottak:

  ✓ Dei har allereie bak seg ei tid i Volda kommune
  ✓ Er elevar ved VLS (grunnskule/norskopplæring)
  ✓ Er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda
  ✓ Har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett
  ✓ Ønskjer å halde fram med å bu i Volda

Forts. EM-busetjing gjennom læringssenteret

- Læringssenteret vil busetje EM på same måte som unge vaksne 0/18 år, dvs. med oppfølging av programrådgjevar og miljøpersonale
  - Ved behov for ytterlegare oppfølging, samarbeide med oppfølgingstenesta i EM-teamet i barnevernet
  - I tillegg samarbeide med øvrige offentlege, private, frivillige aktørar, slik ein generelt gjer i busetjings- og integreringsarbeidet
- EM blir busett i ledige kommunale og private bustader.

Forts. EM-busetjing gjennom læringssenteret

- EM u/18 år vil motta ventestønad lik INTRO-stønad i påvente av oppstart i INTRO, og motta etablering på same måte som andre busette flyktningar o/18 år.
  - Det vert søkt om bidragsforskot og barnetrygd = 4.690,- per mnd.
  - Supplere opp til INTRO-stønad (minus skattetrekk)
  - EM betalar sjølve husleige og straum
  - EM har ikkje barnevernsvedtak og er ikkje omfatta av refusjonsordninga til Bufetat

- EM o/18 år vil ha overgang til INTRO, slik andre unge vaksne gjer, og ha oppfølging av programrådgjevar, lærar, miljøpersonale (også på kveld) og andre aktuelle samarbeidsaktørar i busetjings- og integreringsarbeidet

- Læringssenter vil nytte EM-tilskotet og ekstratilskotet for busetjing av EM til miljøpersonale og andre tiltak som vil styrke busetjings- og oppfølgingsarbeidet av ungdomane
  - EM-tilskot kr 207.000 (17.250/mnd., utbetalt f.o.m. busetjingsmånaden)
  - Ekstratilskot EM kr 100.000 (eingongstilskot)

Oppsummering

- Ein ønskjer å yte tenester som er fagleg godt tilrettelagt, samstundes som det er kostnadseffektivt

- Om ein skal auke talet på busette utan å opprette tilsvarande tal nye bufellesskap, er det behov for å styrke dei eksisterande tiltaka (bufellesskapet og oppfølgingstenesta), samt utvikle nye tiltakstilbod

- Eit styrka og meir differensiert tiltakstilbod, vil korte butida i bufellesskapet, og dermed gi lågare kostnader pr. busett einsleg mindreårig flyktning enn det ein har i dag.

Volda kommune

Volda 17.06.16

Uttale frå minoritetshelseteamet - einsleg mindreårige flyktningar.

Minoritetshelseteamet er kjend med at det blir arbeidd med ny modell for oppfølging av einsleg mindreårige flyktningar som har opphald og blir busett i Volda.
Volda kommune har i mange år busett einsleg mindreårige flyktningar i Smiebakken bufellesskap. Vi ser at denne gruppa, som regel i alderen 15 til 18 år, har samansette utfordringar og at oppfølginga Volda har gitt har vore svært god.
Smiebakken har eit heildøgn tilbod og samarbeidet med andre instansar i hjelpeapparatet er godt. Både i Smiebakken og oppfølgingstenesta blir det jobba etter modellen traumebevisst omsorg.

Vi ser at dette er ungdommar som har behov for tett og god fagleg oppfølging særleg i startfasa. God oppfølging er førebyggande og gjer dei betre rusta til å mestre utfordringar dei møter som vaksne.
Dei har behov for god omsorg og likeverdig oppfølging som andre ungdommar på same alder.
I *veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og famliegjenforente* IS-1022 presiser Helsedirektoratet kommunene sitt ansvar for å sikre kvalitativt gode og likeverdige helsetenester til asylsøkere, flyktningar og familiesameinte.

Vi håpar at erfaringane og kompetansen frå arbeidet med denne gruppa blir vidareført i den nye oppfølgingsmodellen.

Med vennleg helsing

Minoritetshelseteamet i Volda

Koordinator helsestasjonen

VOLDA KOMMUNE

BARNEVERNSTENESTA
HAREID-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta

Mandat

Det er sett ned ei arbeidsgruppe mellom dei fire kommunane i regionale barnevernssamarbeidet; Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, og barnevernet. Kvar kommune kan delta med inntil to representantar, i tillegg til to frå barnevernet. Arbeidsgruppa vart etablert i møte mellom kommunane og barnevernet 11.12.15 og skal sjå på *bu- og omsorgsløysingar* til einslege mindreårige flyktningar (EM), *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid.

Bakgrunn:

Dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet har fått førespurnad frå IMDi om busetjing/auka busetjing av EM i 2016 og 2017. Ørsta og Volda kommunar har busett EM sidan 2009/2010. Frå 01.01.14 vart ansvaret for bu- og omsorgstenester for EM lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, med Volda er vertskommune. Dei tilsette i EM-tenesta i Ørsta vart overført til vertskommunen Volda.

I barnevernet er arbeidet organisert i eige EM- hjelpetiltaksteam. Bu- og omsorgsløysingar som i dag er tilgjengeleg for EM med barnevernsvedtak er: *Bufellesskap med heildøgns bemannning* og *oppfølging på hybel/i mindre bufellesskap* når EM flyttar ut av bufellesskapa. Det har også vore tilfelle av *slektsplassering* med oppfølging av personale i EM-tenesta og plassering i *fosterheim*. Ørsta har i dag to bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til fire EM i kvar. Volda har eitt bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til inntil 10 EM. Begge kommunane har hatt eiga oppfølgingsteneste, som frå oktober 2015 vart slått saman og driftast på tvers av kommunane.

Då Ørsta/Volda starta arbeidet med busetjing av EM i 2010/2011 fekk kommunane 100% fullfinansiering gjennom refusjon frå Bufetat når EM hadde barnevernsvedtak gjennom barnevernet, etter fråtrekk av månadleg eigendel pr. person. Frå desember 2013 innførte staten i tillegg ein kommunal medfinansiering på 20% av kostnadene på tiltak gjennom barnevernet, utover den månadlege kommunale eigendelen. Det særskilde tilskotet for busetjing av EM vart auka for å kompensere for kommunane sine utgifter, men dekker på langt nær alle kommunale kostnader. Finansieringsordninga for EM er i dag under utgreiing sentralt, og ein kan forvente endringar i ordninga som følgje av dette.

Deltakarar i arbeidsgruppa:

Barnevernet:

- Torill O. Vinjevoll, teamleiar EM-hjelpetiltaksteam
- Reidar Haug, miljøterapeut/leiande miljøterapeut (permisjon) EM Volda.

Volda:

- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering
- Stian Bjerkvik, rektor Volda læringssenter

Ørsta:

- Bård Andrè Flekke, leiar flyktningkontoret
- Knut Åmås

Ulstein:

- Gry Nordal, oppvekstsjef
- Monika Mierzejewska

Hareid:

- Ingeborg Bjåstad, flyktningkonsulent
- Oddbjørn Grimstad

Ansvarleg for rapportering/leiing av arbeidsgruppa:

- Torill Osborg Vinjevoll, teamleiar EM-tenesta i barnevernet
- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering, Volda kommune

Frist for rapportering

Arbeidet i arbeidsgruppa bør starte snarast råd og ferdigstillast seinast i veke 5, 2016.

Nærare om mandatet / innhald i utgreiinga:

1. Bu- og omsorgstilbod for EM

- Noverande ordningar:
  - Heildøgns bemanning i bufellesskap
  - Oppfølgingsteneste (ca. 4 t/v pr ungdom)
- Alternative ordningar m.a.:
  - Hybel m/oppfølging (meir differensiert enn i dag)
  - Vertsfamilieordning
  - Fosterheim
  - Folkehøgskule
  - Heildøgnsbemanna utgreiingsbustad
  - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
- Busetjing av EM under 15 år / i alderen 15-18 år m.a.:
  - Val av bu- og omsorgsløysing
  - Kvalifiseringstilbod
- Økonomiske utgreiingar på individnivå m.a.:
  - Individstønad gjennom barnevern (lommepengar, utstyrspengar, økonomisk supplering)
  - Intro/overgang til intro
  - Bidragsforskot/barnetrygd
  - Stipend/lån
  - Bustønad
- Faglege utgreiingar m.a.:
  - Kartlegging
  - Planarbeid
  - Kvalifiseringsarbeid
  - Miljøterapeutisk arbeid
- Administrative/økonomiske utgreiingar m.a.:
  - Knytt til dei ulike ovannemnde ordningane som t.d.:
    - Kva kostnader er knytt til å opprette eit heildøgnstilbod for 4-5 EM og for 8 EM i bufellesskap?

2. Bemanning, turnus, kostnader ved ulike bu- og omsorgsløysingar

- Bemanningsfaktor i ulike bu- og omsorgstiltak m.a.:
  - Bufellesskap m/heildøgns bemanning
  - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
  - Vertsfamilie
- Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar:
  - Medlevarturnus
  - Langturnus

- 3-delt turnus
- Kombinasjonsturnus
- Turnustillegg; 1/1 natt, 1/3 natt

3. Organisering, ansvar og samarbeid

- Organisering av EM-arbeidet i barnevernstenesta
  - Konsekvensar for Volda som vertskommune
  - Kontaktledd/ansvarleg instans i samarbeidskommunane
  - Tverrfagleg samarbeid
  - Kva ansvar skal eventuelt overførast til vertskommunen Volda
    - Søknad om tilskot, refusjonar
- Alternative ordningar i eiga kommune

4. Finansiering og tilskot

- Ulike tilskot
- Refusjon
- Samanstille tilskot og refusjonar med kostnader for ulike tiltak

5. Kvalifisering

- Skule
- Arbeid/praksisplass
- Fritid etc.

6. Helse

- Fysisk og psykisk helse
- 1.line og 2.line

Volda 06.01.2016

Rune Sjurgard

rådmann

Informasjonsbrev

Om bosettingsarbeidet



2. kvartal 2016

Til alle bosettingskommuner i Midt-Norge

Hei alle sammen,

IMDi Midt-Norge ønsker å oppdatere bosettingskommunene og asylmottakene om bosettingsarbeidet i vår region så langt i 2016. Vi vil også gi dere kontaktinformasjon for IMDI Midt-Norge i sommerferien 2016.

Som vi har informert dere om i vårt informasjonsbrev datert 15.03.16, var det i årets første måneder et sammensatt bilde som preget bosettingssituasjonen både nasjonalt og regionalt. Det var få flyktninger i asylmottakene som hadde fått innvilget oppholdstillatelse og som ventet på å få tildelt en bosettingskommune, til tross for at det satt over 20.000 asylsøkere i mottakene som ikke hadde fått behandlet sine søknader av UDI. Flere kommuner hadde meldt inn ledig bosettingskapasitet, og IMDi hadde utfordring med å finne nok flyktninger til disse. Det er gledelig at situasjonen nå er i ferd med å snu: UDIs kapasitet til å behandle asylsøknader har økt, i tillegg behandler de en større andel av sakene med høy sannsynlighet for å få opphold. Det betyr at det blir stadig flere flyktninger på mottak som IMDi kan tildele bosettingskommune. UDI har en troverdig plan for å ta igjen det manglende antallet vedtak fra årets første måneder i løpet av sensommer og høst.

Pr 31.mai 2016 var det 4535 bosettingsklare flyktninger i Norge. Syria, Eritrea og Afghanistan utgjør tre største flyktninggrupper. Når det gjelder enslige mindreårige, er det Afghanistan og Eritrea som er utgjør størst bosettingsbehov.

Til tross for få bosettingsklare flyktninger i asylmottakene i årets første måneder bosatte kommunene flere flyktninger enn ifjor på samme tidspunkt. Per 16.juni 2016 var det bosatt 822 personer i Midt-Norge. Dette er 229 flere enn på samme tid i fjor, 360 flere enn i 2014 og 624 flere enn i 2013 på samme tidspunktet! Det foreligger avtale med kommunene om bosetting av ytterligere 437 personer.

Det er to viktigste momenter som forklarer det høye bosettingstallet: ved utgangen av 2015 var det mange flyktninger som allerede hadde fått tildelt en bosettingskommune, og som ble faktisk bosatt tidlig i 2016. Kommunene har også fått bosette 100 flere overføringsflyktninger enn i fjor på samme tidspunkt.
Det er positivt at det så langt ble bosatt flere flyktninger i år enn i fjor. Men som dere kan se på tabellen nedenfor, må det bosettes enda flere for å kunne komme i mål.

Måltall for bosetting i Midt-Norge i 2016

Måned	jan	feb	mar	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Månedlig måltall	233	233	233	233	233	233	233	233	233	233	233	233
Antall bosatt i måneden	81	164	177	146	143	111 (pr 16.06)						
Måloppnåelse (%)	35	70	76	63	61	48						
Måltall i 2016	233	466	699	932	1.165	1.398	1.631	1.864	2.097	2.330	2.563	2.790
Faktisk bosetting i 2016	81	245	422	568	711	822 (pr 16.06)						
Måloppnåelse (%)	35	53	60	61	61	59 (pr 16.06)						

Kommunene må forberede seg til rekordhøyt bosettingstempo i 3. og 4. kvartal

Bosettingssituasjonen har som nevnt ovenfor endret seg, og i løpet av 3. og 4. kvartal vil antall bosettingsklare flyktninger uten tilbud om bosettingskommuner øke. Vi ber derfor kommunene om å planlegge for økt bosettingstempo både utover sommeren og etter sommeren.

IMDi vil fordele så mange flyktninger som mulig til kommunene i sommer og holde saksbehandlingskapasiteten oppe gjennom hele sommeren. **Oversikt over saksbehandlere som skal være på jobb i sommerferien er vedlagt.**

Vi har tidligere i egne skriv til kommunene – sendt til både ordførere, rådmenn, flyktningtjenester og voksenopplæringer – orientert om at IMDi periodevis i år på grunn av begrenset antall bosettingsklare flyktninger, har måttet prioritere å tildele flertallet av de bosettingsklare til de 11 store kommunene som vi har forpliktende samarbeidsavtale med samt ytterligere 5-6 kommuner som bosetter jevnt og kvartalsvis.

Ta kontakt!
Nå er tilgangen på bosettingsklare flyktninger så vidt god at vi ønsker at flest mulig kommuner kommer i gang med sin bosetting. Mange mindre kommuner har allerede fått utsøkt flyktninger. Kommuner som er klare til eller snarlig er klare til å bosette, bes nå aktivt ta kontakt med IMDi for å avklare presentasjon og utsøking.

Behov for økt bosettingskapasitet for enslige mindreårige under 15 år.

Pr 31.05 var det 540 enslige mindreårige (EM) bosettingsklare i Norge hvorav 250 under 15 år. Tabellen under viser en stor økning på antall enslige mindreårige under 15 år. Det er Bufetat som har bosettingsansvar for den gruppen

Bosettingsklare enslige mindreårige: bosettingsplasser og ventetid

	IMDi		Bufetat		Totalt	
	totalt	kor av utan bus.plass	totalt	kor av utan bus.plass	totalt	kor av utan bus.plass
0-3 mnd	187	148	107	102	294	250
3-5 mnd	52	11	90	58	142	69
6-8 mnd	43	6	48	20	91	26
9-11 mnd	6	1	4	-	10	1
>12 mnd	2	1	1	-	3	1
Totalt	286	167	250	180	540	347

Kilde: Bosettingsmånedsrapport – mai 2016: side 4.

Enslige mindreårige flyktninger er spesielt sårbare og skal prioriteres i bosettingsarbeidet. Den yngste gruppa EM er selvsagt særlig utsatt. De trenger trygge og gode oppvekstsvilkår, og bosetting av disse krever et tilpasset apparat i kommunene. Målet er at de skal bosettes innen tre måneder når de får innvilget oppholdstillatelse. Tabellen over viser at pr 31. mai var det 246 enslige mindreårige som hadde ventet på bosetting mer enn tre måneder hvorav 97 uten tilbud om bosettingskommune. 80 prosent av enslige mindreårige uten tilbud om bosettingskommune (78) er de under 15 år, og de har ventet mer enn tre måneder. Det vil si at kun 19 enslige mindreårige over 15 år ikke har fått tildelt bosettingskommune.

Det er uheldig at de yngste enslige flyktningbarna må vente lengre enn andre bosettingsklare flyktninger. Vi ber kommuner med vedtak om bosetting av enslige mindreårige å vurdere konvertering av noen av plassene til bosetting av de minste barna. **Ta kontakt med IMDi hvis dette er aktuelt.** Samtidig ber vi kommuner som ikke har vedtak om å bosette EM, om å stille seg velvillig hvis Bufetat finner konkrete fosterhjem for EM i disse kommunene. Vi gjør oppmerksom på at det gis et ekstra tilskudd på kr 100.000 til kommunene for hver EM som bosettes – dette gjelder også når Bufetat finner fosterhjem.

Så langt har kommunene fattet vedtak om å bosette 2 800 enslige mindreårige flyktninger i år. De siste prognosene viser at det er behov for å bosette om lag 2 100 enslige mindreårige flyktninger, hvor av om lag 600 er under 15 år. Det tilkommer riktignok ca 300 unge som nylig har rukket å fylle 18 år. Totalt altså ca 2400. Behovet for plasser til enslige mindreårige over 15 år i 2016 er dekket, mens det fortsatt er en betydelig mangel på plasser til de under 15 år.

Kvoten for overføringsflyktninger i 2016

Som vi tidligere har informert kommunene om, er det behov for å gjenbosette 3.120 overføringsflyktninger i år. Dette er en økning på 1.000 personer som skyldes større kvote for syriske overføringsflyktninger. Nedenfor finner dere oversikten over kvoten for overføringsflyktningene i 2016.

Underkvote	**Antall**
Flyktninger fra Syria i Midtøsten (Libanon, Jordan og Tyrkia)	3000
Åpne plasser	120

I samarbeid med UDi, PU og PST har IMDi allerede gjennomført fire uttakskommisjoner til Libanon. Hittil i år er det innvilget oppholdstillatelse til 1.700 syrere i Libanon.

Det er ganske mange av flyktningene som vil ha behov for psykologisk oppfølging etter ankomst, noe som skyldes den situasjonen de har levd under de siste årene.
Les gjerne mer om kulturorienteringsprogrammet på IOM sine nettsider;
http://www.iomosloco.com/index_no.html.

Bosettingsbehov for perioden 2016- 2017 skal revideres

Det avholdes møte i «Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger og etablering og nedlegging av asylmottak samt omsorgssentre» den 23.-24.juni 2016. Formålet med møtet er å evaluere ankomst- og mottakssituasjon og revidere bosettingsbehov for inneværende og neste år.

Vi kommer tilbake med oppdatert informasjon til alle kommuner om oppdatert bosettingsbehov for både 2016 og 2017 så snart etterarbeid og konklusjoner etter møtet i Nasjonalt utvalg er ferdigstilt. Anslagsvis ultimo juni eller primo juli.

IMDi antar at konklusjonen kan bli et behov for bosetting i 2016 på 16.000 mot 18.000 i forrige prognose. Et behov på 16.000 er om lag i tråd med det antall vedtaksplasser kommunene har stilt til rådighet. For 2017 kan bosettingsbehovet bli fastsatt litt lavere enn for 2016. Behovet vil uansett være langt under tidligere prognose på 21.000. Dette skyldes først og fremst lavere ankomster av asylsøkere.

Anmodning 2017

Hvis Nasjonalt utvalg fastsetter endelig bosettingsbehov på sitt møte nå i juni, vil IMDi anmode kommunene for 2017 i august d.å. Hvis utvalget velger å utsette dette til sitt møte i august, vil anmodning bli gjort i september.

IMDi Midt-Norge ønsker dere en God sommer 2016!



VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Nina Kvalen	Arkivsak nr.:	2016/988
		Arkivkode:	243

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
133/16	Formannskapet	16.08.2016

UTVIKLINGSMIDLAR TIL KOMMUNALE KVALIFISERINGSTILTAK

Administrasjonen si tilråding:

1. ***Formannskapet godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med nye kvalifiseringstiltak for flyktningar, slik det kjem fram av saksutgreiinga.***

2. ***Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeidet med kvalifiseringstiltaka som skildra i saksutgreiinga. Det vert oppretta ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.***

3. ***Samla er prosjekta kostnadsrekna til ei kostnadsramme på kr 2 714 000 og vert finansiert med tilskotsmidlar på kr 1 714 000, eigenfinansiering og bruk av tidlegare løyvde midlar på kr 1.mill.***
    a. ***Kr 1,3 mill. av tilskotsmidlane har Volda kommune fått tilsegn om, og rapporterer på:***
        i. ***IMDi (kr 400 000 til kantinedrift på rådhuset)***
        ii. ***Fylkeskommunen (kr 500 000 til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy***
        iii. ***Fylkesmannen (kr 400 000 i prosjektskjønn til kommunale kvalifiseringstiltak)***
    b. ***Kr 264 000 av tilskotsmidlane til prosjektet «Jobbmentor», har Høgskulen i Volda fått tilsegn om, og rapporterer på.***
    c. ***Kr 150 000 av tilskotsmidlane har den frivillige organisasjonen «Kimen, sosial entreprenør Volda» fått tilskot om, og rapporterer på.***

Vedleggsliste:

1. NAV: Søknad og tilsegnsbrev – Kimen, sosial entreprenør Volda.
2. Artikkel i Møre 21.04.16 – Kimen til ein ny start.

3. Fylkeskommunen: Søknad og tilsegnsbrev - Entreprenørskap som integrasjonsverktøy
4. Jobb i sikte – språkutvikling, arbeidstrening og kvalifisering av flyktningar i Volda. Utkast leveranseskildring frå Furene AS. Juli 2016.
5. PowerPoint-presentasjon frå eigarmøte på Furene AS 01.06.16 - Etablering av kommunale kvalifiseringsarena.
6. IMDi: Søknad og tilsegnsbrev - Kantine på rådhuset.
7. Fylkesmannen: Søknad og tilsegnsbrev – Kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar.
8. IMDi: Søknad om tilskot til prosjektet *Jobbmentor*.

Uprenta saksvedlegg:

1. K-sak 48/16 handsama i møte 21.04.16: Fordeling av midlar til asyl-, busetjings- og integreringsarbeidet.
2. K-sak 4/16 handsama i møte 28.01.16: Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017.
3. Sitat av direktør i Ferd Sosiale Entreprenører, Katinka Greve Leiner: (http://www.ferd.no/sosiale_entreprenorer/hvaersosent)
4. Pressemelding frå fylkeskommunen 03.06.16 om tilskot til Volda for etablering av EntreprenørskapsLAB: https://www.volda.kommune.no/nyhende/ein-halv-million-i-entreprenorskapslab-for-innvandrarar.31376.aspx

Samandrag av saka:

Volda læringssenter har ansvar for eit område som har vore i stor vekst siste åra. Auka busetjing har ført til auka tal flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram, som treng tidleg språk- og arbeidstrening. Det å busetje og kvalifisere flyktningar til arbeid/utdanning krev eit tiltaksapparat som kan ivareta alle sider ved det heilskaplege kvalifiseringsløpet, og at ein betrar kvaliteten og resultata i norskopplæringa og introduksjonsprogrammet. Særleg er det behov for gode tiltak for personar med liten eller ingen skulebakgrunn. Flyktningar i ei tidleg kvalifiseringsfase er ikkje prioritert målgruppe for NAV sine tiltak. Tiltak i NAV er heller ikkje tilpassa målgruppa. Viktige spørsmål vidare er: Korleis sikre berekraftig busettings- og integreringsarbeid? Korleis få fleire flyktningar i jobb og bli sjølvforsørga? Korleis betre kvalifiseringa av flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram? Korleis sikre overgang til ordinært arbeid/utdanning etter introduksjonsprogrammet?

Rådmannen meiner det er naudsynt å byggje opp fleire kommunale kvalifiseringsarena for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. Kommunen har søkt og fått tilsegn om kommunale utviklingsmidlar frå IMDi til kvalifiseringsarbeidet sidan 2012. For 2016 vart det søkt midlar til kantinedrift på rådhuset. For 2017 er målet å søke midlar til eit prosjekt innan reinhald, sal og service. I tillegg har kommunen søkt og fått tilsegn om utviklingsmidlar frå NAV, fylkeskommunen og fylkesmannen til etablering av kommunale kvalifiseringstiltak i 2016 og 2017. Kommunestyret har i k-sak 48/16 løyvd ei ramme til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak på kr 1 mill. i 2016. For 2017 er ramma sett til kr 1,2 mill.

Saksopplysningar:

Det bur 845 innvandrarar i Volda, dvs. 9,4% av folketalet (fylkesstatistikk for Møre og Romsdal). Kommunen har dei seinare åra busett om lag 30 flyktningar årleg. I 2015 vart det busett 40 flyktningar. I tillegg kom ni på familiesameining. Det er lagt opp til tilsvarande busetjingsvolum i år og neste år. Volda læringssenter har i dag 230 elevar i norskopplæring og samfunnskunnskap, og 50 av desse er deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Til ei kvar tid har skulen 1-2 grupper med vaksne elevar, som har liten eller ingen skulebakgrunn. Desse treng meir praktisk retta språk- og arbeidstrening i arbeidet med


grunnleggjande kvalifisering, og er prioritert målgruppe for innovasjons- og utviklingsarbeidet i 2016.

Flyktninggruppa er ei svært samansett gruppe, med tanke på kultur, religion, arbeidserfaring og skulebakgrunn. Ei gruppe ein opplever som utfordrande å gi gode nok tiltak til, er godt vaksne kvinner med ein kulturbakgrunn der jenter ikkje har hatt førsteprioritet når det gjeld skulegang, men som kan ha mykje praktisk kunnskap og arbeidserfaring. Vanskar med å lære norsk og forstå systemet, kompetanse som ikkje let seg dokumentere og/eller som arbeidslivet ikkje etterspør, er faktorar som bidreg til at desse lett vert sette utanfor.

Gruppa av noverande deltakar som vert vurdert til ikkje å lære seg nok norsk til å kunne delta i det norske arbeidslivet i dag, utgjer mellom 5-10 personar. Denne gruppa går ofte over i eit arbeidsavklaringsløp hos NAV etter avslutta introduksjonsprogram. Etter avslutta program har ikkje læringssenteret lenger ansvar for deltakarane. Då er ansvaret for å følgje opp den einskilde overført til NAV. Det er difor vanskeleg å halde oversikt over kor mange av dei tidlegare deltakarane i introduksjonsprogrammet som til ei kvar tid står utanfor arbeidslivet og er mottakarar av sosialstønad. Vi veit at dette er ei utsett gruppe og at andelen kvinner i gruppa er høg. Mottakarar av sosialstønad vert lett marginaliserte og fleire slit med risiko for varige helseplagar. Det er difor svært sannsynleg at denne gruppa kan kome til å stå for ein aukande del av utgiftene til helse og omsorg for kommunen. Å legge til rette for at også desse kan få nytte evnene og ressursane sine, vil såleis vere eit stort vinn- vinn.

Rådmannen meiner det er naudsynt å byggje opp fleire kommunale kvalifiseringsarena for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. Kommunen har søkt og fått tilsegn om utviklingsmidlar til fleire innovasjonsprosjekt i arbeidet med kvalifisering av flyktningar i 2016 og 2017, frå IMDi NAV, fylkeskommunen og fylkesmannen. Kommunestyret har også i k-sak 48/16 i møte 21.04.16 løyvd ei ramme til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak på kr 1 mill. i 2016. Ramma er sett til kr 1,2 mill. for 2017.

Fleirkulturell EntreprenørskapsLAB Volda
Satsinga på å byggje fleire kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar i Volda gjennom forprosjekt og utprøving av nye innovasjonsprosjekt, er samla under paraplyen og nemninga *Fleirkulturell EntreprenørskapsLAB Volda*. Under følgjer oversikt over prosjekta som er under etablering, og korleis arbeidet er tenkt organisert:



Kimen, sosial entreprenør Volda
Volda kommune har delteke i Nasjonal innovasjonsskole for kommunesektoren med tre studentar, som i juni 2016 fullførte eit utdanningsløp over to semester i regi av Høgskulen i Lillehammer. Som utgangspunkt for studiet valde studentane ei utfordring som kommunen står overfor, der det er behov for å finne nye løysingar. Utfordringa er knytt til kvalifisering til entreprenørskap for busette flyktningar i Volda, og då med sterkast fokus på dei som av ulike årsaker har små sjansar for å kome seg inn på den ordinære arbeidsmarknaden i Volda. Som eit verkemiddel etablerte studentgruppa innovasjonsprosjektet *Kimen, sosial entreprenør Volda*, registrert som ein frivillig organisasjon. Gjennom denne vart det søkt forprosjektmidlar for 2016 gjennom Nav, der Kimen fekk tilsegn om kr 150 000, med høve til å søke ytterlegare driftsmidlar over tre år til eit sosialt entreprenørskapstiltak.

Kimen skal vere eit godt sosialt miljøtiltak, samstundes som det på sikt kan bli skapt arbeidsplassar der praktisk etableringsopplæring bygd på realkompetanse, skal skape arbeidsplassar og etablering av mindre verksemder. Kimen er tenkt som ein øvingsarena for å etablere små verksemder der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester i ei trygg og risikofri ramme. Sunnmøre kulturnæringshage, med sin kompetanse på entreprenørskap, peikar seg ut som eit naturleg kontaktpunkt. Prosjektleiar vert engasjert frå august 2016. Den frivillige organisasjonen, *Kimen, sosial entreprenør Volda*, er mottakar av tilskotet, og rapporterer på dette. Prosjektskjønn frå fylkesmannen vil også nyttast til utprøving av *Kimen, sosial entreprenør Volda*, sjå under.

Sosialt entreprenørskap er ein type etableringar som er oppretta for å løyse definerte sosiale problem. Desse etableringane opererer med ”dobbel botnlinje”. Det eine er kva ein oppnår av sosiale resultat. Den andre, sjølve forretningsdrifta, som gjerne må gå i pluss, kan ikkje vere styrande om tiltaket skal verte definert som sosialt entreprenørskap. Direktør i Ferd Sosiale Entreprenører, Katinka Greve Leiner, seier følgjande om sosialt entreprenørskap: *”Sosialt entreprenørskap er på sitt beste når den ser resurser der andre ser problemer”*. I Kimen er denne tenkinga sentral. Det er kva den einskilde har av kompetanse, erfaring eller praktisk kunnskap som skal vere styrande og ligge til grunn for å skape sine eigne arbeidsplassar eller

aktivitet i ei eller anna grad. Ideen bak Kimen er å skape ein arena for meining og meistring, eit sosialt og arbeidsmessig fellesskap, slik at alle som eit minimum skal få eit tilpassa og meiningsfult aktivitetstilbod i Volda. At fleire aktørar i lag når lenger og står sterkare enn få, vil vere ein grunntanke i drifta.

Verksemda blir forretningsmodellert kring lean-startup prinsippa. Vi prøver ut nokre produkt, testar marknaden om det er grunnlag, og tilpassar produksjonen innan dei rammene vi har. Her snakkar vi om produksjon i vid tyding, også tenester. I starten vil dette verte organisert som ein paraply der kvar einskild produsent vil ha forteneste etter omsetjing, få rettleiing og opplæring i starten, for så gradvis å verte sjølvstendige. Deltakarane vil etter kvart kunne etablere sjølvstendige verksemder.

Ein del av Kimen er ein marknadsplass, som i tillegg til å vere eit sosialt fellesskap vil vere eit utstillingsvindauge både for produksjon og sal, samt ein øvingsarena for butikkdrift og administrasjon. Elles vil Kimen opererer på mange arena. Ein viktig del av Kimen er kartlegging av lokalsamfunnet sitt behov for arbeidskraft og/eller nyetablering. Å kreativt spele på lag med lokalsamfunnet, næringslivet, offentlege institusjonar og publikum elles er sjølve føresetnaden for å lukkast. Her skal det skje tenesteinnovasjon, og denne må bygge på deltakarane sin kompetanse i samspel med fleire aktørar. Kimen har som mål å kunne gi ei moglegheit på alle meistringsnivå, og utgjere eit tilskot til introduksjonsløpet som sikrar deltakarane kontinuitet i systemet, slik at dei slepp å avslutte eit løp for å starte eit nytt.

Ungt entreprenørskap er eit tiltak tilpassa ulike utdanningsnivå i opplæring, i å drive eiga bedrift. Volda læringssenter kvalifiserer sine elevar på ulike nivå, også ungdomsskulenivå. Ein har dermed som ein del av entreprenørskapssatsinga valt å kople Volda læringssenter til Ungt entreprenørskap som ungdomsskule. Dermed kan Volda læringssenter køyre dette opplegget for sine elevar. Dette vil byggje ein grunnkompetanse som vil styrke gruppa som ønskjer å utvikle eigne bedrifter. Erfaringar frå andre stadar, til dømes Oslo og Drammen, har vist til gode resultat i satsing på god rettleiing og opplæring av fleirkulturelle gründerar.

I tillegg til midlar frå NAV til forprosjektet *Kimen, sosial entreprenør Volda*, har fleire aktørar søkt og motteke tilskotsmidlar til etablering av ulike kvalifiseringsarena og kvalifiseringstiltak for busette flyktningar i Volda.

Entreprenørskap som integrasjonsverktøy
Fylkespolitikarane i Møre og Romsdal vedtok 07.06.16 fordeling av i alt to millionar til nyskapande integreringsprosjekt i kommunane. Dei valde å støtte etablering av entreprenørskapsLAB i Volda med kr 500 000 til bruk i 2016 og 2017, for etablering av aktivitetar som entreprenørskapstrening, skomarkarverkstad, kantinedrift og pop-up-butikkar. Det vedtekne tilskotet er kr 125 000 lågare enn omsøkt. Budsjettet vil bli redusert tilsvarande. I pressemelding av 03.06.16 kjem det fram at fylkeskommunen har prioritert å støtte: «prosjekt som tydeleg bidreg til at innvandrarar kvalifiserer seg for arbeidslivet eller får prøvd seg som gründerar. Fylkeskommunen vil spele på lag med kommunane i integreringsarbeidet, i ny fylkesplan vil integrering bli ei viktig prioritering. - Vi må gjere ein innsats for å få innvandrarar hurtig i arbeid slik at dei skal bli ein del av lokalsamfunnet dei bur i. Det er ein vinn-vinn situasjon for regionen og innvandrarane».

Volda kommune, i samarbeid med Volda læringssenter, Frivilligsentralen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda Næringsforum ønskjer å etablere ein ny modell for integrering av flyktningar, der entreprenørskap står i fokus. Vi vil etablere ein entreprenørskapsLAB for innvandrarar der ein kan kombinere ulike verkemiddel for å auke talet på berekraftige bedriftsetableringar gjort av innvandrarar. Ein vil bygge vidare på innovasjonsarbeidet kommunen starta i 2015 med deltaking i Sunnmøre Regionråd sin innovasjonsskule i regi av

Høgskulen på Lillehammer, som resulterte i søknad og tilsegn av midlar frå NAV til forprosjektet: *Kimen, sosial entreprenør Volda*. Aktivitetar i entreprenørskapsLABen er m.a. tenkt å vere; skredderi med opplæring, skomakarverkstad i samarbeid med lokal skobutikk, IKT løysingar der ein kan trene på butikkdata/POS arbeid, jobbsentral der ein kan utvikle og utføre arbeid for innbyggjarane, kompetanseheving med undervising i entreprenørskap på morsmål, testlab for forretningsidear, innføring i bruk av mikrokreditt og frendefinansiering.

Deltaking i arbeidslivet er ein viktig føresetnad for å verte integrert i samfunnet. Volda har eit noko utypisk arbeidsliv, med ein svært stor andel offentlege arbeidsplassar. Desse krev stor grad spesialutdanning. Kommunen erfarer at enkelte grupper av flyktningar har vanskelegare med å kome inn i arbeidsmarknaden enn andre. Vanskar med å lære norsk og forstå systemet, kompetanse som ikkje let seg dokumentere og/eller som arbeidslivet ikkje etterspør, er faktorar som bidreg til at desse vert sette utanfor. Sosialstønad eller trygd er då løysinga, noko som ofte vil medføre utanforskap. Utanforskap er helsefarleg, og vil på sikt påføre ytterlegare belastningar både for den det gjeld og for samfunnet.

Mellom dei busette flyktningane er det stort mangfald i kunnskap, formell som uformell, og fleire har bakgrunn i ein kultur der det å drive eiga verksemd er meir vanleg enn her. Vi har tankar om at er ein dyktig på eit område kan det overførast til eit anna miljø. Vi har tru på at nytenking vil snu problem til ressurs. Av søknaden til fylkeskommunen kjem det fram at noko av midlane er tenkt nytta til samordning og koordinering mellom dei ulike innovasjonsprosjekta knytt til kvalifisering av flyktningar som er under etablering i Volda. Dette blir organisert under «paraplyen» og nemninga: *Fleirkulturell entreprenørskapsLAB Volda*. Volda kommune er mottakar av tilskotet frå fylkeskommunen, og rapporterer på dette. Løyvinga frå k-sak 48/16 til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak og prosjektskjønn frå fylkesmannen, vil nyttast til delfinansiering av tiltaket.

Samarbeid med Furene AS
Volda kommune har innleia eit samarbeid med Furene AS i arbeidet med å byggje opp nye kvalifiseringsarena for flyktningar. Furene AS har unik kompetanse og erfaring knytt til avklaring, opplæring, kvalifisering og formidling. Dei nyttar vare- og tenesteproduksjon som verkemiddel for kvalifisering og har kompetanse på arbeidsretta tiltak som Volda læringssenter ikkje har pr. i dag. Dei har tidlegare erfaring med eit kvalifiseringsprosjekt for langtidsledige flyktningar på oppdrag frå NAV Ørsta/Volda, og driftar i dag kantine på Furene AS, og kantine- og aktivitetssenter på BakkOlamarka for Ørsta kommune. Volda er vertskommune og den største av eigarkommunane til Furene AS, og har til no i lita grad samarbeidd med Furene AS om kvalifiseringstiltak for brukarar. I mai hadde vi det første samarbeidsmøte, og det er allereie etablert eit godt samarbeid om prosjektet som har fått nemninga: *Jobb i sikte – språkutvikling, arbeidstrening og kvalifisering for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram i Volda*. Samarbeidstiltaka er knytt til *Kantine på rådhuset* og kommunale praksisplassar i eit *Drifts- og vedlikehaldsteam på kommunale arena.* Ei veke i juni etter skuleslutt, var det også eit samarbeid med Furene AS. Flyktningar, som del av introduksjonsprogrammet, fekk kome til Furene AS sine lokale i Furene, og lage benkar og utebord på bestilling frå kommunen til utplassering på ulike kommunale arena.

Kantine på rådhuset
Volda læringssenter søkte og fekk tilsegn om kr 400 000 i kommunale utviklingsmidlar frå IMDi i 2016, til etablering av kantinedrift på rådhuset i Volda. Utgangspunktet for søknaden er at læringssenteret treng fleire kvalifiseringsarena for flyktningar med liten eller ingen skulebakgrunn. I kantina på rådhuset fann dei uløyste oppgåver. Kantina fungerte berre som pauserom og det er behov for å sørve kjøkkenfunksjonar som enkel kantinedrift med sal av lunsjrettar og reinhald, bestillingsordning for møtemat, reinhald/klargjering av møterom, reinhald og påfylling av kaffimaskiner. I tillegg ev. tøyming av papir/makulering på rådhuset.



Tiltaket kombinere norskopplæring med språk- og arbeidstrening i kantina. Norskopplæringa blir retta mot arbeidslivskunnskap knytt til kantinedrift, reinhald, sal og service. Etter kvart vil ein vurdere om kantinedrifta skal etablerast som ein INTRO-bedrift (elevbedrift).

Målgruppe for tiltaket er elevar med liten eller ingen skulebakgrunn, som treng språk- og arbeidstrening med tett oppfølging. Kantinedrifta på rådhuset starta opp i juni 2016, og tilsette kan i dag kjøpe enkle lunsjrettar. Dei har også hatt nokre bestillingar av kaffi og møtemat til møteverksemd på rådhuset. Til no har maten blitt laga på kjøkkenet til Furene AS i Furene, og seinare frakta til rådhuskantina. Dette fordi ein må gjere nokre grep i kantinekjøkkenet for lovleg å kunne lage mat der for sal. Ombygging i kantina vert gjort i sommar. Frå hausten er målet at all maten skal lagast i kantina. Også elevane vart frakta til Furene for å lage maten der. Dette har vist seg å vere svært nyttig. Elevane har møtt andre på tilsvarande arbeidstreningstiltak, og lært korleis kantinedrifta på rådhuset må organiserast. Volda kommune ved Volda læringssenter er mottakar av tilskotet og rapporterer på dette. Løyvinga i k-sak 48/16 til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak, og prosjektskjønn frå fylkesmannen, vil nyttast til delfinansiering av tiltaket.

Drifts- og vedlikehaldsteam i praksis på kommunale arena
Tiltaket er utvikla i samarbeid mellom Volda læringssenter og Furene AS på bakgrunn av at fleire flyktningar treng språk- og arbeidstrening med tett oppfølging, samstundes som det er behov å utføre utløyste oppgåver på fleire kommunale arena, m.a. i skular, barnehagar, uteseksjonen, helse og omsorg. Kommunen må anten styrke kommunale tenester eller kjøpe tenester frå andre for å organisere arbeidet. Tiltaket skal ivareta kartlegging, arbeidsavklaring, rettleiing/motivering, arbeidslivsnorsk, opplæring i relevant HMS for fagområde, og relevant arbeidstrening som kvalifiserer til ordinært arbeid. Arbeidstreninga skal primært skje på ulike kommunale arena som har uløyste oppgåver. Furene AS tilbyr supplerande arbeidstrening på Furene sine arena for arbeidstrening. Omfang for tiltaket er i første omgang sett til seks deltakarar. Dei fire første vart kartlagt av Furene AS i juni 2016. Målet er oppstart i praksis i sept./okt. 2016. Løyvinga i k-sak 48/16 til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak, og prosjektskjønn frå fylkesmannen, vil nyttast til delfinansiering av tiltaket.

Jobbmentor
Høgskulen i Volda, i samarbeid med bedrifta Inclusion AS og Volda læringssenter, søkte og fekk tilsegn om kr 264 000 i tilskot frå IMDi til å etablere ei mentorordning knytt til språk- og arbeidstrening i lokalt næringsliv. Jobbmentorprosjektet skal gjere mentorar i språkpraksisbedrifter tryggare i mentorrolla. For «menteene» (flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram) vil ordninga bidra til å heve kvaliteten på språkpraksisopphaldet. Dei får betre språkleg utbytte av praksisopphaldet, opplæring i korleis norsk arbeidsliv fungerer og tilgang til viktig nettverksbygging innan arbeidslivet.

Prosjektarbeidet er godt i gang. Inclusion AS gjennomførte i mai ei undersøking i 11 eksisterande språkpraksisbedrifter i Volda for å danne eit bilete av verksemdene si oppleving av det å ha språkpraksiskandidatar. 13 personar frå verksemdene vart intervjua. Gjennom intervjua vart det belyst problemstillingar knytt til erfaringar og utfordringar med å ha språkpraksiskandidatar, samt innhenta informasjon om behov for opplæring og ytterlegare støtte i det som er hovudintensjonen bak språkpraksisplass; at praktikanten skal bli betre i norsk og bli kjent med norsk arbeidsliv. På bakgrunn av funn i undersøkinga er det utarbeidd

ei skisse til *Jobbmentor-opplæring og mentorsamling*, for dei som følgjer opp praktikanten i det daglege, dvs. tilsette i bedriftene og i kommunen. Jobbmentor-opplæringa og mentorsamlinga vil skje hausten 2016. Vi vonar også på ringverknader i form av auka tal språkpraksisplassar. Det er Høgskulen i Volda som er mottakar av tilskotet, og som rapporterer på dette.

Prosjektskjønn frå fylkesmannen
Bakgrunn for Volda kommune sin søknad om prosjektskjønn til fylkesmannen for 2016 er arbeidet med etablering av fleire kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar. I søknaden er det vist til at kommunen vil starte innovasjons- og utviklingsprosjekt som ivaretek flyktningane sine behov for grunnleggjande kvalifisering, samstundes som vi tilpassar dette til lokalt arbeidskraftbehov. Kommunen vil nytte entreprenørskap som integreringsverktøy i kvalifiseringsarbeidet, ved å gi praktisk etableringsopplæring tilpassa realkompetansen til den einskilde. Målet er at dette skal gi ringverknader ved at flyktningane sjølve på sikt kan skape sine eigne arbeidsplassar. I 2016 vil fokuset vere oppstart av *Kantinedrift på rådhuset* og utprøving av *Kimen, sosial entreprenør Volda*. Kommunen fekk tilsegn om kr 400 000. Tilskotet er kr 100 000 lågare enn omsøkt og budsjettet vil bli redusert tilsvarande. Midlane skal nyttast til å få på plass ein kompetent personalressurs til å leie arbeidet med etablering av kommunale kvalifiseringsarena, løn til prosjektleiar, etablering av verkstad/marknadsplass, entreprenørskapskurs og gjennomføring av verkstader. Volda kommune er mottakar av tilskotet og rapporterer på dette.

Samordning og koordinering av kommunale kvalifiseringstiltak for flyktningar
Ein ser behov for å koordinere dei ulike innovasjonsprosjekta og aktivitetane i satsinga på å byggje fleire kommunale kvalifiseringsarena for flyktningar. Av søknaden til fylkeskommunen kjem det fram at noko av midlane skal nyttast til samordning og koordinering mellom dei ulike prosjekta. Dette er tenkt organisert under rådmannen og vil ha ei koordinerande rolle i høve fem prosjekta som no er under etablering:

1. Kimen, sosial entreprenør Volda
2. Fleirkulturell entreprenørskapsLAB Volda
3. Kantinedrift på rådhuset
4. Drifts- og vedlikehaldsteam på kommunale arena
5. Jobbmentor

Det skal opprettast ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert, og ei prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.

Samarbeid med Sunnmøre kulturnæringshage AS
Volda kommune har samarbeidsavtale med Sunnmøre Kulturnæringshage AS om drift av det kommunale hoppid.no kontoret i Volda, som også gir entreprenørskapsrettleiing til busette flyktningar. Sunnmøre Kulturnæringshage AS vil bidra med eigeninnsats i både prosjektet Kimen, sosial entreprenør Volda og prosjektet Fleirkulturell entreprenørskapsLAB Volda. Personalressursar i kulturnæringshagen vil nyttast til vidare arbeid med prosjektet Kimen, sosial entreprenør Volda, og ein kan nytte same personalressurs i prosjektet Fleirkulturell entreprenørskapsLAB Volda. Sunnmøre Kulturnæringshage AS vil då ha arbeidsgivaransvar for personell som til sjølvkost blir utleigt til Volda kommune for praktisk gjennomføring av det tidsavgrensa prosjektet Fleirkulturell entreprenørskapsLAB Volda, med arbeidsleiing frå Volda kommune sin prosjektansvarlege.

Samarbeid med Møreforsking
Volda kommune er i dialog med Møreforsking knytt til at forskingsrådet i Møre og Romsdal har att ein del midlar i eit program som er kalla VRI. Desse skal brukast på forsking knytt opp mot bedrifter eller det offentlege i 2016. Det er kommunen som må søkje, men Møreforsking vil bistå med søknaden. Ein tek sikte på å sende søknad om VRI-midlar så

raskt som råd etter ferieavviklinga. For å få midlar må ein t.d. ville endre arbeidsmåte eller måten ein driv aktivitet og tenester. Det skal altså vere noko nytt ein prøver ut, gjerne knytt til innovative prosjekt. At vi allereie er i gong knytt til etablering av nye kvalifiseringsarena for flyktningar, vil vere positivt og ikkje til hinder for å søkje.

Volda kommune og samarbeidspartnarar er kreative og har fleire innovasjonsprosjekt knytt entreprenørskap og kvalifisering av flyktningar, som er utanfor den tradisjonelle måten å arbeide på. Møreforsking har fleire røynde forskarar innan t.d. entreprenørskap, innvandring og språk. Nokre av dei har også arbeidd klinisk i flyktningtenester andre stader slik at dei kjenner feltet frå den sida. Møreforsking vil soleis kunne komme fort i gong, fordi det ikkje trengs å bruke tid på å lære seg fagfeltet.

Det vert ikkje tilført meir ressursar med å vere med i eit slikt program, i alle fall ikkje i fyrste omgong. VRI er forprosjektmidlar til noko som kan verte større, så dersom vi ser at dette er noko ein bør gå vidare på kan ein på eit seinare tidspunkt ta steget med å søkje på meir midlar frå forskingsrådet, IMDi, fylkeskommunen, fylkesmannen, NAV, KS og andre, som kan nyttast til vidare drift av innovasjonsprosjekta. I VRI går midlane til finansiering av forskinga og publiseringa av det ein finn ut/dokumenterer. Kommunen sin del vil vere det arbeidet vi allereie gjer i prosjektet. Altså ligg det ikkje nokon meirkostnad for kommunen så lengje forskarane får vere med på møte og følgje etableringa av dei nye kvalifiseringstiltaka.

Det å kople Møreforsking på å følgje prosessen med å organisere og etablere nye kvalifiseringsarena for flyktningar, vil vere nyttig for å kunne dokumentere arbeidet som vert gjort på ein god måte, og for å skape meir blest og dele informasjon om arbeidet med innovasjonsprosjekta og kvalifiseringstiltaka som blir etablert for flyktningar. Dette er også krav frå fylkesmannen, fylkeskommunen, IMDi og NAV, og kjem fram av tilsegnsbreva frå desse. Det vil vere nyttig å få tilgang til ekstern kapasitet til evaluering og analyse av vidare potensiale i eit prosjekt, og at vi objektivt og rasjonelt får tilgang til å sjå styrke, svakheitar, moglegheiter og risiko, og kartlagt kva ressursar som må til for å sikre ei vellukka gjennomføring. Møreforsking deltek på ulike konferansar og arbeidar tett inn mot m.a. KS på feltet. Det er flott om vi kan lansere eit «look to Volda» på eit og anna felt. Å setje Volda på kartet på ein positiv måte, vil publiseringar av forskingsresultat frå Møreforsking bidra til.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Oppbygginga av eit robust tiltaksapparat ved etablering av fleire kommunale kvalifiseringsarena, og å satse målretta på innovasjon og entreprenørskap som integrasjonsverktøy, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innafor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

TEMAOMRÅDE:	*MÅL:*	*STRATEGI:*
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.	Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.
	Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.	Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar.
	Volda sentrum skal vere eit	Utvikle samarbeid med Volda

	levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.	Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.	Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor. Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen. Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen. Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs. Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø. Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.
Folkehelse	Innbyggjarane si helse skal vere betre enn landssnittet på folkehelsebarometeret. Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.	Førebygge meir, behandle tidlegare og sikre betre samhandling både internt i kommunen og eksternt med andre aktørar. Styrke kvar enkelt sitt sjølvbilete gjennom gode førebilete, og sikre at alle får delta i samfunnet og ha ein meiningsfull og aktiv kvardag. Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering. Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene. Volda kommune skal ha eit	Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine eigne ressursar. Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats. Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen. Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen. Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon. Tilby gode tenester tilpassa

	godt omdøme.	innbyggjarane sine behov. Nytte StudiebygdA som ein merkevare og ha eit aktivt samarbeid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.
	Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.	Rekruttere marginaliserte grupper til organisasjonen. Tilby praksisplassar på alle kommunale arbeidsplassar så langt det er mogleg. Legge til rette for språkpraksis i alle kommunale sektorar. Tilby fleksible arbeidsoppgåver og/eller eit godt dagtilbod. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

Vurdering og konklusjon:
Det å busetje og kvalifisere flyktningar til arbeid/utdanning krev eit tiltaksapparat som kan ivareta alle sider ved det heilskaplege kvalifiseringsløpet. Opplæringa og kvalifiseringa gjennom Volda læringssenter er ein stor og viktig del av dette, men vi er avhengig av at flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram også får god oppfølging og gode kvalifiseringstiltak i den meir praktiske delen av kvalifiseringsløpet. Som ledd dette, og oppfølging av pkt. 4 i k-sak 4/16 om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening, meiner rådmannen at kommunen må tilby eit breiare spekter av kvalifiseringstiltak enn det kommunen i dag er i stand til å tilby, for betre å kunne lukkast i arbeidet med grunnleggjande kvalifisering av flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.

Skal vi lukkast i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet er vi avhengig av samarbeid med mange aktørar, både frivillige, private og offentlege. For å nå målet om rask språkinnlæring og overgang til ordinært arbeid og utdanning er det viktig å bruke arbeidsplassar som læringsarena. Her får flyktningane praktisere og vidareutvikle språket, arbeidstrening og bygge nettverk. Mange har fått fast arbeid gjennom språk- og arbeidstreningstiltak. Ideelt burde fleire fått arbeidsretta tiltak gjennom NAV, men grunna mangel på tilstrekkeleg med statlege tiltaksplassar i NAV, især i ein tidleg fase i kvalifiseringsløpet, må kommunen legge tilrette for fleire språk- og arbeidsretta tiltak spissa med tett og god oppfølging.

Vi treng eit breiare spekter av kvalifiseringstiltak som er spissa mot den einskilde sine behov og lokalt arbeidskraftbehov, for å sikre at fleire får reell overgang til ordinært arbeid og slik blir sjølvstendige i det norske samfunnet. Tilskotsmidlane til kvalifiseringstiltaka som er skissert over, saman med løyvinga i k-sak 48/16 vil nyttast både på individnivå, men også mot tiltaksplassar/kurs som kan gjevast til fleire, ev. i grupper.

Drift av kantina på rådhuset, inkl. m.a. reinhald/klargjering av møterom, er allereie etablert som tiltak, støtta av IMDi. Kommunen delfinansierer tiltaket m.a. med naudsynt ombygging og utstyr i kantina for at mattilsynet kan godkjenne den for tillaging og sal av mat. Samarbeidet med Furene AS er verdfull med deira kompetanse knytt til etablering og gjennomføring av praktisk retta tiltak for opplæring, arbeidstrening med oppfølging og tilrettelegging av arbeidsplassar. Satsinga på entreprenørskap som integreringsverktøy er

støtta av NAV, fylkeskommunen og fylkesmannen, og IMDi har støtta utvikling av mentorprogram. Altså er allereie eit breitt spekter av aktørar involvert.

Rådmannen meiner at oppbygginga av eit robust tiltaksapparat ved etablering av fleire kommunale kvalifiseringsarena, og å nytte entreprenørskap som integrasjonsverktøy, vil bidra til fornying og innovasjon av kvalifiseringsarbeidet for flyktningar, og styrke kommunen i rolla som tenesteprodusent, og nærings- og samfunnsutviklar. Tilskotsmidlande vil fungere som risikoavlastning og styrke kommunen i arbeidet med å sikre eit meir berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

Rådmannen rår formannskapet til å godkjenne det vidare arbeidet med prosjekta som skissert i saksutgreiinga, og nytte tilskotsmidlane slik det kjem fram av aktuelle søknader og tilsegnsbrev. Løyvinga i k-sak 48/16 til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak, vil nyttast til delfinansiering av tiltaka.

Helse og miljøkonsekvensar:
Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen utover det som kjem fram av saka.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Gjennom arbeidet med innovasjonsprosjekta og etablering av nye kvalifiseringsarena, god dokumentasjon og evaluering, vil ein få betre kjennskap til verdien av desse, og kva som må til for å vere betre rusta til å gi gode kvalifiseringstiltak for flyktningar. Gjennom tiltaka er målet å sikre eit meir berekraftig busetjings- og integreringsarbeid, redusere risiko for å stå utanfor arbeidslivet, og å førebyggje sosiale- og helsemessige problem for den einskilde.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
IMDi Midt-Norge, fina@imdi.no
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal, Kristin.Vestly@mrfylke.no
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmrsvve@fylkesmannen.no
Sunnmøre kulturnæringshage, mf@sknh.no
Sunnmøre kulturnæringshage, e.j.kolb@online.no
Volda næringsforum, stefan@voldaforum.no
Møreforsking Volda, olav.fure@moreforsk.no
Sektor kultur og service, her.
Frivilligsentralen, Astrid.Gjersdal@volda.kommune.no
Sektor Opplæring og oppvekst, her.
Volda læringssenter, her.
Volda læringssenter, ronnaug.myklebust@volda.kommune.no

Volda læringssenter, gunnar.andenes@gmail.com
Barnevernstenesta, her.
Helsestasjonen, her.
Sektor Helse og omsorg, her.
Rus- og psykisk helseteneste, her.
NAV Ørsta/Volda, eli.grotta@nav.no
Økonomistaben, her.
Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her.

Utg. 2016/530

Bekreftelse – Kimen sosial entreprenør Volda

Utviklingstilskudd til sosialt entreprenørskap og sosiale entreprenører for 2016

Bekreftelsen skal snarest fylles ut, signeres og sendes i retur til:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeids- og tjenesteavdelingen, Tiltaksseksjonen
Postboks 5, St. Olavs plass
0130 OSLO

Vår ref: 15/6700

Ansvarlig virksomhet:	Kimen sosial entreprenor Volda		
Adresse:	Stormyra 2 6100 Volda		
Organisasjonsnummer:	916 314 965		
Kontonummer:	3991 08 33204		
NB! Dersom kontonummeret endres i løpet av året ift. det som oppgis her, må AVdir snarest underrettes om endringen.			
Prosjektleder:	GUNNAR ANDENES	Telefon:	47676220
Økonomiansvarlig:	ASTRID GJERSDAL	Telefon:	91725639
Adresse:	Stormyra 2 6100 VOLDA	E-post adresse:	astrid.gjersdal@volda.kommune.no

Tilsagn om utviklingstilskudd på kr 150 000.- over statsbudsjettets kapittel 0621 post 70 for budsjettåret 2016 til Kimen sosial entreprenor Volda over ordningen «Tilskudd til sosialt entreprenørskap og sosiale entreprenører».

Kimen sosial entreprenor Volda bekrefter med dette å ha lest og godtatt de vilkårene som er gitt i tilskuddsbrev av 30.3.2016. Tilskuddet skal brukes i tråd med gjeldende krav for ordningen, jf. regelverket. De viktigste kravene er gjengitt i dette tilskuddsbrevet. I veilederen som det vises til i brevet, er det en mer utfyllende fremstilling av kravene.

Bekreftelsen skal undertegnes av leder/generalsekretær. Husk navn og tittel på den som undertegner.

Gunnar Andenes — PROSJEKTLEDER
Sign. — Tittel: (blokkbokstaver)

GUNNAR ANDENES — VOLDA 06.09.2016
Navn: — Sted og Dato (blokkbokstaver)

VOLDA KOMMUNE
2016/530
31 MAR 2016
Emne 2
233

Kimen sosial entreprenør Volda
Stormyra 2
6100 Volda

Deres ref: Vår ref: 15/6700 Vår dato: 30.3.2016

Innvilgelse av utviklingstilskudd til sosiale entreprenører for 2016
Vi viser til søknadenom utviklingstilskudd over ordningen med tilskudd til sosialt entreprenørskap og sosiale entreprenører for 2016 fra Kimen sosial entreprenør Volda.

Informasjon om tilskuddsordningen og søknadsbehandlingen
Tilskudd til sosialt entreprenørskap og sosiale entreprenører for 2016, over statsbudsjettets kapittel 0621 post 70, ble lyst ut i slutten av oktober med søknadsfrist 2. desember 2015. Vi har mottatt i alt 53 søknader på totalt 41 millioner kroner. Av disse er 14 søknader om videreføring av aktivitet som fikk tilskudd i 2015. Det er søkt om videreføring for i alt 12,5 millioner kroner. De resterende 39 søknadene gjelder ny aktivitet. Det er søkt om tilskudd til ny aktivitet for i alt 28,5 millioner kroner. Over ordningen er det 13,5 millioner kroner til fordeling i 2016.

Søknadene er vurdert ut i fra kriteriene for tildeling og prioritering i regelverket og budsjettrammen for ordningen.

Innvilget utviklingstilskudd
Kimen sosial entreprenør Volda innvilges med dette et utviklingstilskudd på inntil 150 000 kroner over ordningen med tilskudd til sosialt entreprenørskap og sosiale entreprenører, kapittel 0621 post 70 på statsbudsjettet for 2016. Tilskuddet er gitt ut fra søknadens budsjett og beskrivelse.

Tilskuddet skal brukes i tråd med gjeldende krav for ordningen, jf. regelverket. De viktigste kravene er gjengitt i dette tilskuddsbrevet. I veilederen som det vises til senere i brevet, finner dere en mer utfyllende fremstilling av kravene.

Klage
I henhold til forvaltningsloven kapittel VI kan det klages over vedtaket. Overordnet klageinstans er Arbeids- og sosialdepartementet. Fristen for å klage er 3 uker fra dette brevet (brev om vedtak) er mottatt. En eventuell klage sendes til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Dersom klagen ikke blir tatt til følge av Arbeids- og velferdsdirektoratet, vil den bli oversendt Arbeids- og sosialdepartementet for endelig avgjørelse.

Videre tilskudd
Det kan bare tildeles utviklingstilskudd en gang. Ved senere utlysinger kan dere som har fått utviklingstilskudd konkurrere om ordinære tilskuddsmidler til sosialt entreprenørskap på lik linje med andre søkere.

Bekreftelse og utbetaling
Tilskuddet blir utbetalt i sin helhet når Arbeids- og velferdsdirektoratet har mottatt den vedlagte bekreftelsen i utfylt og signert stand og godkjent denne. Det kan påregnes opptil tre ukers saksgang fra denne datoen før midlene er på mottakers konto. Vi anbefaler at dere skanner en kopi av denne

Arbeids- og velferdsdirektoratet // Tiltaksseksjonen
Postadresse: Postboks 5, St. Olavs plass // 0130 OSLO

Besøksadresse: Økernveien 94 //
Tel: 21 07 00 00 // Faks: 21 07 00 01

www.nav.no //

bekreftelsen og sender den til Tilskudd.sosialt.entreprenorskap@nav.no samtidig som dere legger originalen i posten.

Vi gjør oppmerksom på at endringer i mottakers adresse, kontonummer og eventuelt kontaktperson snarest må oppgis til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Generelle betingelser/vilkår knyttet til tilskuddet
Mottakeren av tilskuddet har arbeidsgiveransvar for eventuelle ansatte.

Utgifter til reise-, kost- og nattillegg må ikke overstige satsene i Statens personalhåndbok, jf. bestemmelsene i Særavtale for reiser innenlands for statens regning (kap. 9.2) og Særavtale for reiser utenlands for statens regning (kap. 9.3). Vær spesielt oppmerksom på reglene for godtgjøring ved bruk av egen bil.

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Riksrevisjonen har anledning til å kontrollere at midlene brukes etter forutsetningene, jf. Stortingets bevilgningsreglement § 10 andre ledd.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidet en egen *veileder for regnskapsføring, årsregnskap og årsrapport*. Veilederen gir en mer utfyllende beskrivelse av de viktigste kravene som stilles til tilskuddet og til rapportering. Veilederen er publisert på nav.no.

Regnskapsfører og revisor skal forelegges en kopi av tilskuddsbrevet og et eksemplar av veilederen som er omtalt i avsnittet over.

Rapportering for 2016
Alle som mottar tilskudd skal hvert år levere rapport for aktiviteten og revidert regnskap. Dette er nødvendig for at direktoratet skal kunne kontrollere at pengene er brukt slik ordningen forutsetter og slik virksomhetene har beskrevet i sine søknader.

Revidert regnskap og rapport om aktiviteten i 2016 skal sendes til Arbeids- og velferdsdirektoratet innen **31. mars 2017**. Det skal leveres et regnskap for Kimen sosial entreprenor Volda der tilskuddet fra Arbeids- og velferdsdirektoratet kommer tydelig frem. Rapporten skal omhandle aktiviteten som er beskrevet i søknaden.

Regnskap
Virksomheten skal avgi revidert årsregnskap innen 31. mars det påfølgende år. Regnskapet skal føres i henhold til regnskaps- og bokføringsloven. Regnskap for virksomheter som har mottatt utviklingstilskudd skal alltid revideres av ekstern statsautorisert eller registrert revisor, uavhengig av størrelsen på tilskuddet.

Arbeids- og velferdsdirektoratet kan be om totalregnskap for virksomheten selv om tilskuddet bare er benyttet til én del av virksomheten. Regnskapsoppstillingen skal tydelig vise hvordan tilskudd er benyttet. Ved revisjon av disse skal Den norske Revisorforenings standard ISA 805, samt eventuelle avtalte kontrollhandlinger, legges til grunn for revisjonen.

Tilskuddsmottakers regnskapssystem skal gi sporbarhet og mulighet til å gjennomføre kontroller, herunder fortløpende registrering av bilag.

Rapport
Det skal leveres rapport for hvert kalenderår innen 31. mars det påfølgende år. Rapporten skal inneholde en beskrivelse av virksomhetens resultater sammenliknet med målsetningene for aktiviteten det er gitt tilskudd til. Resultatbeskrivelsen skal omfatte både aktiviteten som helhet og, dersom det er aktuelt, de individene i målgruppen aktiviteten har omfattet.

Andre vilkår
Dersom dere har fått tilgang til materiale som krever taushetsplikt eller som gjelder private forhold, må dette ikke brukes på en slik måte at enkeltpersoner kan identifiseres eller utsettes for ulempe.

Dersom dere behandler personopplysninger, skal dette gjøres i samsvar med personopplysningsloven.

Det er ikke anledning til å kjøpe inn varig utstyr for disse tilskuddsmidlene Veilederen som er nevnt over, gir mer informasjon om reglene knyttet til innkjøp av utstyr.

Dersom dere har spørsmål knyttet til tilskuddsbrevet eller vilkårene for tilskuddet kan dere kontakte Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Vennligst påfør all korrespondanse 15/6700.

Med hilsen

Tormod Moland
seniorrådgiver
e.f.

Cathrine Vintervoll
rådgiver

Vedlegg: Bekreftelse på aksept av tilskudd og vilkår

Tilskudd til sosialt entreprenørskap – Bekjempelse av fattigdom

Søknad om tilskudd for 2016

Søknadsfrist 2. desember 2015

Original, undertegnet papirutgave av søknaden med vedlegg sendes:
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 Oslo

Elektronisk *kopi* av søknaden med vedlegg sendes på e-post til:

tilskudd.sosialt.entreprenorskap@nav.no

1. Opplysninger om søkeren

Ansvarlig virksomhet	Kimen sosial entreprenør Volda		
Organisasjonsnummer	916314965	Selskapsform	Frivillig organisasjon
Virksomheten må være formelt registrert i Frivillighetsregisteret innen søknadsfristen, 2.12.2015			
Postadresse	Stormyra 2		
Postnummer	6100	Sted	Volda
Virksomhetens e-post adresse (se side 2)			
Virksomhetens hjemmeside			
Virksomhetens telefon	91725639	Virksomhetens kontonummer	3991 08 33204
Kontaktperson	Astrid Gjersdal	Telefon - kontaktperson	91725639
E-post adresse - kontaktperson	post@frivilligvolda.no	Mobiltelefon - kontaktperson	91725639
Statsautorisert eller registrert revisor			

2. Type tilskudd det søkes om

Det kan ikke søkes om både utviklingstilskudd og ordinære tilskuddsmidler det samme året, jf. punkt 8 i regelverket. Begge søknadene vil i så fall bli avvist.

Kryss av for den typen tilskudd det søkes om. Det er en kort beskrivelse av de to tilskuddstypene på side 2 i dette skjema.

Ordinært tilskudd		Utviklingstilskudd	x

Veiledning for utfylling av søknadsskjema

Formålet med tilskuddsordningen er å utvikle sosialt entreprenørskap som retter sin virksomhet mot bekjempelse av fattigdom og sosial eksklusjon i Norge. Med sosial eksklusjon i denne ordningen menes sosial eksklusjon knyttet til fattigdom.

Generelle punkter
Før søknadsskjemaet fylles ut må utlysningsteksten leses grundig. Den inneholder viktig informasjon. Regelverket for ordningen må også gjennomgås. Dokumentene ligger på www.nav.no.

Både undertegnet papirutgave og elektronisk utgave av søknaden må sendes inn. Papirutgaven går til journalføring og er den formelle, gyldige søknaden. Den elektroniske utgaven brukes til ulike rapporteringsformål, samt til å korte ned på saksbehandlingstiden.

Kopien av søknadsskjemaet som sendes inn på e-post, skal ikke være en skannet papirversjon. Det utfylte skjemaet, i Word-format, kan sendes inn som det er, eller gjøres om til en PDF-fil.

Bruken av vedlegg skal begrenses
Søknadsskjemaet må inneholde all relevant informasjon. Søknaden skal kunne vurderes uten at vedleggene må gis en grundig og særskilt gjennomgang. Det skal ikke legges ved dokumenter med viktig informasjon hvor informasjonen ikke kommer frem i søknadsskjemaet.

Virksomhetens e-postadresse
Vi ønsker e-postadressen for å kunne sende ut informasjon. Derfor anbefaler vi at e-postadressen ikke er knyttet til en enkeltperson, men er en postkasse som er tilgjengelig for flere.

Ordinært tilskudd og utviklingstilskudd
Ved søknad om ordinært tilskudd for første gang forventer vi at aktiviteten vil starte eller vil kunne starte i løpet av relativt kort tid. Det innebærer at virksomheten må kunne vise til konkret aktivitet i løpet av det første året med tilskudd.

Ved søknad om utviklingstilskudd forventer vi at virksomheten presenterer en god idé, men behøver mer tid til å utvikle ideen og forretningsmodellen. Det betyr at for dem som innvilges utviklingstilskudd, forventer vi ikke at hovedvirksomheten settes i gang i løpet av året/perioden som det er gitt tilskudd for. Men det forventes at forretningsmodellen og virksomheten for øvrig vil bli godt nok utviklet til at virksomheten kan klare å starte opp, dersom finansiering kommer på plass.

Søknad om videreføring – aktuelt for de som fikk ordinært tilskudd i 2015
De som fikk ordinært tilskudd i 2015 og søker om videreføring for 2016 bør vektlegge eventuelle endringer eller nye elementer i søknaden. I sammendraget ønsker vi at dere vektlegger punkt 3.7. De første punktene (punkt 4 til og med 6) kan dere svare relativt kort på. Det er viktigere at dere prioriterer å svare godt på punkt 7 «Statusrapport» til og med punkt 11.

Kontaktpersoner
Tormod Moland, tlf: 21 07 02 91
Cathrine Vintervoll, tlf: 21 06 99 95
Gunhild Hanssen Sande, tlf: 21 07 03 18
E-post: tilskudd.sosialt.entreprenorskap@nav.no

3. Sammendrag

Skriv et kort og konkret sammendrag hvor følgende elementer skal beskrives:

3.1. Forretningsidé eller konsept.
3.2. Hva er nyskapende med aktiviteten?
3.3. Dato for oppstart.
3.4. Det sosiale problemet som skal løses.
3.5. Målgruppen og/eller kundene.
3.6. Barrierer for etablering. De viktigste utfordringene fremover.
3.7. Når dere forventer at aktiviteten er økonomisk selvstendig og har en bærekraftig drift.
3.8. Finansieringsbehov og behov for tilskudd.

3.1
Kimen sosial entreprenør Volda er eit samarbeid mellom frivilligsentralen i Volda, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda læringssenter om å realisere ein idè som skal verte eit godt sosialt miljøtiltak, samstundes som at det på sikt kan bli skapt arbeidsplassar. I fellesskap er vi i gang med å utvikle ein modell der vi vil gi praktisk etableringsopplæring tilpassa realkompetansen til dei einskilde, for så å etablere mindre verksemder. Volda læringssenter er registrert i Ungt Entreprenørskapsnettverket (UE) som ungdomsskule, og kan såleis etablere elevbedrifter. Foretaksforma som elevbedrift har låg risiko for deltakarane og vil vere ein øvingsarena for å etablere små verksemder der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester i ei trygg og risikofri ramme.
Produkta vil verte distribuert gjennom pop-up-marknad i Volda sentrum, der det også vil verte utvikla ein møteplass for å syne fram produkta, gi kompetanse i sal og kundebehandling og økonomistyring. Vi tenkjer er å nytte iZettle som teknisk betalingsløysing. Marknaden vil og verte ein møteplass for lag og foreiningar og andre privatpersonar i Volda som ynskjer å selje sine varer.

3.2 Det nyskapande her i vår kommune er at vi snur problemstillinga i arbeidsevnevurdering frå "ikkje kan" til "kan" og legg det til grunn for mogelege småskalaetableringar under ein felles paraply.

3.3 Forventa oppstart av delar av tiltaka er mars 2016, og vi ventar at aktiviteten, etter som gartneriet (sjå pkt. 4) kjem i gjenge, skal vere økonomisk berekraftig i 2019.

3.4 Vi ynskjer med dette å redusere sosiale problem som einsemd, auke sjølvkjensle gjennom meistring, og førebyggje psykiske vanskar. Eit mål er sjølvsagt også å skape inntekter for den einskilde etablerar av tiltaket, og dermed redusere økonomiske vanskar.

3.5 Målgruppa er busette flyktningar i Volda der ein vurderer muligheitene for å kome inn i ordinært arbeid som lite sannsynlege.

3.6 Det nødvendige no på kort sikt er å få på plass ein kompetent personalressurs. Det er dette det vi søkjer om utviklingstilskot til.

3.7 Forventa oppstart av delar av tiltaka er mars 2016, og vi ventar at aktiviteten, etter som gartneriet (sjå pkt. 4) kjem i gjenge, skal vere økonomisk berekraftig i 2019.

3.8. Forprosjektet skal finansierast slik:

Inntekter:	
- Tilskot frå Arbeids- og velferdsdirektoratet	kr.150.000,-
- Eigeninnsats frå Volda Læringssenter	kr. 75.000,-
- Eigeninnsats frå Sunnmøre Kulturnæringshage AS	kr. 75.000,-
- Eigeninnsats frå Volda Frivilligsentral	kr. 75.000,-
	kr.375.000,-

Kostnadar:	
Løn prosjektleiar 20% stilling	kr.130.000,-
Husleige marknadsplass og verkstad	kr. 75.000,-
Rekneskap og revisjon	kr. 15.000,-
Kjøp av gartnerifagleg kompetanse	kr. 10.000,-
Markandsanalyse	kr. 15.000,-
Marknadsføring	kr. 10.000,-
Utstyr for gjennomføring av salg	kr. 10.000,-
Entreprenørskapkurs etter Lean Business metoden	kr. 75.000,-
Gjennomføring av verkstadar	kr. 10.000,-
Studietur	kr. 25.000,-
	kr.375.000,-

4. Beskrivelse av virksomheten

Gi en kort beskrivelse av virksomheten. Følgende punkter skal være med i beskrivelsen av virksomheten:

4.1. Hvorfor har dere startet opp? Hva er visjonen og de langsiktige målene?
4.2. Hva er forretningsmodellen? Hvordan er virksomheten bygget opp?
4.3. Hvilken kompetanse/erfaring har dere? Har dere erfaring fra arbeid med målgruppen eller med næringsvirksomhet? Er det kompetanse dere mangler og vurderer å hente inn?

4.1 Visjonen med Kimen sosial entreprenør Volda er å skape ein arena for meining og meistring, eit sosialt og arbeidsmessig fellesskap slik at alle som eit minimum skal ha eit aktivitetstilbod i Volda.

Håpet med dette tiltaket er at fleire aktørar i lag når lenger og står sterkare enn få. Dette vil òg vere ein grunntanke i sjølve drifta.

4.2 Verksemda blir forretningsmodellert kring lean-startup prinsippa. Vi prøver ut nokre produkt, testar marknaden om det er grunnlag og tilpassar produksjonen innan dei rammene vi har.


I starten vil dette verte organisert som ein paraply der kvar einskild produsent vil ha forteneste etter omsetjing, få rettleiing og opplæring i starten for så gradvis å verte sjølvstendige. Dei vil etter kvart kunne etablere sjølvstendige verksemder.

Konkrete tiltak:
Rett over fjorden for Volda sentrum ligg eit nyleg nedlagt gartnaranlegg med drivhus. Eigaren, som har pensjonert seg, er positiv til at verksemda får nytt liv og verte nytta i ei sosial entreprenørskapsramme. Det er mange oppgåver knytt til dyrking av plantar, og mykje ulik og unik kunnskap vil kunne kome til nytte. Fleire vil kunne arbeide i fellesskap, og arbeidet vil ikkje krevje store norskkunnskapar. Produkta vil vere omsettelege lokalt, og det er Volda si befolkning som vert det primære kundegrunnlaget. Om det vil verte aktuelt å dyrke vekstar som er mindre vanleg i norske hushald, kan det dermed verte skapt nye produkt/etterspørsel.

Volda kommune vil byggje om kantina til å innehalde eit kantinekjøkken. Dette vil inngå i Kimen som ein arena for sosialt entreprenørskap og arbeidstrening og det ligg nær å tenkje seg samspel med gartneriet.

Handverksprodukt i samarbeid med Volda bygdetun og Volda husflidslag er tenkt som ein av aktivitetane der produkta vert omsette på marknadsplassen.

4.3 Vi har tilgang på kompetanse gjennom Sunnmøre Kulturnæringshage, der vi vil kunne kjøpe rådgiving. Vidare har vi frivilligsentralen med på laget, der det òg er tilgang på kunnskap og viktig nettverk. Vidare er Volda læringssenter ein viktig aktør, som har ansvar for norskopplæring og introduksjonsprogramma for dei busette flyktningane. Vurdering av arbeidsevne vil kunne starte her. Som ein del av vegen vidare ligg òg å finne den mest tenlege organisasjonsforma vidare. Det vil vere eit viktig poeng å få delar av Volda sitt næringsliv, frivillige organisasjonar og fleire offentlege aktørar som medspelarar vidare. Når det gjeld det konkrete tiltaket med gartnaranlegget treng vi å få tilført kompetanse innan dyrking og plantestell. Vi ventar at mykje av dette vil kunne verte tileigna frå tidlegare drivarar.



5. Beskrivelse av det sosiale problemet

5.1. Beskriv det sosiale problemet dere ønsker å gjøre noe med. Husk at formålet med denne tilskuddsordningen er bekjempelse av fattigdom og sosial eksklusjon i Norge, jf. regelverket.
5.2. Hva ønsker dere å oppnå? Hva er de sosiale målene med aktiviteten?
5.3. Hva gjør deres aktivitet til en god ide for å bidra til redusere det sosiale problemet?
5.4. Er det andre aktører som arbeider med og forsøker å gjøre noe med dette problemet? Hvorfor er deres aktivitet eventuelt bedre? Oppgi tre hovedargumenter.

5.1. Målgruppa for etableringa er busette flyktningar i Volda der ein vurderer muligheitene for å kome inn i ordinært arbeid som lite sannsynlege. Volda sitt næringsliv har eit stort tyngdepunkt i offentleg sektor, med skular, høgskule, sjukehus osv. Dette er arbeidsplassar som krev høg formell kompetanse og vegen kan vere svært lang for mange å skaffe seg denne.

5.2 Mangel på arbeid/aktivitet og nettverk i tillegg til alt det ein flyktning vil måtte bere med seg av tap, sorg og traumar og vanskar med å lære seg eit nytt språk fører gjerne til sosial isolasjon. Vi ynskjer med dette å redusere sosiale problem som einsemd, auke sjølvkjensle gjennom meistring, og førebyggje psykiske vanskar. Eit mål er sjølvsagt også at det kan verte inntekter av dette for den einskilde deltakar, og dermed redusere økonomiske vanskar.


Vi er opptekne av dei i flyktninggruppa som fell gjennom og som ikkje kjem seg i arbeid og/eller i meiningsfull sosial aktivitet, og dermed fell utanfor fellesskapen. Det er ein overrepresentasjon av kvinner i denne gruppa. Desse kjem gjerne som analfabetar, er litt opp i åra, og greier ikkje å lære seg norsk tilstrekkeleg til å meistre ein ordinær jobbsituasjon innafor norske rammer og krav. Dette betyr ikkje at dei ikkje har arbeidsevne, og det er denne vi ynskjer å ta utgangspunkt i. Om lag 10% av dei som vert busette i Volda årleg fell i denne gruppa, og dette er tal som akkumulerer, dei går frå intro til Nav. Som skildra under punkt 3, vi ønskjer å skape sosial tilhøyr og meining gjennom arbeid t.d i drivhuset og gjennom marknadsplassen.

5.3
Ein stor styrke med denne ideen, er opphavet til den. Dei tre aktørane som står bak Kimen innehar ein solid grunnkompetanse når det gjeld målgruppa. Den eine har 18 år bak seg i frivilligsentralen, og kjenner dermed Volda som lokalsamfunn svært godt. Representanten frå kulturnæringshagen er dagleg tett på heile verkemiddelapparatet, og har god kontakt med Volda sitt næringsliv. Den tredje i gruppa har bak seg 6 år som kultur-og næringssjef, og arbeidar med kvalifisering av målgruppa til dagleg.

Det tek utgangspunkt i reelle ferdigheiter ikkje formelle.

Det vert lagt vekt på at dei ulike planlagde og tenkte produkta og tenestene i konseptet skal vere supplerande og ikkje konkurrerande i høve tilbod frå eksisterande næringsliv

5.4. Vi kjenner ikkje til prosjekt som rettar seg mot denne konkrete målgruppa.



6. Beskrivelse av hvordan virksomheten skal forsøke å løse det sosiale problemet

Beskriv hvordan virksomheten skal forsøke å løse problemet dere har beskrevet i punktet foran.

6.1. Hva skal dere tilby? Hva er produktet eller tjenesten?
6.2. Hvem er kundene? Hvis målgruppen har sosiale utfordringer, men ikke er kundene, må dere utdype dette.
6.3. Hvem skal betale for produktet eller tjenesten? Er det konkurrenter på området og hvilken betydning kan dette ha for dere?
6.4. Hvilke forretningsmessige metode ligger, eller vil bli lagt til grunn?
6.5. Hva er det økonomiske potensialet til virksomheten/produktet/tjenesten? Kan virksomheten bli økonomisk bærekraftig etter noe tid?
6.6. Hva er virksomhetens mål og forventede økonomiske resultater?

6.1 Kimen vil tilby moglegheiter til å nytte eksisterande kompetanse, og/eller tileigne seg ny i fellesskap med andre. Produkta og tenestene kan vere mange og ulike, det unike her er at Kimen gir tilgang til kunnskap om etablering, risikofri trening i å drive småskala forretning, i tillegg til ein tilrettelagd marknadsplass for forretningsdrift.

6.2. Kundegunnlaget er befolkninga på Søre Sunnmøre og i Nordfjord.

Vi søker utviklingsmidlar for å gjere det mogeleg å gjennomføre marknadsanalysar, etablere formelle samarbeid, mellom anna med næringslivet i Volda, framsnakke og å byggje opp eit kundegrunnlag. Målet er at verksemda i løpet av 2019 skal være økonomisk sjølvberande.

6.3 Kundane er befolkninga på Søre Sunnmøre og i Nordfjord, og det fins ikkje tilsvarande tilbod. Det er avgjerande å få til eit godt samarbeid med eksisterande næringsliv for å unngå at det blir etablert verksemder som opererer i konkurrerande segment.

6.4 Lean Business modellen blir lagt til grunn for etableringa(ne), og ein vil nytte UE sin modell for elevbedrift innleiingsvis.

6.5 Målsettinga er innan 2019 å få til ein kombinasjon av økonomisk sjølvberande små verksemder som startar som UE elevbedrifter og sidan kan gå over til å bli sjølvstendige ENK eller AS med støtte frå Kimen sosial entreprenør Volda. Ein ser føre seg at Kimen sosial entreprenør Volda vil være sjølvfinansiert med betaling frå bedriftene ein hjelper fram.

6.6 I forprosjektet er målet for verksemda Kimen sosial entreprenør Volda å gå i balanse.

7. Statusrapport på søketidspunktet

Når startet dere virksomheten? Beskriv kort hvor langt dere har kommet og hvordan situasjonen er i dag. Gi også en beskrivelse av de viktigste utfordringene i 2016 og 2017. (Søkere om utviklingstilskudd skal bare ta for seg 2016.)

Hittil er fylgjande gjort:

Volda læringssenter er registrert i UE som ungdomsskule. Dette betyr at dei vaksne elevane, flyktningar i intro, kan nytte det same verktøyet som norske ungdomskulelelevar gjer for etablering av Elevbedrift. Dei vil der få grunnopplæring i å drive ei verksemd i risikofrie rammer. Dette gir grunnlaget for korleis Kimen sosial entreprenør Volda skal drive vidare.


Det er etablert kontakt med eigar av eit nedlagt gartneri som har interesse av at dette får nytt liv gjennom Kimen sosial entreprenør Volda.

Volda kommune har administrativt sett av midlar til etablering av kjøkken i kantina.

Ein har fått intensjonsavtale med Volda læringssenter om marknadslokaler.

Det er etablert kontakt med frivillige aktørar som Volda Sanitetslag, Volda husflidslag og Volda bygdetun.

Det viktigaste som må på plass frå 2016 er personalressursen/prosjektleiar, slik at alle delane av tiltaket vert samordna og gitt retning.



8. Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnere som *har forpliktet seg* til å bidra.

Organisasjon/ institusjon/bedrift	**Type samarbeid** (For eksempel kompetanse/økonomi.)	**Kontaktperson**	**Telefon**
Volda Læringssenter	Kompetanse Lokaler Nettverk	Gunnar Andenes	476 76 220
Volda Frivilligsentral	Kompetanse Nettverk	Astrid Gjersdal	917 25 639
Sunnmøre Kulturnæringshage AS	Kompetanse Nettverk	Martin Foldal	70 33 06 60

Dersom dere har inngått samarbeidsavtaler eller annen type avtale ber vi om at det utdypes her.

Samarbeidspartnere *det arbeides med* å få et forpliktende bidrag fra.

Organisasjon/ institusjon/bedrift	**Type samarbeid** (For eksempel kompetanse/økonomi.)	**Kontaktperson**	**Telefon**

9. Budsjett og søknadsbeløp for 2016

Inntekts- og utgiftssiden kan eventuelt utdypes i et eget vedlegg. En langsiktig økonomiplan skal settes opp senere i søknaden.

Inntekter	Spesifikasjon	2016
Tilskudd fra AVdir	Søknadsbeløp	150.000
Tilskudd fra AVdir – overføring fra 2015	Søknad om overføring av ubrukt tilskudd fra 2015 til bruk i 2016.	0
Andre offentlige tilskudd - 1		
Andre offentlige tilskudd - 2		
Andre finansieringskilder - 1	Volda Læringssenter	75.000
Andre finansieringskilder - 2	Sunnmøre Kulturnæringshage AS	75.000
Andre finansieringskilder - 3	Volda Frivilligsentral	75.000
Sum		375.000

Utgifter	Spesifikasjon	2016
Lønns- og personalutgifter	Prosjektleiing	140 000
Utgifter til husleie, oppvarming mv.		75 000
Inventar/utstyr		10 000
Andre utgifter - 1	Sjå budsjett under pt.3.8	150 000
Andre utgifter - 2		
Sum		375 000

Krav til regnskap og rapportering
Alle som mottar tilskudd skal levere rapport og revidert regnskap. Kravene til rapportering blir beskrevet kort i tilskuddsbrevet. Se «Veileder for regnskapsføring, årsregnskap og årsrapport» for mer informasjon. Veilederen kan lastes ned fra nav.no.

10. Handlingsplan og langsiktige planer

Lag en fremdriftsplan/handlingsplan med milepæler, sentrale aktiviteter og forventede resultater i 2016 og 2017. Så langt det er mulig ber vi om at fremdriftsplanen/ handlingsplanen også omfatter 2018. (Søkere om utviklingstilskudd skal bare ta for seg 2016.)

Januar/februar: gjennomføre marknadsanalyse
- Engasjere personalressurs
- Etablere samarbeidsavtalar vedr. drivhus, kantine, handverksprodusentar, frivillige organisasjonar
- Starte opplæring av deltakarar

Mai 2016: opne marknadsplassen

I løpet av sommarhalvåret drive opplæring i gartnariet. Frå seinhaust 2016,- planlegge oppstart i drivhuset frå våren 2017.

Vurdere søknad om driftstilskot for 2017-2019

11. Økonomisk langtidsplan

Lag en økonomisk langtidsplan, så godt det lar seg gjøre, frem til 2020. Beløpene for 2016 overføres fra punkt 9 i søknaden.

Det er budsjettet og søknadsbeløpet i punkt 9 i søknadsskjema som danner grunnlaget for utmåling av tilskudd. Det må sendes inn ny søknad hvert år. Tilskudd som gis over denne ordningen tildeles for ett år av gangen. Langtidsplanen under er ikke bindende for AVdirs vurdering ved senere års søknad. Normalt vil prosjekter bli prioritert i en treårsperiode, jf. punkt 7 i regelverket. (Søkere om utviklingstilskudd trenger ikke fylle ut økonomisk langtidsplan.)

Inntekter	2016	2017	2018	2019	2020
Tilskudd fra AVdir (inkludert overføringer)	150 000				
Andre offentlige tilskudd (Samlet)	0				
Andre finansieringskilder (Samlet)	225 000				
Inntekter fra salg eller tilsvarende					
Sum:	375 000				

Utgifter	2016	2017	2018	2019	2020
Lønns- og personalutgifter	140 000				
Utgifter til husleie, oppvarming mv.	75 000				
Inventar/utstyr	10 000				
Andre utgifter (Samlet)	150 000				
Sum:	375 000				
Resultat (Inntekter fratrukket utgifter)	0				

11.1. Planer om anskaffelse av varig produksjonsutstyr, inventar mv.

Planlegger dere anskaffelse av varig produksjonsutstyr, inventar mv.? Hvordan er dette tenkt finansiert? Vi gjør oppmerksom på at tilskudd gitt over denne ordningen ikke kan brukes til å kjøpe inn varig produksjonsutstyr (dyrt utstyr med lang levetid eller levetid utover tilskuddsperioden). Det kan innvilges tilskudd til ordinært IT-utstyr.

Utstyrskjøpet gjelder ordinært IT- utstyr (POS datakasse med tilbehør)

12. Bekreftelser og signering

JA	NEI	Ved denne avkryssingen bekrefter vi følgende:
X		Det er vedtektsfestet at det ikke skal tas ut utbytte.
X		Vedtektene er lagt ved søknaden.
X		Virksomheten er registrert i Frivillighetsregisteret på søknadstidspunktet.

Vedleggsoversikt

Sørg for at all viktig informasjon finnes i selve søknaden og bruk færrest mulig vedlegg.

Nr.	Vedlegg
1	Vedtekter (må legges ved for nye søkere og ved endringer)
2	
3	
4	

Underskrift


Vi er kjent med at opplysningene i søknaden med vedlegg er grunnlag for tildeling av statstilskudd. Vi bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at vi er kjent med vår plikt om å melde fra om eventuelle fremtidige endringer som kan ha betydning for tilskuddsvedtaket.

Volda, 1.12.2015		Astrid Gjersdal
Sted	Dato	Leder/generalsekretær

Merk følgende:

a) Det er den undertegnede papirutgaven av søknadsskjemaet som er den formelle søknaden.
b) Ufullstendige søknader, og søknader som ikke har benyttet søknadskjemaet, vil ikke bli behandlet.
c) Elektronisk kopi må også sendes inn. Den elektroniske utgaven sendes til: tilskudd.sosialt.entreprenorskap@nav.no

d) Det utfylte skjemaet, i Word-format, kan sendes inn som det er, eller som en PDF-fil.
e) Vennligst merk at e-poster med vedlegg ikke kan overstige 20 MB. Forsendelser større enn 20 MB må eventuelt deles opp.



* Martin Foldal og Astrid Gjersdal er spent på effektane av «Kimen sosial entreprenør»-prosjektet.

Kimen til ein ny start

«Kimen sosial entreprenør» i Volda vil hjelpe flyktningar å skape sine eigne arbeidsplassar. No har dei fått 150.000 kroner frå NAV til eit forprosjekt.

Det heile starta då Astrid Gjersdal frå Frivilligsentralen i Volda, Gunnar Andenes frå Volda læringssenter og Martin Foldal frå Sunnmøre kulturnæringshage melde seg på Sunnmøre regionråd si næringssatsing; Innovasjonsskolen. Der fekk dei lære ulike teknikkar for å finne og løyse utfordringar knytt til innovasjon i Volda. Vinklinga dei valde var «entreprenørskap som integreringsverktøy».

Legg til rette for gründerverksemd

- Ein del innvandrarar slit med å kome seg inn i den ordinære arbeidsmarknaden, og endar opp med å belaste det offentlege. Slikt skaper vanhelse. Så må ein ha i tankane at elevane på Volda læringssenter er like ulike som voldingar flest. Somme er høgt utdanna, medan andre knapt kan lese og skrive. Det skaper utfordringar når dei skal ut i arbeidsmarknaden, der det allereie er knapt om jobbane, fortel Gjersdal og Foldal. Dei peikar elles på at mange av desse innvandrarane kjem frå samfunn der det er heilt normalt å skape sine eigne arbeidsplassar og klare seg sjølv.

– Det er noko vi kan bli flinkare å leggje til rette for her i Noreg, slår Foldal fast.

Lågterskeltilbod

Volda læringssenter er no registrert i Ungt Entreprenørskapsnettverket som ungdomsskule, noko som gjer at dei kan opprette elevbedrifter.

– Føretaksforma som elevbedrift har låg risiko for deltakarane, og vil vere ei øvingsarena for å etablere små verksemder der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester i ei trygg og risikofri ramme, forklarer Foldal. Dette kan kome Volda-samfunnet til gode gjennom eit utval av varer/tenester som vi ikkje har per i dag.

– Men ikkje alle er gründerar. Somme er også traumatiserte etter år på flukt. Difor laga vi «Kimen», som skal vere eit lågterskeltilbod til dei som treng det, og skape meistring. Prosjektet er etablert på utsida av kommunen, slik at vi kan søkje på ulike tilskotsordningar, fortel Gjersdal.

Gode tilbakemeldingar

Nyleg fekk «Kimen» 150.000 kroner i utviklingsmidlar frå NAV, for å drive prosjektet vidare og sjå om det er mogleg å realisere. Midlane skal mellom anna nyttast til å frikjøpe nokre lærarar frå Volda læringssenter, som skal hjelpe til med prosjektet. Så langt er tilbakemeldingane frå lokalsamfunnet gode.

– Vi har fått fleire innspel. Her finst til dømes aktørar som sit på utstyr som dei av ulike grunnar ikkje brukar lenger, som dei kan vere interesserte i å låne ut. Kva prosjektet endar opp i er førebels vanskeleg å seie, for det kjem stadig nye menneske til Volda, med mange ulike talent, forklarer Gjersdal og Foldal. Dei har likevel sett seg nokre langsiktige mål, som omhandlar både eit gartneri på Folkestad og eit opplevingssenter på Presteholmen i Volda sentrum.

Treng langsiktige avtaler

- Vi må få til ein del langsiktige avtalar, slik at vi kan søkje om meir midlar. Når det gjeld Presteholmen så har det vorte utarbeidd ulike planar for området tidlegare, men arbeidet har stoppa opp. Vi håper «Kimen» kan bidra til å få fram denne skjulte perla midt i sentrum. Det vil vere eit godt tilskot til bygda, meiner Gjersdal. Ho peikar på at sidan NAV har valt å støtte tiltaket, så må det bety at dei har tru på prosjektet. Ho har såleis god tru på at det vil kome ytterlegare midlar i neste søknadsrunde. Gjersdal og Foldal har elles vore på læringssenteret for å høyre kva innvandrarane meiner vil vere det ideelle læringsløpet. Svara dei fekk var svært interessante og nyttige.

Tidleg kartlegging

- Vi ynskjer å byggje ned grenser, slik at det ikkje er systemet som set avgrensingar. Då må vi sjå på fleire vegar/moglegheiter for å nå måla som er sett. I «Kimen» vil kompetansen til den enkelte vere styrande. I dag varer introduksjonsprogrammet for flyktningane i to år. Om dei ikkje har kome seg i arbeid innan fristen, er NAV alternativet. Vi meiner ei tidleg kartlegging av dugleikar og interessert er viktig. Ein lærer ikkje norsk om ein køyrer plenklippar med høyrselsvern, fortel Foldal, og peikar på at språklæringa går lettare når ein får arbeide med ting ein kan, og må forhalde seg til andre menneske.

Håper å skape inntekter

- Gjennom «Kimen» er målet å redusere sosiale problem som til dømes einsemd, auke sjølvkjensla gjennom meistring og førebyggje psykiske vanskar. Eit anna mål er å skape inntekter for den einskilde etablerar, og såleis redusere økonomiske vanskar, forklarer Gjersdal og Foldal. Innan 2019 er målet å få til ein kombinasjon av økonomisk sjølvberande små verksemder som startar som elevbedrifter og går over til å bli sjølvstendige ENK eller AS. «Kimen» vil vonleg vere sjølvfinansierande gjennom betaling frå bedriftene ein hjelper fram. Det er vedtektsfesta at det ikkje skal takast ut utbytte frå organisasjonen.

✍ LIV JORUNN NYHAGEN

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	01.05.2016	42494/2016/243	Kristin Vestly, 71 24 81 83	10.06.2016

Tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy

Tilsegn nr. 2016- 0077

Dykkar søknad, datert 01.05.2016, vart behandla i regional- og næringsutvalet sitt møte 07. 06.2016, som sak RN- 33/16.

Regional- og næringsutvalet gjorde følgjande vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på inntil 500.000 kroner til Volda kommune for prosjektet Entreprenørskap som integrasjonsverktøy. Tilskotet er gitt på vilkår om fullfinansiering og er avgrensa til 40 prosent av totalkostnad.

Grunnlag for vedtaket:
Søknaden er behandla etter nasjonale føringar for regionale utviklingsmidlar, fylkesplan for Møre og Romsdal og Handlingsprogram for verdiskaping 2016.

Til grunn for vedtaket ligg eit kapitalbehov på 1 250 000 kroner fordelt på følgjande hovudpostar:

Tittel	2016	2017	SUM
Entreprenørskapslab	75 000	75 000	150 000
Husleige/straum	100 000	100 000	200 000
Jobbsentral	50 000	50 000	100 000
Kompetanseheving	200 000	200 000	400 000
Marknadsføring	20 000	10 000	30 000
Prosjektleiing	125 000	125 000	250 000
Spesialstyr og inventar	120 000	0	120 000
Sum kostnad	**690 000**	**560 000**	**1 250 000**

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundveien 9 • Telefon: 71 25 81 80 • Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

42494/2016

Prosjektet er planlagt finansiert slik:

Tittel	2016	2017	SUM
Møre og Romsdal fylkeskommune	200 000	300 000	500 000
Volda kommune	300 000	325 000	625 000
Anna finansieringskjelde*	100 000		100 000
Sum finansiering	**625 000**	**625 000**	**1 250 000**

*Finansieringsplanen er korrigert fordi vedteke tilskot er 125.000 kr lågare enn omsøkt. Tilskotsmottakar er anvarleg for fullfinansiering.

Prosjektet har følgjande resultatmål:
Fleire berekraftige etableringar av føretak skipa av busette innvandrarar som leverer varer og tenester som ikkje fins i dag i Volda.

Vilkår for utbetaling av tilsegna:
Prosjektet må ikkje starte opp før finansieringa er i orden.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal nemnast som finansieringskjelde når det blir informert om prosjektet i media, til samarbeidspartar eller andre.

Reduksjon og inndraging av tilsegn
Dersom tilskotsmottakar ikkje oppfyller vilkåra som ligg til grunn for tilsegna, kan tilsegna falle bort eller bli redusert.

Det same gjeld dersom mottakar endrar planane som ligg til grunn for tilsegna. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbake. Endringar kan berre gjerast etter godkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Virketid for tilsegn
Tilsegna fell bort dersom Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har motteke oppmoding om utbetaling innan tilsegnsåret og dei tre påfølgjande åra.

Berre i heilt særskilte høve, og etter skriftleg søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune, kan tilsegn forlengast i inntil eitt år. Søknad om forlenging må sendast Møre og Romsdal fylkeskommune seinast den 1. november i det siste året tilsegna er gyldig.

Utbetaling, rekneskap og rapportering
Det skal førast spesifisert rekneskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at han kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna.

Tilskot kan berre utbetalast etterskotsvis.

Inntil 75 % av tilskotet kan bli utbetalt undervegs i prosjektperioden. Søknader om delutbetaling må innehalde spesifisert rekneskap som er sett opp på same måte som kostnadsoverslaget.

Når prosjektet er avslutta kan det søkast om sluttutbetaling. Med søknaden må det følgje:
- Sluttrapport, som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.
- Revisorgodkjend rekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige må få rekneskapen bekrefta av autorisert rekneskapsførar.

Alle søknader om utbetaling skal sendast inn via www.regionalforvaltning.no.

Tilskotsmottakar må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt attende eller etterbetalt.

42494/2016

Kontroll
Møre og Romsdal fylkeskommune, departementet og Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene.

Tilskotsmottakar pliktar å ta vare på rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp.

Klage
Tilskotsmottakar har etter forvaltningslova har rett til innsyn i saksdokument som ligg til grunn for vedtaket.

Tilskotsmottakar kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt. Klage kan sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga, Postboks 2500, 6404 Molde.

Med helsing

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Kristin Vestly
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

42494/2016

AKSEPT AV TILSEGN

Tilskot på inntil 500 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy

Tilsegn nr. 2016- 0077

Volda kommune har gjort seg kjend med, og aksepterer vilkåra for tilsegna.

Stad: ..... Dato: .....

Signatur: .....

Aksept av tilsegn skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune postboks 2500, Fylkeshuset, 6404 Molde, innan seks veker etter at tilsegnsbrev er mottatt.

Søknad

Søknadsnr.	2016-0077	**Søknadsår**	2016	**Arkivsak**	2016/5148
Støtteordning	Tilskot til utvikling av inkluderande lokalsamfunn				
Prosjektnavn	Entreprenørskap som intergrasjonsverktøy				

Kort beskrivelse
Volda kommune ynskjer i samarbeid med Volda Læringssenter, Frivilligsentralen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda Næringsforum å etablere ein ny modell for integrasjon der entreprenørskap står i fokus. Planen bygger vidare på innovasjonsarbeid som Volda kommune starta opp i 2015, m.a. med deltaking i Sunnmøre Regionråd sin innovasjonsskule i regi av Høgskulen på Lillehammer.

Prosjektbeskrivelse
2 Om fylkesplanen 3
3 Overordna prioriteringar 5
4 Gjennomgåande perspektiv 7
5 Innsatsområde Kultur 8
6 Innsatsområde Kompetanse og Verdiskaping 11
7 Innsatsområde Samferdsel 13
8 Gjennomføring av fylkesplanen 15

1 Forord

Møre og Romsdal – der bølger gir vekst er fylkestinget sin visjon for Møre og Romsdal.

Dette er eit naturleg val for eit fylke som i all tid har livnært seg på det havet har å gi, og som har vore i front med å lage skip, utstyr og teknologi som tåler varierande bølger.

No må vi ruste fylket til å tåle - og nytte – også nye bølgar som skyl inn over oss; den grøne bølga, teknologibølga, urbaniseringsbølga, eldrebølga – og innvandringsbølga.

Den regionale planlegginga er eit sentralt verktøy for å jobbe systematisk saman om desse utfordringane og moglegheitene. Møre og Romsdal har tradisjon for å meistre omstillingar, og den kulturen skal vi trekke veksel på no.

I Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 stakar vi ut kursen for utviklinga i fylket vårt dei nærmaste fire åra.

Kva som kjem etter desse fire åra knytt det seg no usikkerheit til. Ei regionreform med nye geografiske inndelingar og nye oppgåver skal tre i kraft frå 1.1.2020. Fylkestinget vedtok i april 2016 prosess og framdriftsplan for dette arbeidet. Fylkesutvalet sette ned forhandlingsutval og mandat i mai. Det skal gjennomførast både ei utgreiing og ei høyring som grunnlag til fylkestinget sitt vedtak i desember. Med bakgrunn i Stortinget sitt vedtak om oppgåver for det folkevalte regionale nivået no i vår, har vi tru på at også dette er ei reform som Møre og Romsdal kan komme godt ut av. Meir oppdatert informasjon vil vere tilgjengeleg når vi legg fram forslag til endeleg plan for fylkestinget i desember.

Den regionale utviklinga er avhengig av at mange spelar på lag, og fylkeskommunen skal vere både ein tydeleg medspelar og lagleiar når det trengst. Det skal vi gjere ved å gi retning, stimulere, kvalifisere og samordne bruken av ressursane i dette flotte fylket. Fylkeskommunen har også rolla som talerør for interesser i Møre og Romsdal opp mot nasjonale myndigheiter.

Dersom alle blir med og gjer ein innsats innan sine område – med skaparevne, kunnskap, kompetanse og økonomiske verkemiddel, vil vi i fellesskap kunne vere med på å oppfylle fylkesplanens visjon.

2 Om fylkesplanen

Heimla i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020

Regional planstrategi har erstatta fylkesplanen som det overordna styringsdokumentet på regionalt nivå. Planstrategien gir ei oversikt over dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover, og kva planar fylkeskommunen skal ha for å møte desse. Planstrategien viser også til dei nasjonale føringane som er gitt for den regionale planlegginga og korleis desse skal takast omsyn til i Møre og Romsdal.

Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 finn de her: www.mrfylke.no/rps

Regional planstrategi dekker eit breiare planområde enn det som er med i fylkesplanen. Eit stort ansvarsområde for fylkeskommunen – tannhelse – er til dømes lite omtalt i fylkesplanen. Det betyr ikkje at dette er mindre viktig for den regionale utviklinga eller at denne sektoren ikkje kan vere med å bidra til å nå måla i fylkesplanen. Det det betyr, er at dette er godt ivaretatt i Regional delplan for tannhelse.

I Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 har fylkestinget prioritert å ha ein overordna regional plan, Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Dette gir høve til å sjå utviklinga på ulike sektorar, forvaltningsnivå og kommunar under eitt, og bringe samen aktørar frå ei rekke ulike samfunnsområde.

Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket.

Fylkeskommunen har gjennom fylkesplanen ansvar for å:

- Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal
- Mobilisere og støtte dei regionale aktørane – i kommunar, regional stat, næringsliv, organisasjonar, FoU-miljø, kulturliv og lokalsamfunn
- Samordne verkemiddel og innsats

Kunnskapsgrunnlag

I kunnskapsgrunnlaget til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 blir det gjort greie for regionale utviklingstrekk på 15 samfunnsområde. Saman med Fylkesstatistikk, RISS, Kommunestatistikk, oversikt over folkehelsa og ikkje minst høyringsinnspela til den regionale planstrategien ligg det føre eit godt grunnlagsmateriale for fylkesplanprosessen. Det er i tillegg laga to oppdatert notat på områda arbeidsmarknad og innvandring.

Alle desse dokumenta er tilgjengelege på plan- og analyseavdelinga si nettside:
http://mrfylke.no/statistikk

Planprosess

Fylkesutvalet vedtok 14. mars 2016 oppstartmelding for revidering av fylkesplanen (sak U-27/16). Det er lagt vekt på brei intern og ekstern medverking i utabeiding av revidert plan. Det er oppretta ei ekstern ressursgruppe med aktørar som har kunnskap om svært mange av dei felta som fylkesplanen rører ved; samferdsel, kultur, utdanning, innvandring, næringsliv/arbeidsliv, frivillige organisasjonar, miljø, ungdom, eldre og funksjonshemma.

Revidering av fylkesplanen har vore tema i Regionalt planforum, på møte med Fylkesmannen si landbruksavdeling, i partnarskapet for verdiskaping og på regionale møte med kommunane om samferdsel.

Planen har vore arbeidd med både i ei internt fylkesplangruppe med rådgivarar frå alle avdelingar og i fylkesrådmanne si leiargruppe. Saka har vore tema på alle avdelingsmøta. Revidering av fylkesplanen har vore sett på sakskartet på møte i eldrerådet, ungdomspanelet, rådet for likestilling av funksjonshemma og i hovudutvala.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil halde høyringsmøter for innspel til Fylkesplan 2017-2020 i september. Opne høyringsmøter vil haldast:

6. september kl 12-15 i Kristiansund for kommunane på Nordmøre og Romsdal

8.september kl 12-15 i Ålesund for kommunane på Sunnmøre


Oppbygging av Fylkesplan for Møre og Romsdal

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Dei tre overordna prioriteringane er områder der fylkeskommunen saman med kommunane og andre regionale aktørar er utfordra til å ta nye grep for å gjere fylket meir attraktivt å bu i, drive næring i og besøke.

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemidlar til å påverke den regionale utviklinga.

Dei gjennomgåande perspektiva er viktige samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og staten – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgåande perspektiva skal takast omsyn til på alle innsatsområda i fylkesplanen, og i handlingsprogramma for iverksetting av desse.



3 Overordna prioriteringar

Dette er nokre utviklingstrendar - eller bølger - som i særleg grad utfordrar både samfunnet Møre og Romsdal og fylkeskommunen som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Samstundes ligg det store moglegheiter innafor dei same områda om ein lykkast med påverke utviklinga i ei positiv retning. I komande planperiode vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha ei særleg og tverrfagleg merksemd på følgande område:

- Integrering
- Omstilling
- Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar

Fylkestinget legg til grunn at fylkeskommunen, i tillegg til å samordne oss internt, skal samarbeide tett med andre samfunnsaktørar som kommunar, regionale statsetatar, næringsliv, FoU-miljø, organisasjonar og kulturaktørar på desse områda. Det skal vi m.a. gjere ved å nytte eksisterande nettverk og legge til rette for nye møteplassar og kompetansebygging. Det vil i planperioden også bli utvikla og gjennomført eigne prosjekt innafor desse områda.

Målsettingar for satsingane skal utarbeidast innafor dei enkelte prosjekt og sektorar og fylkeskommunen skal ha ei koordinerande rolle.

Integrering

Den store innvandringa dei seinare åra, og auka fokus på «utanforskap» er utgangspunkt for at integrering skal ha særeskild merksemd. Sjølv om arbeidsinnvandringa ser ut til å gå noko ned framover, aukar talet på flykningar og asylsøkarar. Kunnskapsbehovet i kommunane er stort, og her kan fylkeskommunen ta ei rolle som regional utviklingsaktør.

Aktuelle tema for samarbeid er:

- Korleis gjere innvandring til ein ressurs?
- Korleis få til raskt integrering i samfunnet?
- Korleis styrke entreprenørskap blant innvandrar?
- Korleis mobilisere integreringsarbeid blant frivillige organisasjonar?
- Korleis styrke barnehagar og skolar som integreringsarenaer?
- Korleis kople språk-/kulturopplæring og praksis i arbeidslivet?
- Korleis kople språkopplæring til fagbrev?
- Korleis sørge for god mobilitet for innvandrarar?
- Korleis motverke sosial ulikskap – få færre til å felle utafor samfunnet og få dei som gjer det raskare tilbake

Omstilling

Delar av næringslivet står overfor store omstillingar med bakgrunn i konjunkturar. Både næringsliv og offentleg sektor skal omstillast til lågutsleppssamfunnet. Samtidig pågår store strukturendringar innafor offentleg sektor, t.d. kommune-/regionreform, høgskulereform, sjukehus og ein aukande sentralisering/urbanisering i samfunnet.

Aktuelle tema for samarbeid er:

- Korleis legg vi til rette for auka omstillingsevne i næringslivet?

- Korleis styrke nytenking og entreprenørskap?
- Korleis utvikle og nytte nødvendig velferdsteknologi?
- Kva er dei beste strukturane innafor forsking og høgare utdanning for å nå våre samfunnsmål?
- Korleis sikre fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal?
- Korleis nytte moglegheitene som ligg i ny transportteknologi?
- Korleis nytte internasjonale verkemiddel til å nå regionale mål?

Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregioner

Verken innbyggarar eller næringsliv forheld seg til kommune- og fylkesgrenser i kvardagen. Integrerte og heilskaplege regionar, både når det gjeld arbeidsplassar, utdanning, servicefunksjonar, fritidstilbod, handel m.m. er ei sterk vekstkraft som skapar attraktivitet.

- Korleis kan vi vidareutvikle og utvide heilskaplege regionar gjennom samordna areal- og transportplanlegging?
- Korleis nytte både ressursane i distrikta og forsterke vekstimpulsane som ligg i urbanisering/sentralisering?
- Korleis kan infrastruktur – samferdsle, institusjonar, breiband m.m. medverke til meir attraktive regionar?
- Korleis gjer vi eigen ungdom og potensielle tilflyttarar kjent med våre bu- og arbeidsmarknadsregioner?
- Korleis sikrar vi ei by- og tettstadsutvikling som gir regional attraktivitet?

For meir kunnskap om integrering, omstilling og attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar i Møre og Romsdal, sjå;

- RISS 2016, www.mrfylke.no/RISS
- Notat om innvandrarar i Møre og Romsdal 2016: www.mrfylke.no/statistikk
- Notat om sysselsetting og næringsutvikling i Møre og Romsdal 2016: www.mrfylke.no/statistikk
- Fylkesstatistikk (ny kjem medio oktober), www.mrfylke.no/fylkesstatistikk
- Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020, www.mrfylke.no/utviklingstrekk
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader: www.mrfylke.no/senterstrukturplan
- FoI-strategi for Møre og Romsdal: : www.mrfylke.no/foistrategi

4 Gjennomgåande perspektiv

Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og statsetatane – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid og legge grunnlag for at fylkeskommunen skal kunne vareta sentrale formål i plan- og bygningslova.

I løpet av dei siste åra har fleire av desse samfunnsomsyna også fått eigne lovar. I 2011 fekk vi Folkehelselova og i 2013 kom Diskriminerings- og tilgjengelova. På miljøområdet har vi m.a. Forureiningslova, Naturmangfaldslova, Vassforskrifta og Akvakulturlova.

To av desse omsyna er vurderte som så viktige i Regional planstrategi for 2016-2020 at dei har sine eigne regionale delplanar; folkehelse og klima og energi. Desse planane legg grunnlag for god oppfølging av desse viktige samfunnsomsyna. I tillegg har folkehelse kome inn som del av innsatsområde kultur i denne planen. Det betyr ikkje at dette berre skal følgast opp på kultursektoren – det betyr berre at kulturavdelinga koordinere arbeidet.

Fylkestinget vidareførar tre gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen for 2017-2020:

- Klima og miljø
- Barn og unge
- Likestilling og inkludering

Klima og miljø

Natur- og kulturlandskapet i Møre og Romsdal er ein viktig ressurs for regional utvikling, og ein viktig faktor og ramme for sysselsetting, verdiskaping, busetnad og rekreasjon. Ein berekraftig arealpolitikk som tek omsyn til naturmangfaldet vil vere eit viktig verkemiddel for vidare utvikling i fylket. Økonomisk vekst er ein av dei viktigaste drivarane for areal- og energibruk. Alle avgjersler om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader og infrastruktur vil påverke natur, energiforbruk og utslepp i lang tid framover.

Klimaendringane vil sette samfunnet vårt på prøve, og det er viktig at vi både førebur oss på endringane og gjer vårt beste for å redusere omfanget av dei. For å nå dette målet må alle bidra til eit endra forbruksmønster. Barn og unge skal skape framtidas samfunn, og skulen har ei viktig rolle i dette arbeidet. Samstundes må både det offentlege og næringslivet medverke til at nye klimavenlege haldningar og teknologiske løysingar får gode rammevilkår allereie i dagens samfunn.

Førebygging av naturfarar og andre uønskte hendingar er særleg viktig i eit fylke med slik topografi som Møre og Romsdal, og vi må ha beredskap som reduserer skadeverknadene om noko likevel skulle skje.

Fylkestinget har i saka om regional planstrategi 2016-2020 vedtatt at klima og miljø skal halde fram som gjennomgåande perspektiv. Oppfølginga vil skje som del av handlingsprogrammet til Regional delplan for klima og energi. Klimaplanen tar opp tre utfordringar – korleis vi kan redusere utsleppa av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane.

Fylkesplanen skal bygge opp under målet i delplanen om at klimagassutsleppa i Møre og Romsdal skal, i forhold til utsleppa i 2009, reduserast med meir enn 10 prosent innan 2020.

Barn og unge

Barn og unge sin trivsel er viktig for framtidig busetting i fylket. Gode nærmiljø og moglegheiter til fritidsaktivitetar er naudsynt for å sikre barn og unge gode levekår, utviklingsmoglegheiter og trygge oppvekstmiljø.

Fylkeskommunen og kommunane pliktar å vareta barn og unges interesser i planlegginga. Kommunane har ei ordning med barnerepresentant – som fungerer varierande. Det er behov for klarare retningslinjer og innhald frå nasjonalt hald for ordninga. Fylkeskommunen vil prioritere opplæring av barnerepresentantane i kommunane.

Barn og unge skal kunne ta del i reelle politiske prosessar og få påverke sin eigen kvardag. Elevråd og ungdomsråd er viktige arenaer for demokratiopplæring. Ei fortsatt satsing på skolering og støtte til desse organa vil vere viktig framover.

Barn og unge er ei viktig målgruppe for dei fylkeskommunale tenestene og det er behov for godt tverrfagleg arbeid for å kunne koordinere og utvikle tilboda. To område som ungdomspanelet trekk fram er rådgivartenesta i vidaregåande skole og ei heilskapleg satsing på psykisk helse i skulen.

Likestilling og inkludering

Møre og Romsdal har lågare skår enn landsgjennomsnittet på 9 av 12 indikatorane i SSB sin likestillingsindeks. Arbeidsmarknaden er klart kjønnsdelt og det er eit tydelig kjønnsskille i jobbval, arbeidstid og løn. Fylkeskommunen vil prioritere tiltak som kan vere med å jamne ut desse skeivheitene.

Det er viktig å understreke at likestilling handlar om meir enn kjønn. Også eldre, funksjonshemma, innvandrarar og sårbare grupper er underrepresenterte på ei rekke samfunnsarenaer. Det må arbeidast for å inkludere desse gruppene i arbeids– og kvardagslivet. Både for den enkelte og for lokalsamfunna er det viktig å dra nytte av dei ressursane desse representerer. For innvandrarar er språkopplæring heilt sentralt her.

Det er grunnleggjande å oppnå likeverdige livsvilkår for personar med nedsett funksjonsevne mellom anna knytt til syn, hørsel, bevegelse og allergiar. Dei fysiske tilhøva skal vere utforma slik at dei i så stor utstrekning som mogleg kan brukast av alle utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Møre og Romsdal står ovanfor ei kraftig auke i delen eldre. Dette må takast omsyn til i fylkeskommunal og kommunal planlegging, m.a. ved utdanning og rekruttering av helse- og omsorgspersonell. Fylkeseldrerådet trekk òg fram betydninga av gode transporttilbod og aktivitets- og kulturtilbod.

For meir kunnskap om dei gjennomgåande perspektiva, sjå

- «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020»: www.mrfylke.no/rps
- Handbok for arbeid med dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen: www.mrfylke.no/fylkesplan
- Fylkesstatistikk (ny kjem medio oktober), www.mrfylke.no/fylkesstatistikk
- Regional delplan for klima og energi: www.mrfylke.no/klimaplan
- Regional delplan for folkehelse: www.mrfylke.no/folkehelseplan

5 Innsatsområde Kultur

Kultur – drivkraft for regional utvikling

Regionar, både i Noreg og Europa, som har lukkast med å fornye og vitalisere samfunn og næringsliv, har knytt kulturutvikling saman med breie strategiar for kompetansebygging, verdiskaping og regional utvikling.

Kulturområdet skal vere ei drivkraft for å gjere store og små lokalsamfunn i Møre og Romsdal attraktive for innbyggarar og tilreisande. Vi skal ha eit aktivt kulturliv som skaper deltaking, opplevingar, tilhøyre, identitet og god folkehelse.

Kulturaktivitet, deltaking og oppleving i perspektiv av likeverd og inkludering for den einskilde må stå i sentrum. Kulturaktivitet- og opplevingar er ein berebjelke for lokal identitet, trivsel og utvikling.

Kultursektoren er ei næring som skaper arbeidsplassar, skatteinntekter og etterspurnad frå andre aktørar. Betydeleg økonomisk verksemd er også direkte eller indirekte knytt til kulturaktivitet, gjennom t.d. tilskot, privat forbruk av kulturaktiviteter og kulturrelaterte varer og tenester. Økonomisk verdiskaping på kulturfeltet har store ringverknadar for samfunnet på grunn av samspelet mellom kultur, kulturelle næringar, bulyst og stadidentitet. Kulturtilbod og kulturverksemder bidreg til utvikling av attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling, ein mangfaldig arbeidsmarknad, verdiskaping og busetting.

Kulturformidling

Møre og Romsdal har et variert kulturliv, og svært mange nyttar dei kultur- og fritidstilboda som er tilgjengelig. Kulturpendlinga er stor, og går i alle retningar i fylket. Tilboda i byane er likevel viktige trekkplastre. Å vidareutvikle kulturinstitusjonane vil vere viktig også i åra som kjem.

Kulturlivet består både av profesjonelle og frivillige aktørar. Kulturinstitusjonar, frie kunstnarar og kulturskulane er døme på det profesjonelle kulturlivet. Eit breitt spekter av frivillige organisasjonar tek i vare og utviklar store delar av kulturlivet i fylket, både på eigenhand og i samarbeid med det profesjonelle. Felles for suksessen til begge partar er tilgang på gode lokale for øving, produksjon og visning.

Folkehelse og fysisk aktivitet

Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer i lokalsamfunna der vi lever våre liv, og legg grunnlaget for helsa vår. Deltaking i sosiale fellesskap, gode moglegheiter for fysisk aktivitet i nærmiljøet og sunt kosthald er viktige faktorar som påverkar helsetilstanden.

Idrett og friluftsliv er viktig for mange av innbyggarane sin livskvalitet. Møre og Romsdal har eit mangfald av idrettsanlegg og ei idrettsrørsle som er god både i topp og i breidde. Friluftslivet er i sterk vekst, særleg friluftslivet i nærleiken av der folk bur.

Bibliotek

Biblioteka skal vere ein formidlar av kunnskap og kultur, ein stad for oppleving og inkludering, ein offentleg debattarena og ein møteplass. Det moderne biblioteket skal vere ein digital ressurs og ein læringsstad. Forpliktande samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune vil vere viktig for å kunne innfri samfunnsoppdraget.

Kulturarv

Møre og Romsdal har ei rik kulturhistorie, og kulturarven er viktig for å bygge identitet, fellesskap, skape attraktivitet og som grunnlag for næringsutvikling. Verdifulle kulturminne og kulturmiljø er samtidig ein ikkje-fornybar ressurs, både til kunnskap og opplevingar, og det er viktig å forvalte denne kulturarven gjennom representativt vern, god tilrettelegging og spennande formidling.

Frivillig engasjement

Frivillig engasjement er sjølve føresetnaden for fylket sitt kulturliv. Frivillige lag og organisasjonar gjev tilbod gjennom tilrettelagt aktivitet, kor glede, meistring, inkludering, rekreasjon og gode opplevingar er kjerneverdiar. Frivillig sektor vil framleis vere ein av dei mest sentrale aktørar for vidare regional utvikling.

Hovudmål kultur 2017-2020

1. Frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna
2. Utvikle, formidle og ta vare på kulturarven som kjelde til opplevelse, kunnskap og bruk
3. Kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet og for alle
4. Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god fysisk og psykisk helse
5. Biblioteka skal vere aktive formidlarar av kunnskap og kultur, ein uavhengig møteplass og debattarena

Hovudmåla blir konkretisert med resultatmål og tiltak i Handlingsprogram kultur, som blir rullert årleg.

For meir kunnskap om kulturområdet i Møre og Romsdal, sjå;

- «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020»: www.mrfylke.no/utviklingstrekk
- Rapportering på Handlingsprogram kultur 2015: www.mrfylke.no/handlingsprogram
- Regional delplan for kulturminne: www.mrfylke.no/kulturminneplan
- Regional delplan for folkehelse: www.mrfylke.no/folkehelseplan
- Oversikt over folkehelse i Møre og Romsdal: www.mrfylke.no/folkehelsestatistikk
- Planprogram Regional delplan for musea: www.mrfylke.no/museumsplan

6 Innsatsområde Kompetanse og Verdiskaping

Urbanisering og attraktivitet

Ein stadig større del av verdas befolkning bur i by. Denne urbaniseringstrenden gjeld og for Møre og Romsdal der det er byane og dei største tettstadane som veks i folketal. Skal Møre og Romsdal konkurrere om folk og funksjonar med resten av landet, må vi bygge attraktive byar og tettstader. Dei tre største byane Ålesund, Molde og Kristiansund har ein særskilt viktig regional rolle i sin region når det gjeld busetting, arbeidsplassar, kultur- og fritidsaktivitet, handel, samferdsel og utdanning.

Utvikling av attraktive byar og tettstader er komplekst. Men fylkeskommunen har fagfolk og virkemiddel innan planlegging, samferdsel, arkitektur, kultur og næringsutvikling, og vi har gjennomføringskraft både som planmynde, utviklar av fylkeskommunane eigedomar og ved bruk av økonomisk støtte for å støtte opp om utviklinga.

Internasjonalt konkurransedyktig næringsliv

Næringslivet i fylket har basis i ressursbaserte næringar og industriell produksjon bygd på erfaringsbasert kunnskap. Bedriftene er i global konkurranse og må i stadig sterkare grad levere kunnskapsbasert produksjon og tenesteyting, og klimaendringar og digitalisering gjer at bedriftene vert utfordra på både omstillingshastigheit, nye produksjonsmåtar og forretningsmodellar. I tett samarbeid med næringsliv og akademia er det ved inngangen til fylkesplanperioden laga ein forsking- og innovasjonsstrategi som gir retning for kva vi skal prioritere for å utløyse utviklingspotensialet framover.

Fleksibelt utdanningssystem og betre gjennomføring

Dynamiske regionar er prega av sterke kompetansemiljø, nyskaping og entreprenørskap. Oppvekst- og utdanningssystemet i Møre og Romsdal skal opplevast som attraktivt og godt tilrettelagt for brukarane, og skulane skal levere kompetanse som arbeidslivet har bruk for.

Krav til kompetanse i arbeidslivet har endra seg mykje dei siste tiåra, og dette gjer arbeidet med betre gjennomføring i den vidaregåande opplæringa svært viktig. I betre gjennomføring ligg både at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, men og at elevane fullfører med høgare kunnskapsnivå. Ein viktig føresetnad for å auke gjennomføringa er god tilgang til lære- og opplæringsplassar i privat og offentlege sektor. God karrierrettleiing og rådgiving skal gi målgruppa innsikt i dei mulegheitene som finst i arbeidslivet i fylket.

Entreprenørskap – for omstilling og nyskaping

Entreprenørskap er for å stimulere til nyskaping og omstilling i bedrifter og samfunnet i Møre og Romsdal. Forsking viser at sjansen for å starte eiga bedrift er større for dei som har vore gjennom entreprenørskapsundervisning i skulen. I Møre og Romsdal bør alle elevar og studentar ha tilgang til praktisk entreprenørskapsutdanning.

Møre og Romsdal har ei unik førstelinjeteneste, hoppid.no, som er ei heilskapleg satsing på nyskaping, frå skuleeleva til knoppskytingar retta mot globale marknader. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, Innovasjon Norge og Fylkesmannen.

Berekraftig bruk av naturressursar gjer verdiskaping

Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane og gjennom det skape grunnlag for verdiskaping der vi har våre fortrinn. Dei naturgitte fortrinna til Møre og Romsdal er i hovudsak knytt til nærleiken til havet og dei ressursane som finst der. God forvaltning og effektiv bruk av ressursane i havrommet har gjort regionen til eit marint og maritimt tyngdepunkt. Møre og Romsdal har og stor

næringsmiddelproduksjon, og i skjeringspunktet mellom blå og grøn sektor ligg det potensiale for å kople ulike kunnskapsstrømmer og utløyse meir verdiskaping basert på naturressursane.

Hovudmål

1. Møre og Romsdal skal ha attraktive byregionar og tettstadar

2. Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv

3. Møre og Romsdal skal ha levande lokalsamfunn med lokalt forankra næringsliv og gode bu- og oppvekstmiljø

4. Møre og Romsdal skal ha eit fleksibelt utdanningssystem som møter utfordringane i arbeidslivet og fører til verdiskaping, nytenking og inkludering

5. Møre og Romsdal skal ha betre gjennomføring i vidaregåande opplæring

6. Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane

Hovudmåla blir konkretisert med resultatmål og tiltak i Handlingsprogram kompetanse og verdiskaping, som blir rullert årleg.

For meir kunnskap om kompetanse- og verdiskapingsområdet i Møre og Romsdal, sjå;

- «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020»: www.mrfylke.no/utviklingstrekk
- Rapportering på Handlingsprogram verdiskaping og Handlingsprogram kompetanse 2015: www.mrfylke.no/handlingsprogram
- Temp: www.mrfylke.no/temp
- FoI-strategi for Møre og Romsdal: www.mrfylke.no/foistrategi
- Regional delplan for klima og energi: www.mrfylke.no/klimaplan
- Regional plan for vassforvaltning: www.mrfylke.no/vassforvaltningsplan
- Kvalitetsplan for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019: www.mrfylke.no/utdanning

7 Innsatsområde Samferdsel

Samferdsel – nøkkel til vekst og årsak til miljøbelastningar og risiko

God samferdsel er ein føresetnad for både økonomisk vekst og velferdsauke i samfunnet. Utvikling av det totale samferdseltilbodet er ein nøkkel for å utvide og styrke bo- og arbeidsmarknadsregionane. Samstundes inneber transport store miljøbelastningar og stor risiko som må minimerast.

Kollektivtrafikk

Eit av dei viktigaste ansvarsområda fylkeskommunen har innanfor samferdsel, er utvikling og drift av heile kollektivtilbodet, både på innkjøp og inntektssida frå 2017. Eit godt samanhengande kollektivtilbod er ein av nøklane for å nå eit samfunn med lågare klimautslepp, betre arealbruk og meir effektiv transport. Modernisering av tilbodet gjennom t.d. nettbetaling, mobilløysingar og sanntidsinformasjon m.m. skjer gjennom merkevara FRAM. Tilbodet i byane må aukast gjennom høgare frekvens, effektive trasear og framkome, gode haldeplassar og terminalar. Fleksible tilpassa tilbod er viktig i distrikta.

Ferjetrafikken

Ferjetrafikken har sterk vekst, og veks meir enn vegtrafikken. Det er kapasitetsproblem i rushtrafikken på fleire samband. Utfordringa er å få auka økonomiske rammer til å betre ferjetilbodet på fleire strekningar for å gi dei reisande eit betre tilbod. Den høge trafikken kan gi grunnlag for solide inntekter når tilbodet er godt tilpassa etterspørselen. Her ligg det og moglegheiter i å nytte takstsystemet til å styre trafikkstrømmane, og stimulere til meir miljøvennlege reisevaner. Det er viktig framover å legge gode og framtidsbaserte analysar til grunn i anboda, som også kan danne grunnlag for endra inntektssystem på ferje, som i større grad tek omsyn til trafikkmengdene. Nye billetteringssystem er under utvikling nasjonalt. I tillegg er det behov for nye ferjer fordi deler av ferjeflåten er utdatert.

Transportsystem på veg

Transportsystemet på veg må utviklast både gjennom investeringar i nybygging og utbetringar, og gjennom framtidsretta vedlikehald og drift som medverkar til effektivt og trygt framkome. Vedlikehaldsgapet på veg er stort, berekna til minst 5,6 milliardar på fylkesvegnettet, og er størst på tunnelane, bruene og ferjekaiene. Det må større økonomiske rammer og nye modellar for drift- og vedlikehald på plass for å løyse dette. Tilrettelegging for dei mjuke trafikantane er svært viktig, både ut frå eit miljøperspektiv, folkehelseperspektiv og i forhold til arealbruk.

Miljøutfordringar

Totale utslepp av klimagassar i Norge frå samferdsel aukar stadig, og Møre og Romsdal er ikkje noko unntak. Skal klimamåla bli innfridd, må det arbeidast målretta i samferdselssektoren. Det å få fleire til å reise kollektivt, sykle og gå, vil vere eit viktig bidrag til å få ned utsleppa, og her er det spesielt i byane vi kan skape endringar som gir effekt. God og samordna areal- og transportplanlegging er systemarbeid det er viktig å lukkast med over tid, også med tanke på bevaring av biologisk mangfald. I tillegg kan teknologiutviklinga hjelpe oss gjennom utslippsfri framdriftsteknologi, og intelligente transportsystem (såkalla ITS) som kan gi ein meir saumlaus og barrierefri transport av både personar og gods.

Trafikktrygging

Fylkeskommunen har ansvaret for ulykkessituasjonen på fylkesvegar- og ferjer, og arbeider med trafikktrygging i form av haldningsskapande arbeid og med fysisk tilrettelegging. Ulykkessituasjonen svingar i forhold til tal drepne og hardt skadde per år, men tendensen er ein nedgang over tid.

Haldningsarbeid, spesielt mot unge, samt fysisk trafikksikker utforming av vegnettet ser ut til å gje gode resultat. Dette arbeidet må utviklast vidare.

Hovudmål

Også i denne planperioden vil Samferdsel ha ein lengre planhorisont enn fylkesplanen, fordi måla for Samferdsel byggjer på Handlingsplan Samferdsel 2013 – 2022. Måla for innsatsområdet er som følgjer:

1. Kollektivandelen skal aukast, og tilbodet skal vere attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget

2. Moglegheitene i ferjetrafikken skal utnyttast og tilbodet skal ha tilpassa kapasitet og enkle betalingsløysingar

3. Transportsystemet skal utviklast og haldast ved like, samt vere effektivt, tilgjengeleg og trafikksikkert for alle typar trafikkantar

4. Transportsektoren skal omstillast mot eit samfunn med lågutslepp og overgang til fornybar energi, og negative miljøkonsekvensar skal minimaliserast

5. Ferjeavløysing kan vurderast på alle fjordkryssingar, då fastlandsamband både er samfunnsnyttige og skapar vekst og utvikling i samfunnet generelt

6. Transportulykker med drepne og hardt skadde skal reduserast ytterlegare - ned mot det nasjonale målet om 350 personar i 2030

7. Gang- og sykkelvegnettet skal byggjast ut som eit verkemiddel for å betre framkomme, trafikksikring, folkehelse og klima

Hovudmåla blir konkretisert med resultatmål og tiltak i Handlingsprogram samferdsel, som blir rullert årleg.

For meir kunnskap om samferdselsområdet i Møre og Romsdal, sjå:

- «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal 2016-2020»: www.mrfylke.no/utviklingstrekk
- Rapportering på Handlingsprogram samferdsel 2015: www.mrfylke.no/handlingsprogram
- Grunnlagsdokument (strategiar) til innsatsområde samferdsel: www.mrfylke.no/samferdselsplanlegging

8 Gjennomføring av fylkesplanen

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 skal følgjast opp og konkretiserast gjennom handlingsprogram for kvart innsatsområde. Desse skal rullerast årleg. Handlingsprogramma skal sikre god samanheng mellom plan, verkemiddel og gjennomføring. Det inneber at handlingsprogramma blir tett kopla med økonomiplanen og budsjett.

Gjennomføring av planen er avhengig av eitt breitt samarbeid mellom mange partar. Skal planen vere eit verktøy for regional utvikling må den kople saman ulike sektorar, forvaltingsnivå, verkemiddel og aktørar.

Handlingsprogramma til Fylkesplan 2017-2020 skal utarbeidast i partnarskap mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen og statlege etatar på regionalt nivå, kommunar, næringsliv, forskings- og utdanningsinstitusjonar, kulturlivet og andre partar. Desse bør og vere kopla på ved den årlege rulleringa av handlingsprogramma.

Dei overordna prioriteringane i fylkesplanen vil på same måte som handlingsprogramma bli følgt opp gjennom samarbeid og i nettverk med andre samfunnsaktørar. Det vil i planperioden både bli utvikla og gjennomført eigne prosjekt innafor desse områda, samt at dei vert prioritert i dei ulike sektorane fylkeskommunen har ansvar for. Fylkeskommunen skal ha ei koordinerande rolle.

Dei gjennomgåande perspektiva skal følgjast opp i handlingsprogramma ved at det for kvart tiltak skal markerast kva gjennomgåande perspektiv som må takast omsyn til. Handbok for arbeidet med dei gjennomgåande perspektiv vil bli oppdatert. Denne vil m.a. bli nytta i opplæring i saksbehandling. I samband med revidering av planen er det nedsett interne tverrfaglege arbeidsgruppe for likestilling/inkludering og barn og unge, koordinert av plan- og anslyseavdelinga. Arbeidsgruppene vil ha jamlege møte for å følgje opp dei gjennomgåande perspektiva.

Det vil bli utarbeidd eit forenkla sett med måleindikatorar for å kunne vurdere i kva grad måla er nådd ved slutten av planperioden.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6404 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
www.mrfylke.no

VOLDA KOMMUNE
Rådmann

NOTAT

Formannskapet

Sak: Regionreforma

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/590	*8614/2016*	*026*	*ADM/RUNSJU*	*12.07.2016*

UTGREIING AV FYLKESMANNEN SIN FRAMTIDIGE STRUKTUR – INNSPELSRUNDE

Eg syner til vedlagte skriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 07.07.16 og føreels rapport frå prosjektgruppa i Statsforvaltningsavdelingen som utgreier framtidig struktur for fylkesmannen. Den førebelse rapporten er sendt ut til ulike instansar for ei innspelsrunde før utarbeiding av endeleg rapport.

Utdrag frå skrivet:
«Sentralt for drøftingen av egenskaper og konsekvenser av de tre modellene er å vurdere hvordan den enkelte modell sikrer at fylkesmannens rolle og hovedfunksjoner kan ivaretas på best mulig måte. Følgende modeller drøftes:

- *Konsolideringsmodell som innebærer mindre endringer av dagens struktur (14-17)*
- *Regionmodell som innebærer et antall mellomstore embeter (8-13)*
- *Landsdelsmodell som innebærer et antall store embeter på landsdelsnivå (4-7)*

KMD vil understreke at de tabellene som er angitt i rapportens kapittel 6 ikke er konkrete forslag til inndelinger, men kun eksempler på ulike alternativer som illustrerer forskjellige karakteristika ved modellene.

I den samlede vurderingen av modellene legges det vekt på at fremtidig struktur for fylkesmannen skal være fremtidsrettet og ha bærekraft i møte med nye og endrede oppgaver. Den skal også være robust sett i relasjon til en endret kommunestruktur i et langsiktig perspektiv. På den bakgrunn mener prosjektgruppen at regionmodellen er den av modellene som best forener de viktigste hensyn som en inndeling av fylkesmannen skal ivareta. Den legger strukturelle forutsetninger for økt faglig bærekraft, funksjonalitet, stordriftsfordeler, samordning i regional stat og harmonisering med fremtidig regionalt folkevalgt nivå. Modellen kan også representere en robust løsning for de endringer i kommunestrukturen som kan komme på både kort og lenger sikt.»

Sunnmøre regionråd vil tilretteleggje for prosessar i samband med regionreforma. Rådmannen ser det som naturleg at også fylkesmannsstrukturen vert sett i samanheng med desse prosessane.

Formannskapet får vurdere om de i samband med at dette notatet står på sakslista vil kome med tidleg innspel til den førebelse rapporten.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi:
Sunnmøre regionråd

DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Se liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	14/7756-51	07.07.2016

Utredning av fylkesmannens fremtidige struktur - utsendelse av foreløpig rapport på bred innspillsrunde

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender med dette på en bred innspillsrunde en foreløpig rapport fra prosjektgruppen i Statsforvaltningsavdelingen som utreder fremtidig struktur for fylkesmannen. Den foreløpige rapporten inneholder ikke konkrete anbefalinger og er ikke behandlet politisk i KMD.

Mandatet for utredningen har vært å utrede ulike modeller for fylkesmannen struktur, avgrenset til geografisk inndeling av embetene. Siden utredningen foregår parallelt med kommune- og regionreformene, drøftes modellene blant annet i lys av ulike scenarier for kommune- og regionstruktur.

Den foreløpige rapporten vil bli videre bearbeidet i høst, blant annet i lys av innkomne innspill og resultatene i de parallelle prosessene så langt. Utredningen skal foreligge før årsskiftet.

1. Bakgrunn

Regjeringen besluttet høsten 2014 at KMD skulle gjennomføre en utredning av fremtidig struktur og størrelse for fylkesmannen. Målsettingen med arbeidet er at utredningen skal gi departementet et godt grunnlag for å vurdere hva som er hensiktsmessig inndeling av embetene gitt de oppgaver og roller fylkesmannen skal ivareta i forvaltningen nå og i tiden fremover. En prosjektgruppe bestående av representanter for KMD og et eksternt analysemiljø (NIVI Analyse) har stått for arbeidet med utredningen. KMD har i tillegg oppnevnt en referansegruppe bestående av fylkesmannens oppdragsdepartementer og representanter fra embetsledelsen hos fylkesmannen til å følge arbeidet.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
NO-N-0030 OSLO
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59

http://www.kmd.dep.no/

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Statsforvaltningsavdelingen

Saksbehandler
Synnøve K. Bøen

Bakgrunnen for å igangsette utredningen var at kommunereformen og en endret kommunestruktur med færre og mer robuste kommuner åpner for å vurdere fylkesmannsembetets geografiske inndeling. Kommunene er fylkesmannens viktigste brukere og samarbeidspartnere og det er et viktig mål at stat og kommune skal fungere best mulig sammen. Også andre reformprosesser og utviklingstrekk i forvaltningen har aktualisert behovet for en vurdering av inndelingen av fylkesmannen. Det skal gjennomføres en regionreform der målet er om lag ti nye folkevalgte regioner med en sterkere samfunnsutviklerrolle og nye oppgaver. Betydelige endringer i inndelingen av en rekke regionale statsetater i løpet av de siste 15-20 år har også medført endrede rammebetingelser for fylkesmannens samhandling og samarbeid med disse etatene.

2. Utredningens hovedinnhold og anbefalinger

Utredningen består av fire hoveddeler. Først gjennomføres det en prinsipiell vurdering av spesifikke inndelingsbehov knyttet til fylkesmannens roller og oppgavetyper. Deretter følger en gjennomgang og analyse av dagens embeter mht. geografiske forhold, ressursbruk og kompetanse. Så gis det en drøfting av aktuelle reformprosesser og betydningen av disse for inndelingen av fylkesmannen. I siste del av utredningen skisseres og drøftes tre hovedmodeller for framtidig inndeling av embetene. De tre hovedmodellene utgjør ikke konkrete inndelingsforslag, men representerer mulige hovedløsninger med ulike egenskaper for å møte eksisterende og framtidige utfordringer og behov. Antall embeter i hver hovedmodell angis innenfor et intervall. Sentralt for drøftingen av egenskaper og konsekvenser av de tre modellene er å vurdere hvordan den enkelte modell sikrer at fylkesmannens rolle og hovedfunksjoner kan ivaretas på best mulig måte. Følgende modeller drøftes:

- Konsolideringsmodell som innebærer mindre endringer av dagens struktur (14-17)
- Regionmodell som innebærer et antall mellomstore embeter (8-13)
- Landsdelsmodell som innebærer et antall store embeter på landsdelsnivå (4-7)

KMD vil understreke at de tabellene som er angitt i rapportens kapittel 6 ikke er konkrete forslag til inndelinger, men kun eksempler på ulike alternativer som illustrerer forskjellige karakteristika ved modellene.

I den samlede vurderingen av modellene legges det vekt på at fremtidig struktur for fylkesmannen skal være fremtidsrettet og ha bærekraft i møte med nye og endrede oppgaver. Den skal også være robust sett i relasjon til en endret kommunestruktur i et langsiktig perspektiv. På den bakgrunn mener prosjektgruppen at regionmodellen er den av modellene som best forener de viktigste hensyn som en inndeling av fylkesmannen skal ivareta. Den legger strukturelle forutsetninger for økt faglig bærekraft, funksjonalitet, stordriftsfordeler, samordning i regional stat og harmonisering med fremtidig regionalt folkevalgt nivå. Modellen kan også representere en robust løsning for de endringer i kommunestrukturen som kan komme på både kort og lenger sikt.

KMD ber om at mottakerne av den foreløpige rapporten særlig vurderer de tre hovedmodellene som skisseres i rapporten og modellenes egenskaper sett fra egen synsvinkel. KMD ber også om tilbakemelding på eventuelle feil eller mangler i rapporten. Departementene kan vurdere om det er andre underliggende virksomheter enn de som står på mottakerlisten som bør gis anledning til å komme med innspill til den foreløpige rapporten.

Det vises til vedlagte foreløpige rapport og et fyldig sammendrag for en mer grundig redegjørelse av prinsipper for inndeling, modeller og begrunnelser for modellvalg samt vurderinger av konsekvenser og egenskaper.

3. Frist for innspill

Departementet ber om at eventuelle merknader og innspill til den foreløpige rapporten sendes elektronisk til: postmottak@kmd.dep.no.
Merknader kan også sendes til:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep,
0032 Oslo

Spørsmål om utredningen kan rettes til prosjektgruppen ved spesialrådgiver Øivind Christoffersen på e-post: Oivind.Christoffersen@kmd.dep.no eller seniorrådgiver Synnøve Bøen på e-post: Synnove-Karin.Boen@kmd.dep.no.

Med vennlig hilsen

Med hilsen

Svein Berbu (e.f.)
avdelingsdirektør

Synnøve K. Bøen
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Departementene
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Statens sivilrettsforvaltning
Miljødirektoratet
Landbruksdirektoratet
Helsedirektoratet
Statens helsetilsyn
Utdanningsdirektoratet
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
Barne- ungdoms- og familiedirektoratet
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Riksantikvaren
Arbeidstilsynet
Senter for IKT i utdanningen
Statped
Fylkesmannsembetene
Sysselmannen på Svalbard
Kommunene
Fylkeskommunene
Sametinget
KS
Virke
SPEKTER
NHO
LO - stat
Akademikerne
YS - stat
Unio
Den norske legeforening
Econa
Fagforbundet
Fellesorganisasjonen
Forskerforbundet
Naturviterne
Norges Ingeniør- og Teknologiorganisasjon
Norges Juristforbund
Norsk lektorlag
Norsk Sykepleierforbund
Parat
Samfunnsviterne
Samfunnsøkonomene
Tekna
Utdanningsforbundet

Akademikerforbundet
NTL
Fellesforbundet
Norsk institutt for naturforskning
Norges naturvernforbund
SABIMA
Norges jeger og fiskerforbund
Norsk friluftsliv
Verdens naturfond
Natur og ungdom
Miljøstiftelsen Bellona
Norges Skogeierforbund
Bondelaget
Norsk bonde- og småbrukarlag
Norskog
Statskog SF
Treforedlingsindustriens bransjeforening
Treindustrien
Maskinentreprenørenes Forbund
Norsk Allmenningsforbund
Norges Fjellstyresamband
Det norske Skogselskap
Norske reindriftsamers landsforbund (NRL)
Universitets- og høgskolerådet
Norsk Montessoriforbund
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
Steinerskoleforbundet
Voksenopplæringsforbundet
Private barnehages Landsforbund
Kristne Friskolers Forbund
Elevorganisasjonen

Utredning av fylkesmannens fremtidige struktur

Foreløpig rapport fra prosjektgruppen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2016

Pr. 05.07.2016

Innhold

1. SAMMENDRAG 3

2. BAKGRUNN FOR UTREDNINGEN 18
- 2.1 Bakgrunn og formål 18
- 2.2 Mandat 18
- 2.3 Organisering av arbeidet 19
- 2.4 Avgrensing og fortolkning av mandatet 20

3. HENSYN OG PRINSIPPER FOR INNDELINGEN 22
- 3.1 Historisk bakgrunn 22
- 3.2 Inndelingen skal understøtte sentrale roller for fylkesmannen 24
- 3.3 Oppgavetyper og inndelingsbehov 27
- 3.4 Effektiv forvaltningsstruktur 31
- 3.5 Inndeling av folkevalgt regionalt nivå 32
- 3.6 Mål og prinsipper for inndelingen 34
- 3.7 Lokaliseringshensyn 35

4. BESKRIVELSE OG ANALYSE AV DAGENS FYLKESMANNSEMBETER 38
- 4.1 Dagens organisering og ressursbruk 38
- 4.2 Dagens samhandlingsmønster 47
- 4.3 Analyse kompetanse, kapasitet og oppgaveløsning 56
- 4.4 Regional avstandsanalyse 68
- 4.5 Samsvarsanalyse for regional statsforvaltning 70

5. UTVIKLINGSTREKK OG REFORMER 75
- 5.1 Behovet for reformer i offentlig forvaltning 75
- 5.2 Kommunereformen 75
- 5.3 Regionreformen 76
- 5.4 Statlige sektorreformer 77
- 5.5 Endringer i statlig styring av kommunene og fylkesmannens rolle 80
- 5.6 Nordiske reformprosesser 81

6. TRE HOVEDMODELLER FOR FRAMTIDIG INNDELING 86
- 6.1 Analytisk ramme 86
- 6.2 Konsolideringsmodellen 87
- 6.3 Regionmodellen 91
- 6.4 Landsdelsmodellen 94
- 6.5 Kompenserende tiltak for å motvirke avstandsulemper 97

7. SAMLET VURDERING AV MODELLENE 98

8. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSER 100

Status for den foreløpige rapporten

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender med dette på en bred innspillsrunde en foreløpig rapport fra prosjektgruppen i Statsforvaltningsavdelingen som utreder fremtidig struktur for fylkesmannen. Den foreløpige rapporten inneholder ikke konkrete anbefalinger og er ikke behandlet politisk i KMD.

Mandatet for utredningen har vært å utrede ulike modeller for fylkesmannen struktur, avgrenset til geografisk inndeling av embetene. Siden utredningen foregår parallelt med kommune- og regionreformene, drøftes modellene blant annet i lys av ulike scenarier for kommune- og regionstruktur.

Den foreløpige rapporten vil bli videre bearbeidet i høst, blant annet i lys av innkomne innspill og resultatene i de parallelle prosessene så langt. Utredningen skal foreligge før årsskiftet.

1. Sammendrag

Bakgrunn og mandat

Regjeringen besluttet våren 2015 at Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) skal gjennomføre en utredning av fremtidig struktur og størrelse for fylkesmannen. Målsettingen med arbeidet er at utredningen skal gi departementet et godt grunnlag for å vurdere hva som er hensiktsmessig inndeling av embetene gitt de oppgaver og roller fylkesmannen skal ivareta i forvaltningen nå og i tiden fremover. Det har vært nedsatt en referansegruppe med deltagelse fra fylkesmannens fagdepartementer og fra embetene selv som har fulgt arbeidet. Prosjektledelsen er ivaretatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Bakgrunnen for å igangsette utredningen var at kommunereformen og en endret kommunestruktur med færre og mer robuste kommuner åpner for å vurdere fylkesmannsembetets geografiske inndeling. Kommunene er fylkesmannens viktigste brukere og samarbeidspartnere og det er et viktig mål at stat og kommune skal fungere best mulig sammen. Også andre reformprosesser og utviklingstrekk i forvaltningen har aktualisert behovet for en vurdering av inndelingen av fylkesmannen. Det skal gjennomføres en regionreform som innebærer at dagens fylkeskommune blir erstattet med større folkevalgte regioner med utvidete oppgaver. Betydelige endringer i inndelingen av en rekke regionale statsetater i løpet av de siste 15-20 år har også medført endrede rammebetingelser for fylkesmannens samhandling og samarbeid med disse etatene.

Mandatet for utredningen har vært å utrede ulike modeller for fylkesmannen struktur, avgrenset til geografisk inndeling av embetene med utgangspunkt i sannsynlige scenarier for kombinasjoner av ny kommunestruktur og ny fylkesstruktur. Det skal i den sammenheng vurderes hvordan den enkelte modell sikrer at fylkesmannens rolle og hovedfunksjoner ivaretas.

For å svare på mandatet er arbeidet med utredningen gjennomført i fire steg: (1) En prinsipiell vurdering av inndelingsbehov knyttet til fylkesmannens roller og oppgavetyper (2) En gjennomgang og analyse av dagens embeter mht. geografi, ressursbruk og kompetanse. (3) En drøfting av aktuelle reformprosesser og betydningen av disse for inndelingen, og 4) En konkret vurdering av egenskaper og mulige konsekvenser av tre hovedscenarioer:

- Mindre endringer av dagens struktur
- Et antall mellomstore embeter
- Et antall store embeter

Hensyn som skal ivaretas

I kapittel 3 gis det innledningsvis en historisk gjennomgang av sammenhengen mellom fylkesinndelingen og fylkesmannsinstitusjonen. To trekk ved utviklingen poengteres. For det første viser den historiske gjennomgangen at fylkene og inndelingen av dem opprinnelig var ment for statlige styringsformål. Etablering av en statlig representant på fylkesnivå ble tidlig ansett som nødvendig for å sikre sammenheng i politikken i hele landet.
